



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd

Tid: 11.02.2026 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Mirjam Håland Igland	geistleg representant
Stian Skorgen Scheide	kommunal representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara
Christfried Kaul	sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får blir kontakta når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	
F-2026/01		Fornyng av delegasjonsreglement	
F-2026/02		Fornyng av økonomireglement	
F-2026/03		Søknader frå gravplassarbeidarane om løysingar på Osnes gravplass	
F-2026/04		Val av representantar til digitaliseringsutval	
S-2026/5		Årsmelding for Ulstein sokn 2025	
S-2026/6		Justering av møtedatoar USR /UFR for våren 2026 og dato for årsmøtet	

Godkjenningar:

Godkjenning protokoll siste møte

Godkjenning av innkallinga

Godkjenning av sakliste:

Meldingar:

F 001 Skade på grunnmuren til Ulstein gamle kyrkjestad

Vedlegg: e-post til fylkeskonservator
dokumentasjon skader

Onsdag, 14.01. fekk vi melding om at deler av muren som omkransar Ulstein gamle kyrkjestad har ramla ut. Det gjeld sørsida der Ulstein gamle kyrkjestad grenser mot ein gardsveg. Skadane er dokumenterte. Det er sendt spørsmål til fylkeskonservator for å få innspel til planlegging av istandsetting. Område er sikra mot tilgang med eit provisorisk gjerde.

F 002 Hærverk på Osnes kyrkjegard

Søndag, 18. januar fekk vi melding om mange brotne gravlykter, nokre velta gravstøtter og lause gravstøtter. Det er mistanke om hærverk på gravlyktene og det er oppretta sak hos politiet. Sekretær, gravplassarbeidar og kyrkjeverje har inspisert alle gravstøttene på Osnes kyrkjegard og informert festarane for gravene som er berørte av dette.

F 003 Godkjenning planane for namna minnelund på Osnes kyrkjegard

Vedlegg: godkjenningsbrev frå Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Statsforvalteren har 22.01.2026 godkjent planane som er utarbeidt for namna minnelund på Osnes kyrkjegard. Aurvoll & Furesund står for gjennomføring av planane. Det er søkt om byggeløyve og det er sendt nabovarsel. Arbeidet vil starte snarast råd.

F 004 Innspel til høyring

Vedlegg: E-post med innspel til Handlingsplan Tiltak for trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik

Handlingsplanen låg ut til høyring og sidan parkeringssituasjonen rundt Ulstein kyrkje vil verte påverka vesentleg av dette har Ulstein sokn gitt høyringssvar med håp om å finne høveleg løysingar.

F 005 Betaling av mva for gravstell og tenester på gravplassen

Ulstein sokn har teke på seg fleire gravstellavtaler i løpet av 2025 og det har også auka etterspørsel om oppretting / flytting / fjerning av gravstøttene. Inntektene har brutt ei grense på kr. 50.000. Med dette plikter soknet å betale mva på desse tenestene. For kundane vil da tenestene frå 2026 av vere 25% dyrare.

F 006 Signert avtale om samordning av HMS med Møre bispedøme

Vedlegg: Mal for fornya avtalen / signert avtale

Ulstein kyrkjelege fellesråd har, som alle fellesråd i Søre Sunnmøre prosti inngått avtale om samordning av HMS- arbeidet. Det er ei fornya avtale på grunnlag av den første avtalen, utarbeidt i 2018. Sidan begge arbeidsgjevarlinjene har tilsette i dei lokale stabane er avtalen eit godt grunnlag for å ha ein god felles HMS- standard på arbeidsplassane i prostiet.

F 007 Godkjenning av fornya belysningsløyising i Ulstein kyrkje

Vedlegg: *godkjenningsbrev frå biskopen*

Biskopen j i Møre har den 19.12.2025 godkjent belysningsløyising for Ulstein kyrkje. Det er holdt anbodskonkurranse og den valgte leverandøren har iverksatt bestilling. Installasjonen skal vere gjennomført før påska.

F 008 Søknad om forpliktande samarbeid mellom fellesråd

Kyrkjeverjene og fellesrådsleiarane i Vanylven, Sande, Herøy, Hareid og Ulstein har den 03.12. 2025 vurdert ein felles søknad på midlar for organisasjonsutvikling for samarbeid / samanslåing av fellesråd. Fristen for søknaden var 31.01.2026

Gruppa har konkludert med at prosessen er ikkje kome langt nok til å kunne levere ein god nok søknad. Men fellesrådsleiarane og kyrkjeverjene er positive til å utvikle eksisterande samarbeid vidare og prøve seg på nye område.

F 009 Stoda orgelreparasjon

Kantor og kyrkjeverje jobbar framleis med å hente inn samanliknbare tilbod for reparasjonen av orgelet.

F 010 Møte for fellesråds- og soknerådsleiarar i Søre Sunnmøre prosti

Onsdag, 25.02.2026 blir det invitert til eit møte på Ørsta bedehus med tema:

- *Korleis startar vi ei vellukka gjevarteneste for kyrkjelydsarbeid?*
- *Erfaringsutveksling frå arbeid i sokneråd og fellesråd etter litt over to år etter kyrkjevalet*

Møtet er først og fremst for leiarar /nestleiarar i sokneråd og kyrkjelege fellesråd, kyrkjeverjer, prestar og prosten, men møtet er open for sokneråds- og fellesrådsmedlemar som ønskjer å delta.

F 011 Tilsettingsprosess ny prost i Søre Sunnmøre

Vedlegg: *orientering om tilsetting av prost i Søre Sunnmøre prosti*

Prost Ingeborg Matre har annonsert at ho pensjonerer seg i starten av 2027. Det skal tilsetjast ny prost i møte i Møre bispedømmeråd 08. juni 2026. Sokneråda har uttalerett og treng å legge saka inn i møteplanen.

2 valde representantar frå sokneråda i Søre Sunnmøre prosti kan delta i intervju

1 vald representant frå sokneråda i Søre Sunnmøre skal sitte i innstillingsrådet.

S 012 Årsstatistikk for Ulstein sokn 2025

Vedlegg: *levert statistikk 2025 for Ulstein sokn*

20. januar var frist for å levere årsstatistikk til SSB. Tala vitnar om ein aktiv kyrkjelyd. Utfdrag av talmaterialet blir referert til i årsmeldinga og satt i forhold til tal frå tidlegare år.

S 013 Evaluering av julenattiné 2025

Vedlegg: *evaluering*

Det var 2 utselde framsyningar på Julenattiné 2025 i Ulstein kyrkje. Magne Grimstad har invitert dei mest sentrale personane bak julenattineen, kontor og kyrkjeverje til eit evalueringsmøte.

Det er semje om at det blei ein suksess. Magne Grimstad er open for å bli utfordra på nytt.

S 014 Frivilligfest 5. mars 2026

Beate og Christfried har hatt møte for å planlegge festen. Dei orienterer om arbeidet i møte

S 015 Overføring av gudstenester til institusjonane

Allereie frå haustsemesteret 2025 har det vore utfordringar med å overføre gudstenestene til institusjonane. Dette er eit tilbod dei som bur på institusjonane har etterlyst.

Utfordringa ligg på mottakarsida der teleoperatør ikkje klarer å levere signal til TVane. Service frå firma som har levert løysinga er dyr og klarer ikkje å levere ei fungerande løysing.

Systemet er noko tungvint og har for mange svakpunkt når dei tekniske komponentane blir oppdatert, bytta eller restarta etter straumbrudd.

Vi treng å fornye opplegget med ei stabil løysing vi kan stole på.

S 016 Referat frå felles møte mellom stab og sokneråd 07.01.2026

Vedlegg: *stikkordreferat frå bordsamtale*

S 017 Referat frå arbeid i utval

Vedlegg: *referat frå møte i diakoniutval*
 referat frå møte i gudstenesteutval
 referat frå møte i kyrkjemusikkutval

S 018 Innkalling til årsmøte i Kirkens SOS

Vedlegg: *innkalling til årsmøte i Kirkens SOS*

Mali Åm har vore Ulstein sokn sin faste kontakt for Kirkens SOS i mange år, men vervet har ikkje hatt representant sidan 2025. Det treng ikkje vere ein fast kontakt frå soknerådet som reiser til årsmøtet i Kirkens SOS, men det er fint om Ulsteinvik kunne både finne ein representant til årsmøtet og ein fast kontaktperson igjen.

Ulsteinvik, den 04.02.2026

Odd Arne Vikebakk	Christfried Kaul
Leiar	Sekretær

Christfried Kaul

Fra: Christfried Kaul
Sendt: onsdag 14. januar 2026 15:04
Til: 'hilde.arna.tokle.yri@mrfylke.no'; 'post@mrfylke.no'
Kopi: Arne Runar Vik; Stian Skorgen Scheide; Jarl Martin Møller; Odd Arne Vikebakk
Emne: Skader på mur Ulstein gamle kyrkjegard.
Vedlegg: dokumentasjon utrasing mur Ulstein gamle kyrkjestad.pdf

Hei,

Ulstein gamle kyrkjestad på Ulstein i Ulstein kommune har ein mur som avgrensar og løfter plassen der Ulstein gamle kyrkje sto fram til 1847 og Ulstein kyrkje fram til 1878.


Området rundt kyrkja har vore brukt som gravplass og som middelaldergrunn er plassen freda.

Muren har gjennom årene tatt fleire skade grunna utrasing, stort sett på nordsida der gamle kyrkjestad grensar mot elva.

På måndag, 12.01. har også muren på sørsida rasa ut på to område, og dette er så tett opp mot gårdsvegen at det er faremoment for dei som ferdast der.

Skadene er ganske store, og det er fleire parti av muren som virker instabile. Tele har pressa muren ut, og den har delvis overheng mot bruksvegen, slik at det er fare for at meir av muren raser ut. Dette gjer ferdsel på denne vegen utrygg.

Det er viktig at området blir sikra slik at folk og dyr haldast unna faresonen. Kyrkjegårdarbeidarane vil utvide den allereie eksisterande sperringa og sette opp lammenetting for å hindre dyr og folk i å gå inn i området, dog slik at farty framleis kan bruke vegen.



Muren bør jo rehabiliterast på ordentlig. Vi gjekk og inspiserte muren også på nordsida og vestsida i dag, og den er pressa ut fleire plasser, rast ut fleire plasser, og vi trur fleire deler vil kome til å rase ut i framtida.

Ei grundig rehabilitering av muren vil etter det eg ser ha ein del utfordringar:

1. **tilkomst.** Særleg på nordsida er det vanskeleg terreng ned mot elva.
2. **grunnen bak muren.** Jord- og steinfylling på innsida av muren treng å bli sikra mot at den skyver muren enda meir ut. Men da snakker vi om inngrep i middelaldergrunn
3. **middelaldergrunn.** Ulstein gamle kyrkjestad er staden der det sto ei steinkyrkje frå middelalderen fram til 1878. Rundt kyrkja har det også vore gravplass inntil kyrkje blei flytta i 1878. Det er store restriksjoner knytt til arbeid i middelaldergrunn eller bruk på tunge annleggsmaskiner på den. Her må ein rekne med at vil det gå ein del ressursar og tid til utgreiingar, rådgiving og oppfølging av pålegg frå vernemyndighetene.
4. **økonomi.** Ei grundig rehabilitering kan fort vere ei stor økonomisk utfordring, særleg med det omsynet som truleg må takast pga. verneomsyn.

Vi trur det mest aktuelle blir ei midlertidig, men forsvarleg nok sikring av områdene som står i fare for å rase ut. Mest med tanke på å ivareta sikkerheita for dei som kan kome til å ferdast der.

Men vi ønskjer også å legge langsiktige planar for investeringar slik at vi kan halde denne historisk verdifulle staden i hevd for komande generasjonar.

For å kome vidare med saka ønskjer vi ei synfarings- og drøftingsmøte med fylkeskonservator der vi kan drøfte nokre midlertidige sikringstiltak som førebygger yttarlegare skade, men også ser på mulighetene og utfordringane med å kunne gjennomføre ei grunnleggjande rehabilitering av muren / området.

Venleg helsing
Christfried Kaul
Kyrkjeverje Ulstein
www.ulsteinkyrkje.no
tel.: 70017683 / 91696820

Billedokumentasjon utrasing på muren på Ulstein gamle kyrkjestad

Ulstein



Steinblokker som har rast ut på muren mot sør - fram på bruksvegen nyleg – truleg på søndag, 11.01. (område 1 mot sør)



Steinblokker som har rast ut på muren mot sør - fram på bruksvegen nyleg – truleg på søndag, 11.01. (område 2 mot sør)

Her er det også godt synleg at muren heller mot vegen og står i fare for å rase ut fleire stadar.





Detalj frå muren der raset i området 2
gjekk



Detalj frå muren ovanfrå der området
1 rasa ut mot bruksvegen



Utrygg parti av muren mot dei to
plasser der muren har rast ut og
motsett perspektiv.





Detaljbilde frå parti av muren mot sør
som har blitt pressa ut, men ikkje
rast ut enda.



Hol i muren med utrygge område
også mot vest



Områda mot nord der muren
har rast ut for ein god del år
tilbake





Utskyvninger med utrygge område
mot nord



Områda mot nord der muren har rast
ut for ein god del år tilbake



ULSTEIN SOKN
Postboks 143
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Svanhild Sortland, 33371133

Godkjenning av plan for navnet minnelund - Osnes kyrkjegard - Ulstein

Viser til brev frå Ulstein kyrkjeleg fellesråd datert 4.4.25 med søknad om godkjenning av plan for ny namna minnelund på Osnes kyrkjegard i Ulstein kommune. Vi viser også til e-post 19.12.25 og telefonsamtale 22.1.26 der det er gitt fleire opplysningar om saka.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark godkjenner plan for ny namna minnelund på Osnes kyrkjegard, Ulstein kommune, jf. gravplassloven § 4 første ledd, som vist i søknad datert 19.12.25, på følgjande vilkår:

- Gravkart må bli laget i samsvar med SOSI-standard. Ei stadfesting må sendast Statsforvaltaren, saman med ein pdf-versjon av gravkartet før feltet vert teke i bruk til gravlegging.

Om saka

Ulstein kyrkjelege fellesråd har vedtatt planen og kommunen har gitt si tilslutning til prosjektet. Lokale gravplassvedtekter vedtekter gjeldande frå 2023 har føresegner om namna minnelund.

Gravplassmyndigheita må sjølv undersøke om tiltaket krevje løyve etter anna lovverk, til dømes plan- og bygningslova eller kulturminnelova.

Søknaden

Planen omfattar namne minnelund med tilhøyrande gravfelt, samt eit felt for alminnelege urnegraver. Prosjektet er teikna av Norconsult.

Namna minnelund

Minnelunden med minnesmerke skal ligge i sørvestre hjørne av gravplassen. Det skal etablerast ein hellelagt plass med fire minnesmerke og ein anordning for plassering av personlege sorguttrykk. Det skal være benker langs sidene og også ein sitjeplass i ein paviljong med utsikt mot sjøen.



Minnesmerkene skal ha skråstilte flater for feste av namenplater. Det er plass til 48 namneplater pr minnestein. Namneplatene måler 10x14 cm og har plass til eitt eller to namn.

Det er planlagt å sette opp 4 minnesmerke, og utvide med fleire etter kvart som minnelunden blir fylt opp. Vi minner om at minnelunden skal være til universelt utforma og av avstanden mellom minnesmerka må være i tråd med krava.

Det er valt same type belysning som på resten av gravplassen. Vi anbefaler belysning som er retta spesifikt mot det ein vil lyse opp, og som ikkje spreier lyset til resten av gravplassen.

Gravfelta er plassert langs vegen inn til minnelunden. Det skal være to felt med plass til 297 urner til sammen. Vegen skal ha bredde 1,8 m og ha fast dekke. Ein hekk skal markere grensa mellom minnelunden og tilgrensande gravfelt. Vi ser at nærmaste gravminne på tilgrensande felt vil ligge ca. 50 cm frå hekken. Dette kan være litt liten avstand og oppmodar til å vurdere om disse gravene skal gå ut av bruk når minnelunden er etablert.

Det er viktig at festarane til nærmaste graver får god informasjon om arbeidet med minnelunden. Vi anbefaler at de sendes ut brev med informasjon om arbeidet med tidspunkt for oppstart og ferdigstilling i tillegg til oppslag ved gravplassen.

Felt J

Felt J skal ha 7 rekker med urnegraver. Det er lagt imm 50 cm mellom kvar gravrekke. Dette vil gi eit fint og luftig inntrykk men plass til å passere utan å gå på gravene.

Grunntilhøve

Minnelund og urnefelt er planlagt på eit areal som er opparbeida for kistegraver i dobbel djupne, og at det difor er gode tilhøve for urnegraver.

Vi anbefaler at jorda blir gjennomgravd for at feltet skal være egna til urnegraver, jordsmonnet i eit urnegravfelt bør ikkje innehalde stein over 3-4 cm. Det er ein føresetnad at djupna og grunnvasstanden er innanfor dei sentrale føresegnene, dvs. at avstanden til fjell / høgaste grunnvasstand i gravfeltet skal ligge minst 0,3 m under kista eller urna. Nedbrytinga av beinrestar/oske skjer ved kjemisk forvitring og oppløysing i surt miljø. Aktiviteten er god ved pH 5,5 og aktiviteten er liten ved pH 7, sjå [Kremasjon og gravformer for aske.pdf \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no/kremasjon-og-gravformer-for-aske.pdf)

Gravkart

Gravfelta er vist i oversiktsteikning, men det er ikkje utarbeida gravkart etter SOSI-standard. Det er krav om at forvaltninga må lage eller få lagd digitale gravkart i samsvar med SOSI-standard ved alle utvidingar, nyanlegg og andre vesentlege endringar av gravplassar, jamfør gravplassforskrifta § 4 andre avsnitt.

Lokal gravplassmyndigheit kan i tillegg sende inn gravplassdata som er laget i standarden til innlevering@sosigravplass.no. Merk emnefeltet «Innlevering SOSI gravplass». I e-posten må det komme frem kven som er gravplassmyndigheit, namnet på gravplassen og kommunen.

Skjøtselsplan

Vi minner om at forvaltninga har ansvar for skjøtsel av minnelundar. Det kan derfor vera nyttig å ha ein intern skjøtselsplan for å sikra at minnelunden verkar på best mogleg måte. Her kan det til dømes lagast arbeidsrutinar om kor ofte dei tilsette skal rydde bort visne blomar eller når ein skal plante nytt i det felles plantefeltet.



Lovgrunnlag

Etablering av ein minnelund på ein eksisterande gravplass vil vere ei vesentleg endring krev godkjenning frå statsforvaltaren og tilslutning frå kommunen, jf. gravplassloven § 4 første avsnitt. Statsforvaltaren kan sette vilkår for løyvet.

Klage (§ 24 gravplasslova)

Du kan klage på vedtaket. Klaga blir retta til klaga til Barne- og familiedepartementet, men skal sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, jf. kap. VI i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker frå vedtaket er mottatt.

Konklusjon

Minnelundar skal ha høg kvalitet i både material, handverk og estetisk utforming. Dei må ha ein karakter og eit visuelt uttrykk som legg til rette for god funksjonalitet, orden og vørnads i eit langt tidsperspektiv.

Den planlagde minnelunden er gitt ei god plassering på gravplassen. Sitjeplassar med utsikt mot sjøen ein fin kvalitet ved ein minnelund. Vi meiner dette vil bli dette blir ein god og tenleg minnelund på Osnes kyrkjegard. Vi ber om å få ei melding, gjerne med fotografi av minnelunden, når den er ferdig etablert.

Med helsing

Hege Alice Granøe
fagsjef

Svanhild Sortland
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fra: Christfried Kaul
Sendt: mandag 26. januar 2026 14:40
Til: Arne Runar Vik
Kopi: Jarl Martin Møller; Odd Arne Vikebakk ; Stian Skorgen Scheide
Emne: Høyringsinnspel frå Ulstein sokn til Handlingsplan Tiltak for trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik

Høyringsinnspel frå Ulstein sokn til Handlingsplan Tiltak for trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik

Ulstein sokn har lese handlingsplanen og er glad for at det blir føreslått å betre trafikksituasjonen for fotgjengarar i området rundt barne- og ungdomsskulen, og dei mest brukte traséane for skulevegen.

Tiltaka i handlingsplanen påverkar i stor grad parkeringstilhøve ved Ulstein kyrkje med redusert tilgang på parkeringsplassar i Kyrkjebakken (punkt 3.4 i handlingsplanen) og Kyrkjegata (punkt 4.3 i Handlingsplanen). Ved eit omtrentleg overslag vil parkeringstilhøve i Kyrkjegata minke med 8-9 bilar, og i kyrkjebakken med ca. 10 bilar. Kyrkja vil altså miste omtrent 20 parkeringsplassar i direkte tilknytning til kyrkjebygget.

I helgene, med ein del aktivitet rundt gudstenester, vigsler, konsertar og andre arrangement i kyrkja, er utfordringsbiletet noko mindre sidan det er ein del ledige parkeringsplassar i nærområdet (ved rådhuset, Fredheim, Sparebanken Møre og andre næringsbygg i sentrum) på tidspunkt utanom arbeids- og butikkopningstid.

I vekene (måndag – fredag 08:00 – 16:00) vil desse endringane påverke parkeringsmoglegheita for besøkjande til kyrkja ganske så drastisk. Tidspunkta til gravferd er tysdag og fredag, kl. 10:30 og 13:00. Behov for parkering vil vere på gravferdsdagane frå kl. 09:00 – 14:30. Det er på dette tidspunktet parkeringsplassane i nærområdet allereie er opptekne av folk som har jobb i sentrum. Dermed må pårørande og besøkjande bruke eit langt større geografisk område på jakt etter ledige parkeringsplassar.

Sidan ein stor del av besøkjande i ei gravferd er eldre menneske, som ofte også er dårlegare til beins, vil dette bety ei tydeleg forverring av tilkomstsituasjonen til kyrkjebygget. Ulstein sokn har i snitt 60 gravferder i året, det er venta ei årleg auke i takt med ei veksande eldre befolkning. I periodar kan det vere opptil 4 gravferder i veka, ofte 2 på same dag.

Det er tradisjon at dei pårørande samlar seg i bilkortesje for å dra ut til gravplassen. Denne tradisjonen vil bli mindre aktuell å halde fram med dersom parkeringa vert spreidd ut over eit større geografisk område.

Besøkjande til kyrkja vil bruke betydeleg meir tid til å kome seg ut til gravplassen. Dette vil ha til følge at tida mellom 2 gravferder på same dag må aukast og at første gravferd t.d. må starte allereie kl. 10:00. Som konsekvens påverkar dette arbeidstid og dermed også kostnadane for gravplassdrift og kyrkjelege handlingar.

Særleg med tanke på gjennomføring av gravferder er Ulstein sokn difor svært kritisk til at handlingsplanen inneber ein så drastisk reduksjon av parkeringsplassar i direkte tilknytning til kyrkjebygget. Dette vil redusere tilgjengelegheita av kyrkjebygget for folket i Ulstein, særleg i situasjonar der folk er spesielt sårbare.

Om det er mogleg å betre parkeringssituasjon rundt kyrkja gjennom ei godt gjennomtenkt styring av parkering gjennom skilting, (t.d. korttidsparkering) eller om det bør etablerast fleire parkeringsplassar som kan

reserverast for gravferd, eller heilt andre løysingar, treng å bli gjennomtenkt. Ulstein sokn er open for å samarbeide om gode løysingar.

Venleg helsing

Christfried Kaul

Kyrkjevevje Ulstein

www.ulsteinkyrkje.no

tel.: 70017683 / 91696820



ULSTEIN KYRKJE

Saman på ferda

Mal for avtale om samordning av HMS-arbeid mellom bispedømmeråd og kirkelig fellesråd

Behandlet i AMU 20.02.2018, oppdatert 11.09.2025

1 Ansvar for arbeidsmiljøet

- 1-1 Bispedømmerådet og fellesrådet har hver for seg og sammen ansvar for arbeidsmiljøet på den lokale kirkelige arbeidsplassen iht. arbeidsmiljølovens § 2-2. Hovedpunktene er at hver arbeidsgiver skal:
- Sørge for at egen virksomhet er innrettet og egne arbeidstakers arbeid er ordnet og blir utført på en slik måte at også andre enn egne arbeidstakere er sikret et fullt forsvarlig arbeidsmiljø.
 - Samarbeide med andre arbeidsgivere for å sikre et fullt forsvarlig arbeidsmiljø. Hovedbedriften skal ha ansvar for samordning av de enkelte virksomheters helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid.
- Partene er enige om at Fellesrådet i denne sammenheng er å betrakte som hovedbedrift¹.
- 1-2 Bispedømmerådet og fellesrådet skal i sine planer for HMS-samarbeidet ha en særskilt oppmerksomhet på samarbeidssforholdene og konflikthåndtering mellom presteskapet og fellesrådets tilsatte.
- 1-3 Kirkevergen har ansvar for å ta kontakt med prosten for å få etablert de nødvendige rutinene knyttet til samordning mellom de to arbeidsgiverne.

2 Ansvar for samordning

- 2-1 Hovedbedrift har ansvar for samordning av de HMS-oppgavene som er beskrevet i aktuelle lover og forskrifter.
- 2-2 Samordningen kommer til uttrykk gjennom:
- 2-2.1 Samordningsmøter mellom kirkeverge og prost for blant annet å utveksle informasjon, erfaring om arbeidsmiljøforhold og avtale vernerunder. Vernerunde skal for øvrig foretas når en av arbeidsgiverne eller verneombudene ber om det.
 - 2-2.2 Faste stabsmøter mellom ansatte i det lokale arbeidsfellesskapet. Her drøftes oppgaver og utfordringer.

¹ Normalt er fellesrådet hovedbedrift, men det kan i særlige tilfeller avtales at bispedømmerådet skal være det.

- 2-3 Partene har ansvar for valg/oppnevning av verneombud etter gjeldende bestemmelser².

3 Arbeidsmiljøutvalg/arbeidsmiljøgrupper og samordningsgruppe

- 3-1 Arbeidsmiljøutvalg/arbeidsmiljøgruppe etableres i samsvar med AML kapittel 7, forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7 og Hovedavtalen § 11.
- 3-2 Det skal opprettes en fast samordningsgruppe for arbeidsmiljøet som består av prost, kirkeverge og disse to virksomheters verneombud. Samordningsgruppa kan møtes regelmessig, eller når en av gruppas medlemmer krever det, for å drøfte aktuelle saker.
- 3-3 Lokale vernerunder gjennomføres årlig. Det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljø gjennomgås annet hvert år. Kirkevergen innkaller i samråd med prost. Begge verneombudene deltar ved forberedelse og gjennomføring av vernerundene og gjennomgang av det psykososiale arbeidsmiljø.
- 3-4 HMS-gjennomgang i prosti gjøres i henhold til rutine fastsatt av AMU 22.09.2021. Kirkevergen, eller den vedkommende oppnevner, inviteres til å være med på gjennomgangen.
- 3-5 Risikoanalyser gjøres i hver enkelt virksomhet innenfor virksomhetens ansvarsområder. Dersom ROS-analysen avdekker risiko-områder som omfatter begge virksomhetene, utarbeides det tiltak/ tiltaksplan i begge linjer.

4 Økonomi

- 4-1 Fellesrådet har ansvar for:
- 4-1.1 Bygg
 - 4-1.2 Anlegg
 - 4-1.3 Utstyr på kontoret
 - 4-1.4 Opplæring av verneombud i egen virksomhet
 - 4-1.5 Utgifter til egen vernetjeneste
 - 4-1.6 HMS-opplæring for nytilsatte
- 4-2 Bispedømmerådet har ansvar for utgifter i forhold til sine ansatte når det gjelder:
- 4-2.1 Opplæring/faglige kurs på HMS-området
 - 4-2.2 Opplæring av verneombud i egen virksomhet
 - 4-2.3 Utgifter til egen vernetjeneste
 - 4-2.4 HMS-opplæring for nytilsatte
- 4-3 Deling av utgifter

² Det skal velges verneombud der det er 5 eller flere ansatte.

- 4-3.1 Utgifter til avtalt stabsutvikling og forebyggende HMS-tiltak deles forholdsmessig mellom bispedømmeråd/prost og kirkelig fellesråd.
- 4-3.2 Utgifter til avtalte tiltak i forbindelse med konflikthåndtering deles forholdsvis mellom bispedømmeråd og kirkelig fellesråd.

5 Avvikshåndtering

- 5-1 Det skal utarbeides ansvarsfordeling og samarbeidsrutiner for avviksmeldinger der begge linjer er berørt.
- 5-2 Det skal utarbeides ansvarsfordeling og samarbeidsrutiner for håndtering av uheldige psykososiale forhold der begge linjene er representert.
- 5-3 Det skal utarbeides ansvarsfordeling og samarbeidsrutine for håndtering av klager fra publikum/medlemmer der begge linjer er berørt.
- 5-4 Det skal utarbeides ansvarsfordeling og samarbeidsrutiner for varslingssaker (jf. aml 2A) der begge linjer er berørt.

6 Konkrete tiltak

(fylles ut ved behov etter vurdering av de lokale forhold)

7 Informasjon mellom virksomhetene

- 7-1 Det utarbeides referat fra alle møter i arbeidsmiljøutvalg/ arbeidsmiljøgruppe og samordningsgruppe i hver enkelt virksomhet.
- 7-2 Det orienteres om saker av betydning for begge virksomhetene i samordningsgruppen.

8 Diverse

- 8-1 Avtalen kan sies opp/reforhandles med minimum 6 måneders varsel.

Sted, dato. måned 20xx

For
bispedømme

For.....
kirkelige fellesråd

.....
stiftsdirektør (eller den som har myndighet)

.....
kirkeverge

Kopi: prost



Ulstein kyrkjelege fellesråd
Postboks 143
6067 ULSTEINVIK

Christfried Kaul

Dato: 19.12.2025

Vår ref: 19/02786-15

Dykkar ref:

Ulstein kyrkje - Godkjenning av belysningsløyising

Ulstein sokn søker i brev av 16.11. Møre biskop om godkjenning av montering av ny belysningsløyising i Ulstein kyrkje.

Vedtak:

Møre biskop godkjenner montering av ny belysningsløyising i Ulstein kyrkje, ut frå opplysningane som ligg føre, og med kommentarane som er nemnt i dette brevet. Vedtaket er gjort med heimel i Kyrkjeordninga §23, og Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker (Kirkebyggforskriften) §4 tredje ledd.

Saka gjeld

Ulstein sokn søker om godkjenning av montering av ny belysningsløyising i kyrkja. Som viktig lokale for kulturlivet i Ulstein kommune har Ulstein kyrkje fått tildelt midlar for å forbetre lystilhøva i kyrkja for gudstenester, enkle konsertar og andre kulturarrangement. Midlane er eit viktig bidrag for å opprettehalde den sentrale funksjonen kyrkja har. Det er ønskeleg å få til ein fast installasjon av teater-/konsertlampar til dette. Behovet er aukande, og det er vanskeleg å få til gode løyisingar med midlertidig lys. Det fører til slitasje på kyrkja når ein riggar opp og ned utstyr. Mellombelse riggar er heller ikkje heldig med tanke på tryggleik og i tillegg så tek det opp plass og hindrar god utsikt frå enkelte plassar i rommet.

Vernestatus

Ulstein kyrkje er ei åttekanta kyrkje i tre opphavelag frå 1849, men flytta frå Ulstein til Ulsteinvik i 1878. Kyrkja er listeført som særleg verneverdig.

Ordninger og forskrifter

Etter *Kyrkjeordninga* § 23 skal tiltak ut over vanleg vedlikehald godkjennast av biskopen. I følge *Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker (Kirkebyggforskriften)* § 4 tredje ledd, skal tiltak i slike kyrkjer leggst fram for Riksantikvaren for uttale.

Riksantikvarens vurdering

Riksantikvaren har stor forståing for ønsket om å betre lysløyisinga i Ulstein kyrkje, både ved gudstenester og i høve til konserter og andre arrangement. Behovet ble også presentert på møte med kyrkjeveverjene i Møre bispedøme den 24.11.2025.

Riksantikvaren støttar derfor forslaget til ny belysningløyising i Ulstein kyrkje.

Ulstein kyrkje er rikt dekorert og det er avgrensa med plass til fast montering av lys. Det er i utgangspunktet tenkt tre posisjonar for montering av lysa.

- 1. I overgang mellom kor og skip er det ein dekorert korbue der ein kan skjule lys montert i koret for å dekke altertavle og alterring. Her er det i dag allereie montert opp ein lyskastar på kvar side.*
- 2. Der veggen skrånar inn mot koret er det søyler som kan nyttast til innfesting av meir lys. Innfestinga er vertikale rør med plass til inntil 4 enkle lyskastarar på kvar side. Lyset her vil være godt synleg for publikum og det er viktig at desse er av ein enkel og nøytral type. Å feste eit vertikalt rør i konstruksjonen er den løyisinga vi ser som minst inngripande for bygningskroppen. Samstundes gir denne løyisinga også gode høve til å bytte ut eller justere plassering på lyskastarar utan at ein på nytt treng å feste dei direkte i konstruksjonen.*
- 3. I forlenginga av rekkverk på galleriet er det og mogleg å montere rør for lyskastarar. Dette er på en mindre synleg plass og det vil her kunne monterast meir tradisjonelle lys.*

Alle lampar skal styrast trådløst og krev ikkje anna enn eit straumpunkt på kvar av posisjonane til lampene. For Riksantikvaren er det viktig at belysninga ikkje kommer i konflikt med dekorerte flater og verker forstyrrande i det flotte kyrkjerommet. Vi vil derfor anbefale at soknet ser på armaturar og innfesting som gjer minst mogleg av seg og kan få same farge som bakgrunnen dei monterast mot, slik at ny belysningsløyising kan stå fram som mest mogleg skjult i kyrkja. Eventuelle kabelføringar bør også få farge som bakgrunnen dei monterast mot eller stå fram som mest mogeleg skjulte.

Belysninga bør også vær funksjonell og tilpassa dei kyrkjelege handlingane utan effektar og en forstyrrande verknad. For konserter og andre arrangement i kyrkja, vil nok lysbehovet være annleis.

Uttale frå prosten i Søre Sunnmøre

Prosten i Søre Sunnmøre viser til søknaden fra Ulstein, og takker for muligheten til å gi innspill. Dette ser, for meg, ut til å være grundig forberedt og gjennomtenkt. Jeg ser behovet, og har intet at bemerke.

Biskopens vurdering

Biskopen støttar Riksantikvarens vurdering i saka. Kyrkjerommet i Ulstein kyrkje skal tene mange funksjonar. Møre biskop finn at den planlagde løyisinga for ny belysning i kyrkjerommet i Ulstein kyrkje vil vere tenleg for kyrkjelyden, og gje god fleksibilitet for all den aktiviteten som går føre seg i kyrkja. Den vil også framheve det vakre kyrkjerommet og gje det den merksemd det skal ha.

Konklusjon

Møre biskop godkjenner ny belysningsløsning i Ulstein kyrkje, ut frå dei opplysningane som ligg føre og med kommentarane som er nemnt i dette brevet.

Klage

Klageinstans er Kyrkjerådet. Klagefrist er 3 veker frå mottatt brev. Klagen skal sendast til Møre biskop.

Med helsing

e.f. Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

John Erik Brakstad
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Riksantikvaren
Prosten i Søre Sunnmøre

Pb. 8196 Dep
Rådhusgata 6a

0034 OSLO
6100 Volda

Mottakarakar:

Ulstein kyrkjelege fellesråd, Christfried Kaul Postboks 143

6067 ULSTEINVIK

Fra: Anne-Marit Hagelund
Sendt: onsdag 4. februar 2026 15:05
Til: Møre-biskop; Bjørn Olaf Storhaug; jostein.bildoy; Kyrkjeverje i Herøy - Pedersen; Olav Myklebust; Christfried Kaul; Rønnaug Bjørlykke; Jostein Stråbø; Jørn Velle; Kristian Myklebust; Koppang, Tor Martin; Domprosten i Molde - Møre bispedømme (grethe.lystad.johnsen@molde.kirken.no); Vidar Wilhelmsen Rygh; Prosten i Nordre Sunnmøre - Karl Johan Bjørge (karl.johan.bjorge@kyrkja.alesund.no); Ingeborg Matre; Sindre Stabell Kulø
Kopi: Anne-Marit Hagelund; Bente Wangensteen; Bjørn Olaf Storhaug; Elin Næsje Sætre; Ingeborg Synøve Midttømme; John Erik Brakstad; Maria Vassli Gjære; Marie Marti; Siv Brudevoll; Sturla Fostervold; Åshild Stige
Emne: Tidsplan for tilsetting av prost i Søre Sunnmøre prosti

AppServer: dnk.public360online.com
AppServerName: dnk.public360online.com
DocumentIsArchived: 0
FileUpdateStatus: 1

Til
Biskopen i Møre
Stiftsdirektør
Alle prostane i Møre
Alle sokneråda i Søre Sunnmøre prosti v/kyrkjevevjene
Protesekretær
Spir

Kopi
Tilsette ved bispedømekontoret

TIDSPLAN – TILSETTING AV PROST I SØRE SUNNMØRE PROSTI

Stillinga som prost i Søre Sunnmøre prosti vil bli lyst ut i slutten av februar. Vi ser for oss følgjande tidsplan, og vil orientere om den allereie no:

7.april	Søknadsfrist
8.-10. april	Innkalling til intervju, brev om prosessen vidare, inkludert utvida søkjarliste
13.-24. april	Intervju (Volda). Mogleg intervjudag ved behov 28.4.
27.april – 15.mai	Sokneråda har møte
18.mai	Frist for sokneråda til å sende sin uttale
26.mai	Innstillingsprotokollen klar
8. juni	Bispedømerådsmøte

Det vil kome meir informasjon om prosessen og reglar for tilsetjinga når søknadsfristen har gått ut. Alle sokneråda vil få høve til å **uttale** seg om kven dei ønskjer tilsett, jfr personalreglementet §14 «*Ved tilsetting av prost har menighetsrådene i prostiet anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne disse ønsker tilsatt*».

I **intervjuet** kan inntil to valde representantar for sokneråda i prostiet delta . Jfr personalreglementet § 12. «*Ved intervju av søkere til stilling som prost deltar ytterligere én representant fra et menighetsråd i prostiet.*» Biskopen kan og ta del i intervjuet. jfr personalreglementet § 12 . «*Ved intervju i forbindelse med tilsetting av prost kan også biskopen delta*».

Innstillingsrådet består av ein (sette) prost (som leiar innstillingsrådet sitt arbeide), stiftsdirektør, tilsett-representant frå SPIR og ein representant for sokneråda jfr. Personalreglementet § 8 «*Innstillingsrådet består*

av vedkommende prost, stiftsdirektøren eller den denne gir fullmakt, én representant for arbeidstakerne og én representant for det eller de berørte menighetsråd.»

Vi ber sokneråda allereie no vert samde om kven (inntil 2 stk frå heile prostiet) som skal representere sokneråda i intervjuet, og melde dette (namn, telefon-nummer og epostadresse) til bispedømmekontoret ved underteikna **innan 27. mars.**

Venleg helsing

Anne-Marit Hagelund

Avdelingsleiar HR og Organisasjonsutvikling

Møre Bispedøme

Tlf: 922 35 009





Statistisk sentralbyrå

Årsstatistikk for Den norske kyrkje (RA-0842)

Dato sendt: 20.01.2026 / 13:50
Avsender: 976997093-ULSTEIN SOKN
Mottakar: Statistisk sentralbyrå
Referansenummer: 9655a7cbcb9a

De skal gi opplysningar om:

Namn: ULSTEIN SOKN

Organisasjonsnummer: 976997093

Plassering: Sjøgata 61, 6065 ULSTEINVIK

De skal rapportere for perioden 2025

Brukar du Kardinal (Kirkedata AS) eller Medarbeideren (Vitec Agrando), og ønskjer å laste opp fil frå eitt av desse systema?

Ja

Her kan du lasta opp fil frå Kardinal eller Medarbeideren
StatistikReport.csv

Kyrkjelege handlingar



Kyrkjelege handlingar

For føring av dei kyrkjelege handlingane vil medlemsregisteret vere eit utgangspunkt for grunnlagstal.

Kor mange blei konfirmerte i soknet?

86 stykk

Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet?

22 stykk

Kor mange deltakarar var det ved kyrkjelege vigslar utførte i soknet?

1 217 stykk

Kor mange forbønshandlingar for borgerlege giftemål blei utførte i soknet?

0 stykk

Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet?

60 stykk

Kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)?

56 stykk

Kor mange deltakarar var det ved gravferder forretta i soknet?

6 041 stykk

Gudstenester, etter dag

Informasjon om gudstenester

Her skal du fordela gudstenester etter om dei vart haldne på søn- eller heilagdag, eller utanom søn- eller heilagdag. Før talet på gjennomførte gudstenester, også gudstenester på institusjon. Andakter skal ikkje teljast med. Viss fleire sokn held felles gudsteneste, er hovudregelen at gudstenesta og deltakarane blir førte i det soknet der gudstenesta fann stad, men avhengig av kven som hadde ansvaret for gjennomføringa av gudstenesta.

Følgende er å rekna som gudsteneste utanom høgmesse/hovudgudsteneste:

- Morgonsong
- Aftonsong
- Kveldsbøn
- Barnehagegudsteneste
- Samtalegudsteneste
- Skulegudsteneste
- Vandregudsteneste
- Temagudstjeneste
- Musikkgudsteneste
- Gudsteneste på leir som tilhøyrrer sokna
- Tidebønsgudstenester med liturgisk innhald
- Dåpsgudstenester

Fordel gudstenester på om den vart halden på ein søn- eller helgedag, eller utanom ein søn- eller helgedag.

Søndager

Hvor mange gudstjenester hadde dere? : **60 stykk**

Hvor mange deltakelser hadde dere? : **10 384 stykk**

Ikkje søndager

Hvor mange gudstjenester hadde dere? : **20 stykk**

Hvor mange deltakelser hadde dere? : **2 442 stykk**

Gudstenester, etter stad

Gudstenester, etter stad

Her skal du fordela gudstenestene på nytt etter noko som stad gudstenestene vart avhalden.

Tal på gudstenester avholdt i soknets kyrkje(r)

77 stykk

Tal på gudstenester avholdt på institusjon i kyrkjelyden

2 stykk

Tal på gudstenester avholdt på annet sted, verken i kyrkje(r) eller på institusjon i kyrkjelyden

1 stykk

Totalt tal på gudstenester

80 stykk



Gudstenester, etter type

Her skal du fordela gudstenestene på nytt etter kva typar gudstenester som vart haldne. Skriv 0 viss det er ein type gudsteneste sokna ikkje har.

Gudstenester med nattverd

Tal på gudstenester med nattverd

45 stykk

Tal på personar til nattverd

3 635 stykk

Gudstenester med skriftemål

Tal på gudstenester med skriftemål

0 stykk

Gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

15 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

3 193 stykk

Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

3 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

223 stykk

Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

4 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

1 103 stykk

Gudstenester med dåp

Tal på gudstenester med dåp

33 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester med dåp

4 698 stykk

Konfirmasjonsgudstenester

Tal på konfirmasjonsgudstenester

5 stykk

Tal på deltakingar på konfirmasjonsgudstenester

1 651 stykk

Julaftansgudstenester

Tal på julaftansgudstenester

2 stykk

Tal på deltakingar på julaftansgudstenester

908 stykk

Gudstenester i påska

Tal på gudstenester i påska

5 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester i påska

647 stykk

Gudstenester i pinsa

Tal på gudstenester i pinsa

2 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester i pinsa

256 stykk

Gudstenester med samisk innslag

Tal på gudstenester med samisk innslag

0 stykk

Allehelgensgudstenester

Tal på allehelgensgudstenester

1 stykk

Tal på deltakingar på allehelgensgudstenester

96 stykk

Økumeniske gudstenester

Tal på økumeniske gudstenester

1 stykk

Tal på deltakingar på økumeniske gudstenester

314 stykk

Temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon

Tal på temagudstenestergudstenester

3 stykk

Tal på deltakingar på temagudstenester

530 stykk

Felles gudstenester

Blei det arrangert felles gudsteneste(r) med andre sokn?

Ja

Tal på fellesgudstenester

8 stykk

Tal på sokn

1 stykk

Besøk av barnehagar

Vart kyrkja besøkt av barnehage(r) utanom gudstenester?

Ja

Tal på besøk heldt

12 stykk

Tal på besøkjende avdelingar

14 stykk

Besøk av skuleklassar

Vart kyrkja besøkt av skuleklasse(r) utanom gudstenester?

Ja

Tal på besøk heldt

4 stykk

Tal på besøkjende klassar

13 stykk

Besøk i barnehagar

Vart barnehage(r) besøkt av prest, kateket, trusopplærar eller annan kyrkjelydsarbeidar?

Nei

Besøk i skuleklassar

Vart skuleklasse(r) besøkt av prest, kateket, trusopplærar eller annan kyrkjelydsarbeidar?

Ja

Tal på besøk heldt

1 stykk

Tal på skuleklassar besøkt

1 stykk

Kyrkjelydsdriven barnehage

Kyrkjelydsdriven barnehage

Dette gjeld barnehagar som Den norske kyrkja/kyrkjelyden eller soknerådet driv, eller der kyrkjelyden er inne som eigar, sitt i stiftinga og liknande, og som kyrkjelyden reknar som "sin barnehage".

Dersom kyrkjelyden driv åpen barnehage, fører ein talet på barn som barnehagen er godkjend for. Med åpen barnehage meiner ein: "Åpne barnehagar har inga fast gruppe av barn, men tek imot barn saman med foreldra eller andre vaksne til leik og sosialt samvær."

Dreiv kyrkjelyden barnehage?

Ja

Tal på barnehagar

1 stykk

Tal på barn

30 stykk

Informasjon om resten av utfyllinga

I resten av skjemaet skal det blir opplysningar førte om verksemda som soknerådet, dei tilsette og/eller prestane har ansvar for, og som inngår i planane og rapportane frå soknerådet. Dersom fleire sokn samarbeider om eit tiltak/tilbod, skal det først i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal først i soknet der aktiviteten fann stad.

Tilbud til barn 0–12 år

Her føres opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 0–12 år. En person registreres kun en gang per tilbud. Siden oppmøtet kan variere fra gang til gang kan det gis et anslag på hvor mange barn (unike personar) som benytter seg av tilbudet i løpet av året.

Om soknet tilbyr et tilbud, vil dere få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne siden får dere muligheten til å føre hvilke sokn som samarbeidet om et tilbud.

Babysong og småbarnsong

Arrangerte kyrkjelyden babysong eller småbarnsong for barn 0–5 år?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbud

1 stykk

Tal på deltakarar på babysong og småbarnsong

35 stykk

Søndagsskule

Dreiv kyrkjelyden søndagsskule?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbod

1 stykk

Tal på deltakarar

8 stykk



Tilbod til unge 13–17 år

Her fører ein opplærings- og diakonale tilbod til ungdom i alderen 13–17 år. Konfirmantar kan telles med dersom det ikkje er en del av den ordinære konfirmantundervisninga. Ein person registrerast berre ein gang. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Om soknet tilbyr eit tilbod, vil de få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne sida får de høvet til å føra kva sokn som samarbeidd om eit tilbod.

Leiarkurs

Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge 13–17 år?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Ja

Tal på tilbod

3 stykk

Tal på deltakarar

35 stykk

Samarbeid med andre sokn

Dersom det er svart ja for samarbeid med andre sokn, vennligst spesifiser hvilke sokn det gjelder og i hvilke sokn deltakerne er ført
Herøy sokn, Indre Herøy, Leikanger, Sande, Gursken,

Tilbod til unge vaksne 18–30 år

Opplæringstilbod og diakonale tilbod til unge i alderen 18–30 år. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Om soknet tilbyr eit tilbod, vil de få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne sida får de høvet til å føra kva sokn som samarbeidd om eit tilbod.

Kontinuerlege tilbod

Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for unge vaksne 18–30 år?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbod

3 stykk

Tal på deltakarar

179 stykk

Enkeltarrangement

Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement, leirar o.l. for unge vaksne 18–30 år?

Nei

Leiarkurs

Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge vaksne 18–30 år?

Nei

Tilbod til vaksne

Talet på grupper/tilbod.

Talet på personar som nytta tilboda? Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Bibelgruppe, bibelring, samtalegruppe, husfellesskap

Hadde kyrkjelyden tilbod om bibelgrupper, bibelringar, samtalegrupper eller husfellesskap?

Nei

Bibelkurs

Organiserte kyrkjelyden bibelkurs?

Nei

Andre organiserte opplæringstilbud

Hadde kyrkjelyden andre organiserte tilbod med opplæring som formål?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbod

3 stykk

Sorggruppe

Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?

Nei

Eldretreff, eldrekveld

Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbod

5 stykk

Andakt på institusjon og aldersheim

Heldt soknet/kyrkjelyden andakter på institusjon eller aldersheim?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på andakter på institusjon eller aldersheim

115 stykk

Besøksteneste

Hadde kyrkjelyden besøksteneste eller anna oppsøkjande verksemd?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på besøk

76 stykk

Soknebud

Blei det utført soknebud i kyrkjelyden?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på soknebud

9 stykk

Sjelesorg

Blei det utført sjelesorgsamtalar i kyrkjelyden?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på samtalar

87 stykk

Samtalar med ikkje-vigslade tilsette

Blei det utført samtalar med ikkje vigsle tilsette?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på samtalar

157 stykk

Tur

Blei det arrangert turar for kyrkjelyden?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på turar

4 stykk

Integreringsarbeid retta mot innvandrarar

Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid retta mot innvandrarar?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Integreringsarbeid retta mot andre utsette grupper

Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid retta mot andre utsette grupper?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Særskilde tilbod retta mot menneske med utviklingshemning

Hadde kyrkjelyden tilbod retta mot menneske med funksjonshemning?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Arbeidspraksis

Hadde kyrkjelyden tilbod om arbeidspraksis for menneske som står utanfor arbeidslivet?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Middagsfellesskap

Hadde kyrkjelyden organiserte, faste middagsfellesskap?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Kriseteam og beredskap

Var kyrkjelyden involvert som samarbeidspartner i det psykososiale kriseteamet i kommunen eller annan kommunal psykososial beredskap?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Andre sosiale og diakonale tilbud

Hadde kyrkjelyden andre sosiale og diakonale tilbud?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Ja

Tal på tilbud

7 stykk

Samarbeid med andre sokn

Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, spesifiser kva for sokn det gjeld og i kva sokn deltakarane er førd i **samarbeid med sokn: Herøy, Indre Herøy, Leikanger.**

Dette gjeld berre ein samling under "Andre sosiale og diakonale tilbod" Her var det ikkje spurt etter tal på deltakarar.

Kyrkjemusikk

Hadde kyrkjelyden fellestiltak med andre sokn innan kyrkjemusikk, kor og/eller kulturarbeid?

Nei



Kor og korgrupper

Talet medlemmar telles anten ved kor mange som betaler medlemskontingent eller går i koret noelunde fast.

Dersom fleire sokn har kor eller korgrupper saman, skal det førast i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal førast i soknet der aktiviteten fann stad.

Kor for barn og unge

Tal på kor/korgrupper

3 stykk

Tal på medlemmer i kor for barn og unge

86 stykk

Kor for vaksne/familiekor

Tal på kor/korgrupper

2 stykk

Tal på medlemmer i kor for vaksne/familiekor

24 stykk

Konsertar og musikkandaktar



Konsertar og musikkandaktar

Musikkgudstenester skal ikkje førast her.

Dersom fleire sokn har konsertar eller musikkandakter saman, skal det førast i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal førast i soknet der aktiviteten fann stad.

Tal på konsertar og musikkandaktar heldt i regi av kyrkjelyden

16 stykk

Tal på personar som benyttet seg av tilbodene i regi av kyrkjelyden

1 825 stykk

Tal på konsertar og musikkandaktar heldt i regi av andre enn kyrkjelyden

4 stykk

Tal på personar som nytta seg av tilbodene i regi av andre enn kyrkjelyden

458 stykk

Andre kulturarrangement heldt i kyrkjelyden



Andre kulturarrangement heldt i kyrkjelyden

Kulturarrangement kan til dømes vere; foredrag, ulike markeringar av hendingar, teater, utstillingar lyrikraftan og liknande.

Konserter skal ikkje føres her, men føres på førre side.

Tal på andre kulturarrangement heldt i regi av kyrkjelyden

0 stykk

Tal på andre kulturarrangement heldt i regi av andre enn kyrkjelyden

0 stykk

Åpen kyrkje og pilegrimskyrkje

Var det tilbod om åpen kyrkje?

Ja

Tal på dagar/kveldar med åpen kyrkje i løpet av året

194

Var det tilbod om pilegrimskyrkje?

Nei

Frivillige medarbeidarar, totalt



Frivillige medarbeidarar, totalt

Her skal ein ta med dei frivillige medarbeidarane (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige.

Her tel ein person ein gong (kor mange frivillige har kyrkjelyden til disposisjon totalt).

Totalt tal på frivillige engasjert i kyrkjelydens arbeid

395 stykk



Frivillige medarbeidarar, etter verv

På denne sida skal ein ta med frivillige medarbeidarar (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige.

Ein og same person kan først på fleire av aktivitetane, men blir tald berre ein gong innanfor kvart felt.

Kor mange frivillige medarbeidarar (15 år eller eldre) var med i...

... planlegging og gjennomføring av gudstenester

113 stykk

... barnearbeid i kyrkjelyden (0–12 år)

9 stykk

... ungdomsarbeid i kyrkjelyden (13 år og oppover)

25 stykk

... kyrkjelydens diakonale arbeidet

32 stykk

... kultur- og konsertarrangementa til kyrkjelyden

157 stykk

... komité- og utvalsarbeid

28 stykk

... herav medlemmer og varamedlemmer i soknerådet

12 stykk

... anna kyrkjelydsarbeid som ikkje nemnt på denne siden

31 stykk

Opplæring og samlingar

Gav kyrkjelyden tilbod om opplærings- eller motivasjonssamlingar for frivillige vaksne medarbeidarar?

Ja

Tal på opplærings- og motivasjonssamlingar

2 stykk

Tal på personar som nytta seg av tilbodet med opplærings- eller motivasjonssamling

13 stykk

Arrangerte kyrkjelyden fest for frivillige, medarbeidarfest o.l.?

Nei

Misjonsavtaler

Hadde kyrkjelyden ein eller fleire misjonsavtale(r)?

Ja

Tal på misjonsavtaler

1 stykk

Kva land hadde kyrkjelyden misjonsavtalar med?

Ikke oppjeve

Var ein eller fleire av misjonsavtalene i samarbeid med andre sokn?

Nei

Vennskapsavtaler

Hadde kyrkjelyden ein eller fleire vennskapsrelasjon(er) til ein kyrkjelyd eller organisasjon i eit anna land?

Nei

Arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema

Hadde kyrkjelyden arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema?

Ja

Talet på arrangement

14 stykk

Spesifiser tiltak

3 misjonskyrkjekaffi med loddsalg, innsamling, informasjon og mat

9 internasjonale kvinnegrupper med song, andakt, mat og samtale

2 temakvelder med misjon som tema

Var ein eller fleire av desse arrangementa i samarbeid med andre sokn?

Nei

Ofringar, innsamlingar og gåver



Ofringar, innsamlingar og gåver

Alle beløp skal ein føre opp i heile kroner.

Kor stort beløp blei samla inn ved offer/kollekt i kyrkja?

456 293 kr

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd?

204 818 kr

Kor stort beløp blei samla inn via givartenesta i kyrkjelyden?

342 250 kr

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd?

342 250 kr

Kor stort beløp blei samla inn ved andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande?

359 647 kr

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd?

229 500 kr

Merknader

Her kan ein til dømes nemne/presisere forhold ved enkelte av felta dersom verdiane avvik vesentleg frå året før. Ein kan også nemne kva for felt/tal som gjeld for fleire sokn.

Merknader

Du har ikkje lagt inn informasjon her

Nettbaserte gudstenester



Nettbaserte gudstenester

Dersom de har talet på gudstenester som vart strøymde ikkje rapportert andre stader og deltakarar på desse, benytt feltene under.

Tal på nettbaserte gudstenester ikkje rapportert andre stader

0 stykk

Oppsummering og evaluering - Julenattiné 2025

Underskrivne fekk tidleg i september 2025 ein førespurnad frå Kyrkjemusikkutvalet i Ulstein sokn om å ta det overordna ansvaret for gjennomføringa av julenattinéen 2025. Oppdraget vart teke imot med stor entusiasme, og planlegginga kom raskt i gang i tett dialog med utvalet.

I førespurnaden låg det fleire ønskje om justeringar samanlikna med tidlegare julenattinéar. Desse handla mellom anna om å korte ned tidsramma, gje solistane fridom til å velje songane sjølv, gjennomføre arrangementet som ein rein konsert utan refleksjon eller andakt, prioritere lokale musikarar, nytte lydanlegget i kyrkja og halde ein rimelegare billettpris. Alle desse innspela vart tekne på alvor og følgde opp i planlegginga og gjennomføringa.

Musikalsk oppsett og medverkande

Bandet/orkesteret var på plass allereie medio september, med Peter Demirov som kapellmeister. Øvingane tok til medio november. Peter stod for arrangementa og bidrog til eit heilskapleg og profesjonelt musikalsk uttrykk. I bandet elles deltok Rune Ertesvåg (gitar), Kristian Steinsvik (bass), Peter Nygjerde (trommer) og Magne Grimstad jr. (bass/gitar). I tillegg medverka Kirsti Nygjerde, Maria Nygjerde og Arnt Ole Grimstad som koristar. Desse bidrog vesentleg til å løfte fleire av solistinnsлага.

Tomine Sævik Voldsund og Kamilla Grimstad Hagen frå Kyrkjemusikkutvalet fekk, i samarbeid med Magne Grimstad jr., ansvar for å kontakte og invitere aktuelle solistar. Om lag 30 ulike solistar blei spurde, og 16 takka ja til å delta. I tillegg takka Beate Mjøen Berg ja til å framføre juleevangeliet, noko som gav konserten ei tydeleg forankring i julebodskapen.

Erfaringar og forbetningspunkt

Når det gjeld songval, bør det ved framtidige arrangement etterstrebast større variasjon i tempo og uttrykk. I årets konsert var det ein relativt stor overvekt av rolege og ettertenksame songar. Ein noko større del lettare eller meir rytmiske innslag vil kunne bidra til endå større dynamikk i programmet.

Vidare bør ein arbeide for ei jamnare kjønnsfordeling mellom solistane. I år deltok tre menn og fjorten kvinner som solistar. Når bandet blir teke med i rekneskapen, blir fordelinga noko betre, men det er framleis rom for forbetring.

Det ligg òg eit utviklingspotensial i å inkludere fleire solistinstrument. Julenattinéen er ein framifrå arena for å gje unge instrumentalistar høve til å bidra – anten gjennom soloar i samband med bandet og songane, eller ved eigne instrumentale innslag.

Suksessfaktorar

- **Tidspunktet:** 22. desember, tett opp mot julehøgtida, er eit ideelt tidspunkt. Mange kjem heim til jul, og for fleire har julenattinéen vorte ein fast start på sjølve julefeiringa.
- **Lokale artistar:** Arrangementet har utvikla seg til ein viktig møteplass og scene for lokale artistar. Familie, vener og bygdefolk møter opp for å høyre «sine egne», noko som skapar både engasjement og eigarskap.
- **Ulstein kyrkje:** Den gamle trekyrkja frå 1849 rommar ei rik historie og gjev ei heilt særskild ramme rundt arrangementet. Mange har eit sterkt personleg forhold til kyrkja – her er ein døypt, konfirmert og kanskje gift – noko som forsterkar både stemning og oppleving.

Økonomi

Julenattinéen 2025 hadde ei inntekt på kr 119 100 og utgifter på kr 39 600. Dette gav eit overskot på kr 79 500. Det var eit uttalt ønskje frå soknet om både reduserte billettprisar og større overskot - begge delar vart oppfylte.

Billettprisen i 2025 var kr 220. Til samanlikning var overskotet kr 30 905 i 2023 og kr 49 205 i 2024. Billettprisane var då kr 300 i 2023 og kr 270 i 2024.

Konklusjon

Årets julenattiné må seiast å vere ein klar suksess. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom:

- Gjennomført gode og profesjonelle solistinnslag
- Eit stødig og musikalsk sterkt band som la eit trygt fundament for solistane
- Dyktige koristar som bidrog til å løfte fleire av framføringane ytterlegare
- Profesjonelt utført lyd
- Flott sceneoppsett og gjennomtenkt pynting av kyrkja
- Solid og målretta marknadsføring
- To utselde framsyningar

Samla sett framstår julenattinéen 2025 som eit vellukka arrangement, samstundes som det finst eit tydeleg utviklingspotensial vidare – både kunstnarisk og organisatorisk.

Julenattinéen 2025 utgjer eit solid fundament for framtidige gjennomføringar.

Ulsteinvik 15.01.2026

Magne Grinstad jr.

Vedlegg 1

Evalueringsmøte

Tidspunkt:

Onsdag 14. januar 2026 kl. 19-20

Desse møtte:

Peter Nygjerde, Rune Ertesvåg, Christfried Kaul, Michelle Öhmann, Peter Demirov, Kristian Steinsvik, Kamilla G. Hagen, Marie Nygjerde, Andreas Halle og Magne Grimstad jr.

Innspel i tilfeldig rekkjefølgje

- Veldig kjekt å vere med. Vi har fått mykje skryt for gjennomføringa. «Å sjå barnekoret var veldig fint.»
- Takknemleg for å få vere med. Nært, kjekt og varmt arrangement, med tydeleg bodskap.
- Kjekt å vere med. Opplegget var veldig flott. Framføringa av juleevangeliet var svært fin.
- Vi lukkast med å få fram gode solistar. Dei var trygge på scena, og det såg ut som både solistane og bandet kosa seg.
- Veldig takknemleg for å få vere med. Orgeleleven var i ekstase etter framsyninga.
- Borna syntest gratis pizza var stor stas.
- Takknemleg for at vi klarte å gjennomføre julenattinéen med egne og lokale krefter.
- Kjekt at det var publikum under generalprøva. Dei to ordinære framsyningane blei betre.
- «Endeleg fekk eg vere med!» Lyd og lys var framifrå. Folkeleg arrangement, men krevjande å vere konsentrert over så lang tid.
- Fantastisk oppleving. Starten med barnekoret var det finaste. Det var ein leiken og roleg atmosfære før, under og etter arrangementet.
- Marknadsføringa var særst god.
- Det musikalske nivået på solistane var kjempefint.

Forslag til endringar/justeringar:

- Opne for fleire inviterte gjestar på generalprøva
- Større tidsavstand mellom generalprøve og sjølv framsyningane
- Solistar og band bør presenterast munnleg frå scena
- Meir kontrollert utveljing av solistar. Det blei ein litt uryddig prosess


Vedlegg 2

Svar på spørjeskjema

Spørjeskjemaet var sendt til bandet, koristar og alle solistar.


Korleis vil du totalt sett vurdere opplevinga av julenattinéen?

19 svar




I kva grad opplevde du at stemninga i kyrkja formidla jula sitt budskap?

19 svar




I kva grad opplevde du at stemninga i kyrkja formidla jula sitt budskap?

19 svar




Korleis vil du vurdere musikken og songen denne julenattinéen?

19 svar




Korleis vil du vurdere di framføring eller di/dine oppgåver knytt til julenattinéen?

18 svar




Korleis var øvingane og generalprøva?

18 svar



Var lengda på julenattinéen passeleg?

19 svar



**Har du forslag til noko som kan gjerast annleis eller vidareutviklast til neste år?
Song- og tekstforslag. Anna.**

- Ja til lesing av juleevangeliet!! Det var et nydelig innslag. Bruke ulike lokale formidlarar, feks Karianne Sveen Orvik til neste år? Ein ekstra person på tangentar for rikare lydbilde og meir friheit til feks Peter. Bra at den siste var kl 21 og ikkje 22. Enda meir tydeleg julebodskap og hakket mindre av songar med berre «vinterbodskap» om det gir meining. Well done, og gler oss til neste år!
- Tid som barn i kor måtte bruke på venting bør kortast ned.
- Det var litt mange like, rolege julesongar. Kunne med fordel forsøkt eit breidare reportoar neste år. Men flott musikk, fine stemmer og knallstødig band! Kjekt:)
- Notar/arr til koristar dersom ein skal ha det
- Som korist tenker eg det kan vere gunstig å øve meir - og meir konkret. Det var uklart i starten kor mange songar vi skulle vere med på, der vi enda opp med å vere med på fleire songar enn fyrst antatt. Det var gøy å få bidra meir, men resultatet vart kanskje «litt der etter», sidan det vart lite øving i lag med solistane. For å unngå unøddig stress ved ei seinare anledning: ein tidlegare plan over songane som skal korast på og meir øving i lag med solistane.
- Lovsangstoner i julenatt med Jan Horningdal er fin.
- Synest det var VELDIG FINT med opplesing av juleevangeliet i staden for ein appell. Det bør ein halde fram med. Gjorde mykje for julestemninga!
- Veldig kjekt å vere med!

Vedlegg 3

Rekkefølge - Julenattiné 2025

Nr.	Song	Solist
1	Go tell it on the mountain	Alle - Kamilla G. Hagen
2	Ellevill englesong	Korklubben
3	Romjulsdrøm	Malin B. Kristensen
4	Kviskre ei bøn	Solfrid Vestnes
5	Når himmelen faller ned	Anne M. Langnes
6	Carol of the bells (orgel)	Vendel Haugstad
7	Nordnorsk julesalme	Ida Breivik
8	I en stall i Betlehem by	Evy-Gunn Knotten
9	A cradle in Betlehem	Ronald Øvrelid
10	Det lyser i stiller grender	Rune Ertesvåg og Michelle Öhman
11	Juleevangeliet, Lukas 2	Beate Mjøen Berg
12	Mitt hjerte alltid vanker	Øyvind Havåg
13	En krybbe var vuggen	Håkon G. Thormodsæter
14	Do you hear what i hear	Marte S. Skeide/Aurora Bjerkvik
15	Himmel på jord	Thomas F Skeide
16	O come all ye faithful	Rak M Hatløy/Lill Marte A. Solbakken
17	Lys imot mørketida	Sunniva Takeda
18	Deilig er jorden	Alle

Julenattinéen varte vel 75 minutt.

Referat frå felles møte for Ulstein sokneråd og staben ved Ulstein kyrkje

Med utgangspunkt i planverktøyet Kirka vår drøfta sokneråd og stab satsingane for arbeidsåret 2026. Det er valt 5 satsingsområde som både sokneråd og stab har drøfta før som aktuelle for år 2026. Samtalene gjekk føre seg rundt 5 temabord. Alle gruppene var innom alle bord etter tur.

Under er det referert stikkord frå samtalen kring temaborda.

1. Utvikling av frivillighet i kyrkjelyden

Allereie i semesterplan:

- arrangere frivilligfest
- database for frivillige
- oppstart gjevarteneste for kyrkjeleg undervisning og barne- og ungdomsarbeid

Fleire aspekt å drøfte:

- Korleis invitere fleire til å bruke sitt engasjement?

- Korleis utviklar vi kyrkjelyden saman med frivillige organisasjonar?

- Kjekke å gå til gudsteneste når man har ei oppgåve (handler om å vere relatert)
- Være meir frimodig på oppgåver å utfordre til
- Utfordre til frivillighet også utover gudstenesteliv
- Skape rom for å jobbe meir systematisk med frivillighet. Ansvar: > KV / SR
- Å utfordre til oppgåver gir «gyldig grunn» til å delta
- Vanskelegare til å rekruttere til den trad. frivilligheten
- Mål: bygge database ut til ein ressursdatabase
- Informasjon: kva kan du bidra med?
det er langt større potensiale i samfunnet
frivillig engasjement som tiltak mot einsemd
- Kartlegging: Kva treng vi hjelp / frivillige til?
- Kommunikasjon: ha ein agenda / sette ord på frivillighet ved fleire høve og fora
- Utfordre på oppgåver folk kan (og liker å bidra med)
- Skape tryggleik rundt oppgåvene (opplæring)
- Gi rom for «sjølvgåande» initiativ
- Finne fleire samarbeidspartnare

2. Være meir kyrkje for barnefamilier

Allereie i semesterplan:

- Fornyng av barnekorarbeid: planlagt korhelg med Bjarte Leithaug

Fleire aspekt å drøfte:

- Korleis kan vi nå gutar?

- Kan vi utvikle gudstenesteliv til å bli meir attraktiv for barnefamilier?

- Det er vanskelig å få barnefamilier til å prioritere gudstjenesteliv. Det er mange konkurrerende aktiviteter barn er med på, og mange er på hytte i helgene.
- Det er viktig å bygge et fellesskap. Det kan være ved å være en gjeng som forplikter seg på å komme og på å bidra. Da kan man vite at når man kommer, så vil man møte andre barnefamilier. Dette er en viktig motivasjon for å komme. Man kan også bygge felleskap foreldrene imellom. Dette skjer allerede på kveldsmøtene i kirka, men kan også skje ved at man har satsninger spesielt rettet mot menn i 30-40 årsalderen.
- Det er viktig at det er en puls som er lett å følge. Det ligger en utfordring i spesialgudstjenestene med tanke på dette. Det er lett å komme ut av rytmen.
- Det kom inn et forslag om et samarbeid med Verona eller Napoli. At de kunne solgt pizza etter kirketid, så barnefamilier kunne spist middag der sammen.
- Det går også an å samarbeide med kulturskolen, med for eksempel ballett, fele, sang og piano.
- En fungerende søndagsskole ville også gjort det mer attraktivt for barnefamilier. Men foreløpig er det ikke så mange som kommer når det er søndagsskole.
- Både skolen og kirkeaktiviteter har lett for å være mest tilpassa jenter. Det ble derfor snakket en del om hva guttene trenger og liker. Det ble nevnt å ha snekring i tilknytning til preken/gudstjeneste og gjøre det til en aktivitet i forlengelsen av gudstjenesten. Man ser også at aktiviteter som innebærer fysisk aktivitet, som KRIK og speideren allerede har, tiltrekker flere gutter.
- Det ble drøftet hva slags aktiviteter man kan ha på trosopplæringstiltak som Tårnagent, for å gjøre det kjekkere for guttene. Forslag til aktiviteter som kom opp her var byggesett (type «tømmerhus»), gruppeoppgaver med å løse «tekniske» oppgaver og også eksperimenter (se Tords garasje – NRK).
- Andre elementer som ble nevnt var å gi barn oppgaver, som å bære kors eller hjelpe til med andre ting i gudstjenesten. Tidligere ble dette gjort av såkalte «Kyrkjesvalar».
- Det ble også drøftet muligheten for å ha en «Tek-klubb» der man etter hvert kan gå inn i oppgaver som å styre lyd og lage infofilmer.

3. Opne kyrkja for bruk av fleire

Allereie i semesterplan:

- integrering av flyktningar i kyrkja sitt arbeid
- betre tilbod for tilgjengeleg kyrkje i turistsesongen (idéstadiet)

Fleire aspekt å drøfte:

- **Korleis kan vi samarbeide enda tettare med kulturlivet**
- **Korleis kan vi nå menn mellom 30 og 40 år?**
- **Korleis kan vi skape meir uformelle møteplasser?**

Korleis kan vi samarbeide enda tettare med kulturlivet?

- Kultursamarbeid: Treng ikkje å berre samarbeide med kristne organosasjonar, kan også vere andre; HDU, Mållaget, kulturskolen...

- Dei aktivitetane vi har: Få inn i ein felles kulturkalender for kommunen.
- Julinattiné: Bra!
- Kantor samarbeid med kulturskulen: Bra!

Korleis kan vi nå menn mellom 30 og 40 år?

- Aktivitetar med lite førebuing, det vil seie lav terskel for oppmøte.
- Gjerne fysisk: Arena=>ballspel? Fjelltur? Jogge-gruppe for menn, ala KRIK. Konkurransar, Ironman (/woman)?
-
- Arrangement slik at menn kan felles sjå på Fotball-VM (sommar -26), vinter OL (februar - 26), Champions League, Europa League etc.)
- Arr. i samband med fotball-VM: Gudsteneste + afterchurch med kamp. Far/barn-visning av kamp + frukost etterpå?
- Far er «nøkkelen»: Tek-klubb for far/born, sløyd. Kyrkjesvaler (lettare for heile familien å bli med på gudsteneste...)
- Salmer på pøbb trekt fram som døme på arr for menn 30-40.
- Spor-gudsteneste: Intervjuobjekt + tema som tiltaler menn i aldersgruppa 30-40.
- Band? Uformell jam session, kan evt lede til å spele i gudst? Lyd/lys?

Korleis kan vi skape fleire uformelle møteplassar?

- Språkkafé. Tolking av gudstenester til ukrainsk/spansk/andre språk? Revitalisering av tolketenesta.
- Piknik i parken? På fjellet?
- Det vart ein del snakk om aktivitetar for turistar om sommaren:
 - Plakett/infoskriv, som blir ei slags sjølvbetjent vandring i kyrkja. Kan utvidast til audiovisuelle opplegg, med QR-kodar turistrane kan scanne og få opp lyd/bilde.
 - «Tårnagent» for turistar (omvisning, «oppleve» kyrkjebygget).
 - Omvisning i kyrkja i samarbeid med historielaget?
 - Kan ungdommar ha sommarjobb som turistguide i kyrkja? Omtrent som opa vegkyrkje, slik ein del kyrkjer hadde for nokre år sidan?

Nokre av svara kryssar over i fleire av dei tre spørsmåla.

4. Kommunikasjon

Allereie i semesterplan:

- regelmessig arbeid med kyrkjeside, gudstenesteplakat
- oppdatert heimeside

- Facebook som arena for informasjon
- lagt opp til meir bruk av Instagram

Fleire aspekt å drøfte:

- **Korleis når vi inn til mobiltelefonane og kjøleskapsdørene?**
- **Korleis bygger vi relasjonar og kyrkjeidentitet?**

Fysisk kommunikasjon:

- dele ut i døra i kyrkja, både oversikt over kalender og enkeltarrangement! (må lagast i "hand-format" på førehand)
- halde fram med aktiv bruk av tavla framfor kyrkjeporten - pass på å halde oppdatert!
- lage ein "info-film" som ein del av, eller i staden for, kunngjeringar, både for enkeltarrangement og faste ting som skjer. Kan også fungere fint på Instagram.

Digital kommunikasjon:

- halde fram med arrangement på Facebook i god tid i forvegen.
- Instagram-takeover frå diverse element i kyrkjelivet (ten sing, trusopplæring, kyrkjemusikalsk osv) vise breidda av kyrkjelydsarbeid.
- felles "Ulstein-kalender" for heile Ulsteinvik (fins allereie?) få innpass og aktiv bruk.
- Felles kyrkjekalender for alle kyrkjesamfunna i Ulstein?
- Tek-klubb for ungdomar (spesielt retta mot gitar?) --> kan til dels drifte digitale plattformer, og få opplæring i ansvarleg SoMe-liv og GDPR-reglar.
- "Kjem du?"-grupper på Facebook. Halde kvarandre ansvarlege og "accountable".

5. Legge bort / gjere på andre måtar

Allereie i semesterplan:

- nokre endringar i plan for kyrkjeleg undervisning
- samarbeid om ungdomsarbeid og undervisning i Ytre Søre

Fleire aspekt å drøfte:

- **Er det andre område vi samarbeide med andre kyrkjelydar om?**
(t.d. kor / musikktilbod?)
- **Er det arbeid / arrangement som vi stiller spørsmål ved om det framleis er hensiktsmessig å jobbe med? Kan vi konsolidere det, ta ei pause eller bør vi slutte med det?**

Andre områder å samarbeide med kyrkjelydar om?

- halde fram med arrangement på Facebook i god tid i forvegen.
- Tensing? Fått med Herøy? Hareid? Sande?
- Kordagar - samarbeid på tvers av sokn
- Søndagsskule:
 - Med andre kyrkjer? Frikyrkja?
 - Må satse på vår eigen, ikkje samarbeide

- Ikkje gode nok til å marknadsføre på tvers av kommunegrensa (Særleg Hareid-Ulstein). Invitere kvarandre meir til arrangement, t.d. torsdagskveldar. Men kanskje aller best om det vert reklamert som eit fellesarrangement.
- Kyrkje som kulturarena, jobbe for meir samarbeid med t.d.:
- Mållaget, kor, korps
- Revitalisere Kyrkjesvale-konseptet
- Ungdomsarbeid – kjekkare til fleire som er med. Aktuelt med kafè? (men har nattkafè på filadelfia no), samordne datoar med andre sokn og evt. sette opp felleskøying (av foreldre).

Arbeid/arrangement – framleis hensiktsmessig? Konsolidere det? Pause? Slutte med?

- Drypp – Pause? Styrke? Endre?
- Er det noko staben brukar uforholdsmessig mykje tid på i forhold til kva ein får igjen?
- Også tenke på at t.d. korklubben og minikrik er ein slags «søndagsskule».

REFERAT DIAKONIUTVALG 27.01.26

Disse møtte: Cecilie Frantsen Skeide, Monica Tokheim, Mari Ann Vattøy og Karine Sæter

Ball og bingo

- Én gang i halvåret
- Finne en ny dato for våren: 25. mars
- Bingoverd? Tokheim? Hanne? Monica spør.
- Gevinster. 30-50kr. Har vi noen penger vi kan bruke på dette? 20 gevinster.
- En eller to runder? Kanskje det holder med én.
- Potetball, og pølser til barna som vil ha.
- Kaffe og twist.
- Litt aktiviteter og leker nede til barna.
- Trenger vi blokker til bingo? 1 brett og en penn til hver.
- Tidspunkt: Kl. 1600-1800. Bingo ca. kl. 16:45.
- Viktig å ha nok hjelp til å rydde opp.

Frivilligfest

- Torsdag 5. mars kl. 20.00
- Sjekke listen over frivillige i diakonien, om alle er med.

Hjelpesending Ukraina

- Det er helt forferdelige forhold i Ukraina nå. Folk er strømløse og fryser. 20 minus ute.
- Hjelpesendingen skal til fronten. Vi vet at det kommer frem, og vi vet at det kommer frem fort.
- De vil veldig gjerne ha suppeposer som de kan putte 2 dl vann i og varme over stearinlys.
- De vil også veldig gjerne ha ullundertøy til menn.
- Kan vi gjøre mer?
- Er det plass i flere biler?
- Det har kommet ut i avisen, så kanskje det kan gjøre at folk gir mer.
- Ullsokker som blir strikket på strikkekveld.
- Vi trenger også mer tråd.

Familiegudstjeneste NMS 1. mars (misjonsprosjektet i kirka vår)

- Korklubben skal være med.
- Bente Anita skal ha preken.
- Fokus på misjonsprosjektet i gudstjenesten.
- Misjonsflagg – flaggborg som inngang.

- Bønnevandring som er kjekkere for barna: kjærlighet på pinne som blir delt ut, prest tegner kors, det fineste Gud har skapt (speil i boks), tenne lys. Kanskje vi trenger noen flere her som kan stå på post. Vi i diakoniutvalget?
- Dele ut flyers om misjonsprosjektet?
- Fredheim etterpåk: Aktiviteter med ulike poster i Fredheimskjelleren etterpåk. Nakke negler? Håndbak? Kims lek? Oppe på Fredheim er det tombola lynlodd. Jentespranget (NSM-misjonsforening) har kirkekaffen.
- Cecilie holder tråden på dette. Sender melding til oss om dette.

Kyrkjelydsfest 31. mai

- Karine spør KRIK og søndagsskolen om de vil være med på møte. Spørre Mini-KRIK ledere om de vil være med også. Trygve må også være med.
- Bestille hoppeslottet – søndagsskolen. (Karine)
- Sette en dato for møte med dem. Tirsdag ettermiddag/kveld? 14. april på kirkekontoret. 1800 eller 2000 for eksempel?
- Vi må ha noen til å ta kano (Christfried er vekk) – Noen speiderfolk?

Hvordan få med flere frivillige? F.eks. til kirkekaffe.

- Ta med til K-gruppene om det er folk som kan stille på kirkekaffe.
- Felles oppfordring om å ta med kake og legge i fryseren en gang i halvåret.
- Staben setter frem bord og stoler til kirkekaffe.
- Vanskelig å få med folk til å ha kirkekaffe.
- Greit å være tre stykker til å ha kirkekaffen om gangen.
- Folk er opptatt av kosthold – kan det være en faktor?
- Kanskje man bør ha knekkebrød og ost ved siden av kakene.
- Viktig arbeid i forhold til å være et inkluderende fellesskap og i forhold til forebygging av ensomhet.

Ref. Karine Sæter



DEN NORSKE KYRKJA

Gudstenesteutvalet – Ulstein sokn

Referat frå møte i gudstenesteutvalet

Dato: 27.01

Til stades: Øyvind Grimstad Hagen, Hanne Kervel Fjærtøft, Mali Åm, Karianne Sveen Orvik, Michelle Öhman, Mirjam Håland Igland

1. Våren

Speidargudsteneste

- Positive til speidargudsteneste ute på Hatløya.
- Må sikre nok båtskyss.
- Avklare og samarbeide vidare med speidarane.
- Ønske om å få til ei gudsteneste i samarbeid med KRIK.
- Kanskje best å legge denne til hausten ifbm oppstarten. 27.09 aktuell dato.

Lovsongmøte

- Tverrkirkjeleg lovsongsmøte saman 2. pinsedag.
Miriam følgjer opp dette, tek kontakt med Kirsti Nygjerde.

2. Hausten

Vi såg på gudstenestelistene for hausten.

- Innspel om at fellesgudstenesta på Alive må ha ei form som passar for breidda. Øyvind tek dette vidare.
- Speidargudsteneste må vi få plass til i løpet av hausten
- Samarbeid med KRIK om ei “Fullpakke”-gudsteneste 27.09.
- Adventsnatt: Vart ikkje arrangert i år grunna lite påmelding (FirstLegoLeague til Sandnes gjorde at mange meldte seg av). Kanskje invitere to årstrinn neste år?

Julegudstenester

- I 2025 var det gudstenester kl. 14.30 og 16.00.
- Vurdere om ein skal starte tidlegare (t.d. kl. 13/13.30).
- Spørsmål om behov for fleire gudstenester.
- Kom ikkje til nokon konklusjon her, men med to stappfulle (også nokon som snudde) gudstenester i 2025 må ein vurdere korleis flest mogleg skal få høve til å ta del i gudsteneste på julaften.

3. Søndagsskule og barne- og familiearbeid

Innspel:



DEN NORSKE KYRKJA

Gudstenesteutvalet – Ulstein sokn

- Setje fokus på nokre utvalde gudstenester som er godt tilrettelagt for “søndagsskulealder”.
- Hasund søndagsskule får til mykje bra! Viktig å informere om når der er søndagsskule og også invitere dei med i kyrkja spesielt på dei aktuelle datoane i pkt over.
- Korleis engasjere dei ulike aldrane? Kyrkjесvare vart også nemt. Full-pakke-gudstenestene har vore bra. Viktig at vi treff på datoar.
- Treng vi ein ny strategi for korleis vi best mogleg skal få engasjert og aktivert fleire småbarnfamilier til å møte til gudsteneste?

Oppfølging til neste møte

- Avklare båtskyss og samarbeid med speidarane rundt Hatløyaturen og gudstenesta der.
- Starte planlegging og samle frivillige krefter som vil vere med på lovsongsmøte 2.pinsedag.
- Staben ser også på gudstenestelistene til hausten.

Kyrkjemusikkutvalg møte 03.02.2026

Medverkande: Gunn Marthe, Tomine, Andreas, Kamilla, Michelle

- *Evaluering Julenattine*
 - o *Korleis vart det opplevd frå publikum?*
 - o *Korleis vil vi gå vidare?*

I eigenskap av publikum vart konserten ei positiv oppleving. Kjekt at kyrkja vart stappfull to gonger og å få sjå mange nye ansikt på scena. Juleevangeliet var veldig flott framført av Beate Mjøen Berg og det var kjekt at barnekoret var med. Nokon nemnde i tidlegare evaluering at dei sakna introduksjon til kvar solist, men eg er ikkje einige i det og synest det var god flyt som det var.

Nokon sakna å høyre ein nyutgitt song, slik det tidvis har vore tidlegare år. Det var mange sekulære, vakre julesongar men det kunne gjerne ha vore fleire songar med tydelegare kristent budskap. Sammensettinga av musikken kjendes litt lik og det kunne gjerne ha vore meir variasjon i instrumenteringa, for eksempel at andre instrumentalistar hadde fått kome fram og fått skinne meir. Tydeleg at nokre tek meir plass enn andre. Saknar andre deltakande instrument i komp som er med og fargar musikken.

Ønskjer betre struktur i prosessen med å finne solistar, og tydelegare retningslinjer. Nokon hadde meiningar om at ein einskild solist ikkje var lokal. Utvalet synest ikkje at det var noko problem. Forslag: Ta utgangspunkt i at det må vere lokale musikarar/sangarar, men at unntak kan gjerast i einskilte tilfelle dersom det fyller ei funksjon eller gir noko verdi i programmet. Første prioritet er å la nye songarar få sjansen, framfor å bruke dei same som tidlegare år. Prøva framover at ha meir variasjon, f.eks. i type songstemme, kjønnsfordeling og songval.

Musikkutvalet er positive til å spørje Magne om å leia neste julenattine igjen.

- *Orgelrenovasjon status + Jubileum*

Statusen no er at det pågår ein anbodskonkurranse mellom to orgelbyggjarar men at ein større renovering skal i utgangspunktet skje om våren.

Michelle ønskjer å arrangere eit orgeljubileum i slutten av eller etter sommaren for å markere at orgelet fyller 50 år.

- *Vårens konserter 2026*
 - o *Toner i fastetid 25.02 / 26.03*
 - o *Jazz & Koral 18.04*
 - o *Norwegian Gospel Voices 11.04*
 - o *Bjarthe Leithaug + barnekor 25.04*

Michelle informerte om konsertane som er planlagde til våren. Til Bjarthe Leithaug-konserten blir Korklubben og Tweening i tillegg til Småtroll og barnekantori på Hareid med. Dette kan vere ein god rekrutteringsarena for å få nye songarar til koret. Andre

måtar å rekruttere på kan vere Facebook-innlegg via Ulstein kyrkjelyd si side – slik at folk kan dele. E-post til dei som var med på dåpsskulen. Andre truopplæringstiltak som kan vere aktuelle for Tweening. Plakatar på skulane, er det lov?

Det kunne ha vore eit oppdrag for ein eventuell Video/reklame-gruppe i Ten Sing, om den gruppa hadde vore aktiv, å lage ein reklamevideo.

- *Vårens gudstenester*
 - o *Påskehelgen*
 - o *Folketonemesse 10.05*
 - o *Kristi himmelfart – Utegudsteneste 14.05*
 - o *Andre pinsedag 25.05 - Tværkirkelig ekumenisk lovsångskveld*
- *Involvering av blås/korps*

Det har vore vanskeleg å få blåseinstrument til samarbeid om hausten. Tips om å høyre med Ann Katrine Barstad.

- *Bluesgudsteneste*
 - o *Ideer?*
 - o *Kven kan vere interessert?*

Tips:

Sindre Løvik – ”bluesprest” - man til Ingeborg Matre

Bakarbandet

- *Gjestartister*
 - o *Duodanica*

Det har kome ei konsertførespurnad til Michelle frå ein svensk duo om å framføre ein sommarkonsert hjå oss. Utvalet var litt usikker på om Duodanica hadde vore aktuell for publikum her i Ulsteinvik og vil tenke litt meir på det. Vi såg på turneen deira i 2026 og dei har for augeblinken ikkje vegane forbi Noreg.

Forslag på andre artistar:

Trygve Skaug – har kome på tale tidlegare.

Salmer på pub – populære, mulig vi kan invitere de hit igjen?

- *Musikalprosjekt*

Musikalføringa har eit ynskje om å sjå om det er mogleg å få til eit musikalprosjekt anten i kyrkja eller på Sjøborg eventuelt. Jesus Christ Superstar har vore på tale. Utvalet meiner at det er eit stort arbeid som skal til, mykje jobb og ressursar. Det er bra om det finst folk som er drivne og kan ta på seg ansvaret, og er elles positive til ei musikalførestilling. Men konklusjonen er at ikkje kyrkja skal vere den drivande krafta, men heller at kyrkja låner ut lokalet til dei som vil drive prosjektet.

- *Øvrige punkter*

Det har tidlegare vore snakk om å kjøpe eit nytt elpiano til kyrkja. På tide å ta det opp att.

Christfried Kaul

Fra: Mali Åm <mali_am@yahoo.com>
Sendt: mandag 2. februar 2026 20:52
Til: Christfried Kaul
Emne: Fwd: Innkalling til årsmøte i Kirkens SOS Møre og Romsdal

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Carl-Axel Bang-Ellingsen <carl-axel@kirkens-sos.no>
Dato: 28. januar 2026 kl. 13:39:32 CET
Kopi: Jan Kåre Aurdal <jan.kare.aurdal@sunnmoreregionrad.no>
Emne: Innkalling til årsmøte i Kirkens SOS Møre og Romsdal

Kjære medlemsmenighet!

25. mars kl. 18.00 er det tid for årsmøte i Kirkens SOS Møre og Romsdal. Møtet holdes digitalt, som tidligere, og sakspapirer vil bli sendt ut senere.

Med denne meldingen ber vi om at du:

- Bekrefter om din menighet skal delta eller ikke
- Begynner å tenke på om din menighet har saker dere ønsker å melde inn til agendaen
- Melder inn oppdatert kontaktinformasjon dersom du ikke lenger er rett mottaker av denne henvendelsen

Så litt annen informasjon:

Vi benytter anledningen til å takke menighetene som sendte offer til Kirkens SOS i løpet av fjoråret. Dette utgjorde til sammen en verdifull del av regnskapet vårt, og gjør det mulig å fortsette med rekruttering og veiledning frivillige medarbeidere i hele fylket.

Det vil snart bli sendt ut faktura for medlemskontingent, og også en liten postforsendelse med skriftlig materiell. Materiellet består av små kort rettet mot dem som trenger noen å snakke med, og mot dem som kan tenke seg å bli frivillig medarbeider i Kirkens SOS. Si i fra hvis det er ønske om mer materiell, og videresend gjerne kortene til den/dem i menigheten som er relevant.

På vegne av senterstyret i Møre og Romsdal,

Carl-Axel Bang-Ellingsen
Leder
Kirkens SOS Møre og Romsdal
+47 70 10 09 92



Støtt vårt arbeid - vipps 216000

F-SAK 2026/01 Fornyng av delegasjonsreglement

UTGREIING

Vedlegg: *utkast delegasjonsreglement 2026*

Ulstein kyrkjelege fellesråd driver sitt arbeid etter eit delegasjonsreglement på grunnlag av sentrale forskrifter for kyrkjeleg verksemd og Gravplasslova og skal gi

Delegasjonsreglementet skal bidra til effektiv forvaltning, klåre ansvarsforhold og forsvarleg internkontroll og skal bli revidert ein gong per valperiode.

Det vedlagde utkastet er utforma ved samanlikning med delegasjonsreglement i andre fellesråd og ved hjelp av KI

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek revidert delegasjonsreglement.

Delegasjonsreglement for Ulstein kyrkjelege fellesråd

1. Føremål

Dette delegasjonsreglementet fastset kva mynde Ulstein kyrkjelege fellesråd delegerer til leiar av fellesrådet, kyrkjeverje/dagleg leiar og andre underordna organ eller stillingar.

Delegasjon skal bidra til effektiv forvaltning, klåre ansvarsforhold og forsvarleg internkontroll.

Reglementet skal:

- fremje ei hensiktsmessig fordeling av ansvar og mynde mellom fellesrådet og dagleg leiar/kyrkjeverje
- gi tryggleik og effektivitet i den operative drifta
- klargjere kven som har avgjerdsmynde på ulike nivå
- gi politisk valde og tilsette oversikt over delegasjonar i fellesrådet

2. Oppgåver og ansvar

Reglementet er utarbeidd i samsvar med gjeldande ordning for Den norske kyrkja, mellom anna:

- Kyrkjeordninga for Den norske kyrkja (§§ 16, 17 og 41)
- Gravplasslova og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kyrkje
- Andre relevante lover og forskrifter som gjeld drift og forvaltning av kyrkjeleg verksemd

Fellesrådet har ansvar for:

- administrative og økonomiske oppgåver i felles kyrkjeleg sektor
- drift, vedlikehald og utvikling av kirkelege bygg og anlegg
- gravplassforvaltning og gravferdsrelaterte oppgåver
- arbeidsgjevaransvar for tilsette under fellesrådet sitt budsjett

3. Prinsipp for delegasjon

1. Fellesrådet har det overordna ansvaret og kan når som helst trekkje tilbake delegert mynde.
2. Delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, reglement, budsjettvedtak og politiske føringar frå fellesrådet.
3. Saker av prinsipiell karakter, eller saker av stor økonomisk eller strategisk tyding, skal leggjast fram for fellesrådet.
4. Delegert mynde omfattar ikkje mynde som etter kyrkjeordninga er lagt eksklusivt til fellesrådet.
5. Den som får delegert mynde, har ansvar for forsvarleg saksbehandling og rapportering.

4. Mynde og ansvar som ligg til Ulstein kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet skal sjølv fatte vedtak i saker som:

- Vedtak om budsjett, økonomiplan og årsrekneskap
- Prioriteringar som har strategisk betydning
- Oppretting, nedlegging eller vesentleg endring av stillingar
- Val og oppnemning der dette følgjer direkte av kyrkjeordninga
- Vedtak i saker der lov eller kyrkjeordning krev handsaming i fellesrådet
- Vedtak om kjøp, sal eller pantsetjing av fast eigedom
- Klagesaker på administrativt nivå
- Prinsipielle spørsmål om gravplassvedtekter og lokal gravplasspolitikk

5. Delegasjon til leiar av fellesrådet

Leiar av fellesrådet har delegert mynde til å:

- leie møta i fellesrådet
- godkjenne saksframlegg og prioriteringar saman med kyrkjeverje/dagleg leiar
- representere fellesrådet overfor kommunen og eksterne samarbeidspartnarar
- Signere protokollar og dokument på vegner av fellesrådet
- fatte avgjerd i hastesaker som ikkje kan vente til neste møte, med plikt til å orientere fellesrådet etterpå

6. Delegasjon til kyrkjeverje / dagleg leiar

6.1 Administrativ leiing

Dagleg leiar/kyrkjeverje har delegert mynde til å:

- leie den daglege verksemda i samsvar med vedtak, økonomireglement og mål frå fellesrådet
- utarbeide saksframlegg og innstillingar til fellesrådet
- utøve arbeidsgjevaransvar innanfor vedtatt budsjett
- Tilsetje vikarar og mellombelse stillingar innanfor vedteke budsjett
- Følgje opp HMS-arbeid og internkontroll
- inngå vanlege avtalar innanfor tildelt mynde

6.2 Økonomiforvaltning

- disponere budsjettmidlar innanfor vedteke budsjett og økonomireglement
- Godkjenne rekningar og inngå avtalar innanfor fastsette økonomiske rammer
- Attestere og anwise utbetalningar i samsvar med interne rutinar

6.3 Personalforvaltning

- Iverksetje tilsetjingar i faste stillingar når stillinga er oppretta av fellesrådet
- Følgje opp medarbeidarsamtalar, kompetanseutvikling og arbeidsmiljø
- Handsame permisjonssøknader og andre personalsaker som ikkje er av prinsipiell karakter

6.4 Gravplassforvaltning

Dagleg leiar/kyrkjeverje har delegert mynde til å utøve fellesrådet sitt ansvar som lokal forvaltar av gravplassane, og til å:

- Utøve fellesrådet sitt ansvar som lokal forvaltar av gravplassane i det daglege
- Forvalte gravplassar i samsvar med gravplasslova, forskrifter og lokale vedtak
- Handsame søknader om gravferd, feste av grav, forlenging og oppseiing av feste
- Fastsetje praktisk gjennomføring av gravlegging, kremasjon og urnenedsetjing
- Gje pålegg og ta avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter
- Syte for forsvarleg drift, vedlikehald og utvikling av gravplassane innanfor vedteke budsjett

7. Vidaredelegasjon

Kyrkjeverja kan vidaredelegere avgrensa mynde til andre leiarar eller tilsette når dette er føremålstenleg, så lenge:

- Vidaredelegasjonen er skriftleg
- Ho ligg innanfor rammene av dette reglementet
- Fellesrådet blir orientert

8. Rapportering og kontroll

Den som utøver delegert mynde, skal rapportere til fellesrådet i samsvar med fastsette rutinar.

Fellesrådet skal jamleg føre kontroll med at delegert mynde blir utøvd i samsvar med gjeldande regelverk og vedtak.

9. Revisjon av reglementet

- Delegasjonsreglementet skal minst ein gong per valperiode vurderast og eventuelt reviderast
- Endringar skal vedtakast av fellesrådet og trer i kraft første arbeidsdag etter vedtaket.

Vedteke av Ulstein kyrkjelege fellesråd den _____

F-SAK 2026/02 Fornyning av økonomireglement

UTGREIING

Vedlegg: *utkast økonomireglement 2026 med utheva endringar*

Økonomireglementet har ikkje blitt revidert sidan 2012. Forslaget for ein revidert version tek høgde for oppdaterte sentrale forskrifter og endra kontoplan for KOSTRA. Det er teken med punkt om habilitet, internkontroll og presiseringar for fullmakt til kyrkjeverje.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek revidert økonomireglement



ØKONOMIREGLEMENT

for

Ulstein kyrkjelege fellesråd/ Ulstein sokn

2026

INNHALD

1. Generell del	4
1.1 Lov og forskrift	4
1.2 Bakgrunn	4
2. Årsbudsjettet	4
2.1 Ansvarsinndeling	4
2.2 Tenesteinndeling	4
2.3 Art i kontoplanen	4
2.4 Element i kontostrengen	4
2.5 Spesifikasjonar	5
2.6 Utarbeiding og vedtak	5
3. Tilvising og handsaming av faktura	5
3.1 Generelt om tilvising	5
3.2 Tilvisingsmynde	5
3.3 Handsaming av faktura	6
3.4 Gangen i fakturahandsaming	6
4. Budsjettendringar gjennom året	6
4.1 Fullmakt til kyrkjeverja	6
4.2 Endringar i driftsbudsjettet	6
4.3 Overskriding	6
4.4 Rapportar	6
5. Rekneskapsprinsipp og avslutning.....	6
5.1 Grunnleggande rekneskapsprinsipp	6
5.2 Finansielt orientert rekneskap	7
5.3 Meirverdiavgiftskompensasjon	7
5.4 Uteståande krav (fordringar)	7
5.5 Notar	7
5.6 Avslutning	7
5.7 Revisjon	7
5.8 Handsaming	7
6. Disposisjon av bankkontoar.....	7
7. Fond	8
7.1 Avsetjing til fond	8

7.2	Bruk av fond	8
7.3	Størleiken på soknet sitt disposisjonsfond	8
8.	Investeringar	8
8.1	Føringsprinsipp	8
8.2	Skilnad på drift og investering	8
8.3	Planlegging av investeringsoppgåver	8
8.4	Innhenting av tilbod	8
8.5	Melding til kommunen	8
8.6	Oppfølging	9
8.7	Avslutning av investeringstiltak	9
9.	Innkjøpsreglar	9
9.1	Generelt	9
9.2	Innkjøpsavtalar	9
10.	Sal av materiell	9
	Vedlegg til økonomireglementet	9

1. Generell del

1.1 Lov og forskrift

- Kirkeordningen for Den norske kirke § 14 4.ledd
- Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellelsråd og menighetsråd i Den Norske kirke

1.2 Bakgrunn

Økonomireglementet skal beskrive hovudreglane for styringa av økonomien i soknet. Det skal klargjere ansvaret til fellelsråd og administrasjon v/kyrkjevevje, og rettar og plikter for bruk av budsjettet, budsjettendringar, rapportering og oppfølging, og delegering.

Reglementet skal vere eit hjelpemiddel for god økonomistyring og realisering av soknet sine målsettingar.

2. Årsbudsjettet

Rekneskapsføring og rapportering skjer i samsvar med KOSTRA- krava frå SSB.

2.1 Ansvarsinndeling (4 siffer)

Ansvar viser det administrative myndet til å disponere ei løyving til ulike føremål, og utgjer tredje delen av kontostrengen:

- 1000 Kyrkjeleg administrasjon
- 2000 Kyrkja
- 3000 Gravplassar
- 4100 Kyrkjeleg undervisning
- 4110 Trusopplæring og barn (blir snart lagt saman med 4100)
- 4200 Diakoni
- 4300 Kyrkjemusikk og –kultur
- 4500 Open barnehage (4400 Barn og ungdom)

2.2 Tenesteinndeling eller funksjon (3 siffer)

Samling av ansvarsområde og utgjer andre delen av kontostrengen:

- 041 Kyrkjeleg administrasjon
- 042 Kyrkja
- 043 Gravplassar
- 044 Andre kyrkjelege formål
- 045 Barnehager
- 089 Finansieringstransaksjonar

2.3 Art i kontoplanen drift (5 siffer)

Inndeling etter ulike art:

- 30100 – 30990 konti for lønskostnader
- 31000 – 31990 konti for kjøp av varer og tenester

-	32000 – 32900	konti for kjøp og vedlikehald av inventar og utstyr
-	33000 – 33900	konti for refusjoner og overføringer
-	34000 – 34900	konti for tilskot, gåver og overføringar til andre
-	35000 – 35900	konti for finanskostnader og avsetningar til fond
-	36000 – 36900	konti for sal av tenester
-	37000 – 37900	konti for refusjonar og overføringar til UKF
-	38000 – 38900	konti for tilskot og gåver til UKF
-	39000 – 39900	konti for finansinnteker og bruk av fondsmidlar
-	42000 – 49800	konti for investeringsprosjekt

Artskontoplanen følgjer som vedlegg 1

2.4 Element i kontostrengen

Ved kontering skal kontostrengen innehalde:

Art(5 siffer) – ansvar (4 siffer) – teneste (3 siffer)

Ekstra element i kontostrengen kan vere spesifikasjon (5 siffer) eller prosjekt (6 siffer).

Dette for å kunne rapportere utgifter til bestemte føremål på ulike kontoar. (sjå punkt 2.5)

Spesifikasjonar er for å spesifisere økonomien for eit område innanfor eit ansvarsområde.

Prosjekt er for å kunne ha oversikt over økonomien for eit område innafor eit gitt tidsrom (t.d. stønad og tilskot til satsingsområde, eller for å synleggjere økonomien for eit større enkeltarrangement)

Ved behov kan kyrkjeleverja få nye spesifikasjonar og prosjekt med kommunen sin rekneskapsfører.

2.5 Spesifikasjonar

Ulstein sokn har desse spesifikasjonane:

-	20000	vedlikehald av kyrkja
-	30000	vedlikehald av gravplassane
-	31000	gravstell
-	41000	konfirmantleir
-	41100	samarbeid kyrkjeleg undervisning
-	42000	samarbeid integrering av flyktningar
-	43000	Jazz & Koral
-	43001	Julenattiné

2.6 Utarbeiding og vedtak

I følgje avtale mellom soknet og kommunen har partane ein intensjon om å klargjere budsjettramme for soknet etter drøftingar på slutten av første halvår året før. Dette gir klarsignal for soknet til å starte budsjettarbeidet.

Årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistisk, jf. forskrift om økonomiforvaltningen § 4.

Budsjettvedtak skal normalt gjerast innan november månad.

Dersom dei økonomiske rammevilkåra vert endra, skal sak om budsjettregulering vedtakast i fellelsrådet seinast ein månad etter at dei nye rammevilkåra er kjent.

Vedteke budsjett inneber at kyrkjeverja får fullmakt til å disponere midlane innanfor dei vedtekne rammene.

3. Tilvising og handsaming av faktura

3.1 Generelt om tilvising

Før utbetaling skjer, skal det ligge føre tilvising, det vil seie ein utbetalingsordre for den som har mynde til å gi slik ordre. Dette kan skje på papir, men mest vanleg elektronisk. Faste lønningar og andre uendra årsutgifter og renter og avdrag på gjeld, kan utbetalast etter såkalla ”ståande tilvisingar”, dvs. tilvisingar som gjeld til anna ordre vert gitt.

3.2 Tilvisingsmynde

Ulstein kyrkjelege fellesråd delegerer tilvisingsmynde til kyrkjeverja (vedlegg 2 til økonomireglementet)

Kyrkjeverja kan utføre intern delegering av slik mynde (vedlegg 3 til økonomireglementet) Den som er gitt delegert tilvisingsmynde, kan ikkje delegere denne vidare utan kyrkjeverja si godkjenning.

Tilvisingsmyndet skal vere gitt skriftleg, med kopi til rekneskapsansvarleg og revisor. Det skal gå fram kven som har tilvisingsmynde, på kva ansvar og signaturprøve (vedlegg 4 til økonomireglementet).

Oppheving av tilvisingsmynde skal skje skriftleg (vedlegg 5 til økonomireglementet)

3.3 Handsaming av faktura

Berre lønns- og honorartilvising skal skje manuelt. Andre utbetalingar skal skje elektronisk. Unntaket kan vere dersom faktura frå utlandet skal handsamast.

3.4 Gangen i fakturahandsaming

Faktura skal normalt sendast om kyrkjekontoret. Den skal konterast og attesterast av kontorsekretær (dette skjer elektronisk, med få unntak (sjå punkt 3.3)). Kontering angir rett konto, ansvar, teneste og eventuelt spesifikasjon. Ei attestering tyder at vara er komen eller tenesta gitt, og at fakturaen er rett. Kyrkjeverja eller den som kyrkjeverja har gitt fullmakt, har ansvar for at timelister er gjennomgått og funne rette, også i forhold til utført arbeid. Faktura går deretter til kyrkjeverja, eller den han/ho har gitt delegert mynde, for tilvising, og utbetaling frå økonomikontoret.

3.5 Habilitet

Personar som tek del i saksførebuing, attestering, tilvising eller vedtak i økonomiske saker, skal vere habile etter reglane i forvaltningslova. Ingen skal delta i handsaming av saker der vedkomande har personlege eller økonomiske interesser som kan svekkje tilliten til avgjerda.

Dersom det er tvil om habilitet i ei økonomisk sak, skal spørsmålet avklarast før saka vert handsama, og den inhabile skal tre til side.

4. Budsjettendringar gjennom året

4.1 Fullmakt til kyrkjeverja

Kyrkjeverja har fullmakt av fellelsrådet til å overføre beløp mellom artsgruppe 0 til 5, og å auke utgiftene tilsvarande auka inntekter i artsgruppene 6 til 9. Postar for lønn og sosiale utgifter kan berre endrast etter godkjenning av fellelsrådet.

Fullmakta kan ikkje nyttast til varige endringar i tenestetilbod eller avgjerd med framtidige økonomiske konsekvensar utan fellelsrådsvedtak

Kyrkjeverja har fullmakt til å auke utgiftspostar ved bruk av meirinntekter (sjå punkt 4.2)

4.2 Endringar i driftsbudsjettet

Dersom det oppstår meirinntekter på over kr. 50.000 innan eit ansvar, skal summen disponerast av fellelsrådet.

4.3 Overskriding

Har eit driftsområde overskride budsjettet, må kyrkjeverja vurdere om overskridingane er av ein slik art at fellelsrådet si løyving på årsbasis ikkje er tilstrekkeleg. Kan ikkje overskridinga, etter kyrkjeverja si vurdering, dekkast inn i løpet av året, legg kyrkjeverja fram sak for fellelsrådet.

4.4 Rapportar

Kyrkjeverja har ansvar for å utarbeide tertialrapportar, ein i mai(for perioden januar-april) og ein i september (for perioden januar-august). Rapportane skal vise om verksemda vert driven i samsvar med dei rammene som fellelsrådet har gitt.

5. Rekneskapsprinsipp og årsavslutning

5.1 Grunnleggande rekneskapsprinsipp

Ulstein sokn følgjer det same rekneskapsprinsippet som kommunen, anordningsprinsippet. Definisjon i følgje rekneskapsforskrifta § 7:

Alle kjente utgifter/utbetalingar og inntekter/innbetalingar i året skal takast med i løyvingerekneskapen for vedkomande år, anten dei er betalt eller ikkje, når rekneskapen vert avslutta.

Prinsippet seier at alle kjende utgifter og inntekter skal tilførast og bokførast på rett år, utan omsyn til om inn- eller utbetaling er gjort. Sentralt i periodiseringa av utgifter er om varer/tenester er mottekne av soknet, og for inntekter om varer/tenester er levert frå soknet til kundane. Det som tel med omsyn til om vara/tenesta er levert /motteken, er om det har funne stad ein overgong av risiko og kontroll til mottakar (soknet eller kunden).

5.2 Finansielt orientert rekneskap

Inntekter og utgifter i fellelsrådssamanheng er finansielt orientert, det vil seie at det er kjøpet av varer, tenester og produksjonsmiddel, samt finansieringa av dette, som er det sentrale.

5.3 Meirverdiavgiftskompensasjon

Gjeld for soknet som ikkje driv avgiftspliktig verksemd. Kompensasjonen skal inntektsførast samla for soknet. **Krav om meirverdiavgiftskompensasjon blir utarbeida av økonomiavdelinga i kommunen, på grunnlag av rekneskapsført dokumentasjon. Kravet blir revidert av revisor, før endeleg innsending og rapportering til Skatteetaten.**

Uteståande krav (fordringar)

Når ein faktura ikkje er betalt av ein brukar, trass i fleire purringar, skal saka leggjast fram for fellesrådet, som må ta avgjerd om ei sak skal gå til inkasso eller kravet skal avskrивast

5.4 Notar

Summar som treng forklaring/presisering i rekneskapen, skal utdjupast med notar . Notane skal nummererast, og visast i eiga kolonne.

5.5 Avslutning

Fellesrådet sin rekneskap vert ført av Ulstein kommune gjennom inngått tenesteytingsavtale. Rekneskapen for eitt år skal vere avslutta innan 1.mars det påfølgjande året. Dette er i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd.

5.6 Revisjon

Revisor skal ha rekneskapen i hende snarast råd etter 1.mars, og levere revisjonsmelding til fellesrådet innan 1.april.

5.7 Handsaming

Rekneskap med revisjonsmelding skal leggjast fram for fellesrådet til endeleg handsaming innan utgangen av april. Rekneskap med revisjonsmelding, og fellesrådet sitt vedtak skal leggjast fram for kyrkjelydsmøtet til orientering.

5.8 Internkontroll

Fellesrådet skal sørge for forsvarleg internkontroll og tilstrekkeleg dokumentasjon av rekneskap og økonomiske disposisjonar, jf. forskrift om økonomiforvaltningen § 3.

6. Disposisjon av bankkontoar

Rekneskapsansvarleg i Ulstein kommune har disposisjonsrett over alle bankkontoane til Ulstein sokn på same måten som kyrkjevevja har det. Det gjeld driftskonto, plasserings-/fondskonto, skattetrekkskonto og konto for gravlegat. Sekretæren har disposisjonsrett over driftskonto.

Delegasjonsreglementet opnar for at namngitt vikar for kyrkjevevja kan få avgrensa disposisjonsrett.

7. Fond

7.1 Avsetjing til fond

Avsetjing av ikkje øyremerka midlar til bruk i seinare budsjettår, er berre tillate dersom rekneskapen i Ulstein sokn viser overskot.

Hovudregelen skal vere at fellelsrådet i rekneskapsvedtaket skal vise korleis eit overskot skal brukast, eventuelt korleis eit underskot skal dekkast, og ta omsyn til vedtaket i budsjettet året etter.

Bundne fond og øyremerka midlar skal først og disponerast i samsvar med føresetnadene for midlane, og kan ikkje nyttast til generelle driftsføremål.

7.2 Bruk av fond

Berre fellelsrådet kan gjere vedtak om bruk av fond. Det vanlege er at dette vert gjort i samband med oppsett av budsjett

7.3 Storleiken på soknet sitt disposisjonsfond

Fellelsrådet har gjort vedtak om at soknet sitt disposisjonsfond minst bør vere på 10% av soknet sitt driftsbudsjett

8. Investeringsar

8.1 Føringsprinsipp

Utgifter til investeringsar skal normalt først på eige investeringsbudsjett, men dersom investeringsane er avgrensa, kan dei først i eit eige ansvar i lag med driftsbudsjettet, men slik at det går klart fram kva som er investering og kva som er drift. Avgrensa investeringsar ført i driftsrekneskapan skal utdjupast med eigen note.

8.2 Skilnad på drift og investering

Eigedelar med ei økonomisk levetid på minst 3 år og har ein innkjøpskostnad på minimum kr. 100.000, skal først i investeringsrekneskapan og aktiverast. Aktiveringsgrensa følgjer kommunal praksis og kan justerast dersom kommunen endrar sine retningslinjer.

8.3 Planlegging av investeringsoppgåver

Investeringsbehov skal handsamast av fellelsrådet og meldast inn til kommunen tidleg haust i samband med førearbeid til budsjett/økonomiplan. Positivt vedtak i kommunestyret er normalt startsignal for vidare planlegging av investeringstiltaket, og kontakten med kommunen vil avgjere om tiltaket skal først i soknet sin rekneskap eller i kommunerekneskapan. Investeringsprosjekt ført i kommunen sin rekneskap skal følgje kommunale reglar for kontering, attesting og tilvising. Kyrkjeverja har ansvar for kontering og attesting.

8.4 Innhenting av tilbod

Innkjøp skal gjennomførast i samsvar med gjeldande regelverk for offentlege anskaffingar, i den grad dette kjem til anvending for fellelsrådet.

8.5 Melding til kommunen

Investeringsprosjekt som er godkjent finansiert av kommunen og ført i kommunen sin rekneskap, skal meldast inn som tiltak med namn på tiltaket, vedtaksnummer i fellelsrådet og kommunestyret, og vedteken budsjetttramme. Tiltaket får deretter eige prosjektnummer av rekneskapsansvarleg i kommunen.

8.6 Oppfølging

Kyrkjeverja har ansvar for at prosjektet held seg innanfor dei vedtekne økonomiske rammene. Omprioriteringar eller tilleggsføringar skal godkjennast av fellesråd, eventuelt også av kommunestyret.

8.7 Avslutning av investeringsoppgåver

Rekneskapsavslutning skal skje snarast mogleg etter at investeringa er utført, og seinast innan eitt år. Før sluttrapport vert sendt kommunen, skal saka handsamast i fellesrådet.

9. Innkjøpsreglar

9.1 Generelt

Innkjøp skal gjennomførast på ein slik måte at dei økonomiske interessene til soknet og kommunen vert ivareteke på ein best mogleg måte. Intensjonen må vere at varer og tenester vert kjøpt til rett tid, og til rett pris

9.2 Innkjøpsavtalar

Ulstein sokn følgjer dei innkjøpsavtalane som kommunen har inngått med enkelt-leverandørar. Det gjeld kjøp av forbruksvarer, kraft, telefoni, banktenester, kopimaskin, bedriftshelsetenester, mikrosøftlisensar mm. Føremålet er å optimalisere innkjøpa med omsyn til pris og kvalitet. Vi viser elles til innkjøpssamarbeidet mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

10. Sal av materiell

Utslite eller utenleg materiell og utstyr skal skiftast eller kasserast. Ved kassasjon avgjer kyrkjeverja om materiellet eller utstyret er verdiløst, om det på annan måte kan kome andre til nytte, eller om det skal avhendast.

Vedlegg til økonomireglementet:

1. Artskontoplan
2. Delegert tilvisingsmynde til kyrkjeverja frå Ulstein kyrkjelege fellesråd
3. Delegert tilvisingsmynde frå kyrkjeverja
4. Skriftprøve
5. Oppheving av fullmakt

010 Fastlønn
020 Lønn til vikarer
030 Lønn til ekstrahjelp
040 Overtidslønn
050 Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser
070 Lønn til vedlikehold
075 Lønn til renhold
080 Godtgjørelser til folkevalgte
089 Trekkpliktig, opplysningspliktig, ikke arbeidsgiveravgiftspliktig lønn
090 Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger
099 Arbeidsgiveravgift
100 Kontormateriell
105 Undervisningsmateriell
110 Medisinsk forbruksmateriell
114 Medikamenter
115 Matvarer
120 Samlepost for annet forbruksmateriell, varer og tjenester
130 Post, bank, telefon, internett, bredbånd
140 Annonser, reklame, informasjon
150 Opplæring og kurs
160 Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil mv. som er opplysningspliktige
165 Andre opplysningspliktige godtgjørelser
170 Transport og reise
180 Strøm
181 Fjernvarme og fjernkjøling
182 Fyringsolje og fyringsparafin
183 Naturgass og andre fossile gasser
184 Bioenergi
185 Forsikringer, vakthold og sikring
190 Leie av lokaler og grunn
195 Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.
200 Kjøp og finansiell leie av driftsmidler
209 Medisinsk utstyr
210 Kjøp og leie av transportmidler
220 Leie av driftsmidler
230 Vedlikehold, påkostning, nybygg og nyanlegg
240 Driftsavtaler, reparasjoner og vaktmestertjenester
250 Materialer til vedlikehold, påkostning, nybygg og nyanlegg
260 Renholds- og vaskeritjenester
271 Innleie av personell fra private (vikartjenester)
272 Andre tjenester
280 Grunnerverv
285 Kjøp av eksisterende bygninger og anlegg
300 Kjøp fra staten
330 Kjøp fra fylkeskommuner
350 Kjøp fra kommuner
370 Kjøp fra andre
380 Kjøp fra andre regnskapsenheter som inngår i KOSTRA konsern
400 Overføring til staten
429 Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon
430 Overføring til fylkeskommuner
450 Overføring til kommuner
470 Overføring til andre
480 Overføring til andre regnskapsenheter som inngår i KOSTRA konsern
500 Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter
501 Konserninterne renteutgifter
509 Tap på finansielle instrumenter

510 Avdrag på lån
511 Konserninterne avdrag
512 Avdrag på lån til videreutlån
520 Utlån
521 Konserninterne utlån
522 Videreutlån
529 Kjøp av aksjer og andeler
530 Dekning av tidligere års merforbruk og udekket beløp
540 Avsetninger til ubundne fond
550 Avsetninger til bundne fond
570 Overføring til investering
589 Rapportkontroll (positivt avvik)
590 Avskrivninger
600 Brukerbetalinger
620 Annet salg av varer og tjenester, gebyrer o.l. som ikke er merverdiavgiftspliktig
629 Billettinntekter
630 Utleie av boliger og lokaler mv. og festeavgifter
640 Merverdiavgiftspliktige gebyrer
650 Annet merverdiavgiftspliktig salg av varer og tjenester
660 Salg av driftsmidler
670 Salg av fast eiendom
700 Refusjon fra staten
710 Sykelønnsrefusjon
729 Kompensasjon for merverdiavgift
730 Refusjon fra fylkeskommuner
750 Refusjon fra kommuner
770 Refusjon fra andre
780 Salg til andre regnskapsenheter som inngår i KOSTRA konsern
800 Rammetilskudd
810 Andre statlige overføringer
830 Overføring fra fylkeskommuner
850 Overføring fra kommuner
870 Skatt på inntekt og formue
871 Eiendomsskatt vannkraftanlegg
872 Eiendomsskatt vindkraftverk
873 Eiendomsskatt petroleumsanlegg
876 Eiendomsskatt kraftnett og næringseiendom m.m.
877 Andre direkte og indirekte skatter
878 Eiendomsskatt boliger
879 Eiendomsskatt fritidsboliger
880 Overføring fra andre regnskapsenheter som inngår i KOSTRA konsern
890 Overføringer fra andre
900 Renteinntekter
901 Konserninterne renteinntekter
905 Utbytte og eieruttak
909 Gevinster på finansielle instrumenter
910 Bruk av lån
911 Bruk av konserninterne lån
912 Bruk av lån til videreutlån
920 Mottatte avdrag på utlån
921 Mottatte avdrag på konserninterne utlån
922 Mottatte avdrag på videreutlån
929 Salg av aksjer og andeler
940 Bruk av ubundne fond
950 Bruk av bundne fond
970 Overføring fra drift
980 Merforbruk og udekket beløp fremført til inndekning i senere år

989 Rapportkontroll (negativt avvik)

990 Motpost avskrivninger



FULLMAKT

DELEGERT TILVISINGSMYNDE TIL KYRKJEVERJA

Mal for delegering av tilvisingsmynde

Ulstein kyrkjelege fellesråd har i F-sak _____ / _____ tilsett som kyrkjeverje i Ulstein

Namn: _____, fødd _____

Kyrkjeverja er i vedteke økonomireglement for Ulstein sokn punkt 3.2 gitt tilvisingsmynde av fellesrådet

Dato: _____

Leiar i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kopi til:

1. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
2. Personalarkivet
3. Leiar i Ulstein kyrkjelege fellesråd



FULLMAKT

DELEGERT TILVISINGSMYNDE

Mal for delegering av tilvisingsmynde

Kyrkjeverje _____ gir i medhald av delegert mynde

Namn: _____, fødd _____

Fullmakt til å tilvise på ansvarsområde _____

Tilvisingsfullmakta gjeld **ikkje** følgjande kontoar:

Verknadstidspunkt: _____

Tilvisingsmyndet gjeld innanfor godkjende budsjettrammer.

Eventuelt framlegg om tilleggsløyvingar og omdisponeringar innanfor budsjettrammene vert å sende til kyrkjeverja for vidare handsaming

Dato: _____

Kyrkjeverje

Kopi til:

1. Den som får delegert mynde
2. Rekneskapsansvarleg
3. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
4. Personalarkivet



SKRIFTPRØVE

Mal for skriftprøve ved delegering av tilvisingsmynde

Skjema for skriftprøve skal returnerast i utfylt stand til økonomikontoret i Ulstein kommune så lenge Ulstein sokn kjøper økonomitenestene der

Namn: _____, fødd _____

Funksjon/stilling: _____

Er gjort kjent med plikter og rettar i samband med tilvisingsfullmakt gitt i sak/brev/søknad av

Dato: _____

Underskrift er lik skriftprøve

Underskrift/signatur

Kopi til:

1. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
2. Kyrkjevevje



OPPHEVING AV FULLMAKT DELEGERT TILVISINGSMYNDE

Mal for delegering av tilvisingsmynde

Kyrkjeverje _____ opphever delegert mynde

Namn: _____, fødd _____

Oppheving av fullmakt gjeld ansvarsområde _____

Verknadstidspunkt: _____

Tilvisingsmyndet gjeld innanfor godkjende budsjettrammer.

Eventuelt framlegg om tilleggsløyvingar og omdisponeringar innanfor budsjettrammene vert å sende til kyrkjeverja for vidare handsaming

Dato: _____

Kyrkjeverje

Kopi til:

1. Den som får delegert mynde
2. Rekneskapsansvarleg
3. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
4. Personalarkivet

F-SAK 2026/03 Søknader frå gravplassarbeidarane om løysingar på Osnes gravplass

UTGREIING

Vedlegg: *søknad om flytting av klokkehuset ved gravplassen*
 problemomtale parkering ved gravplassen
 problemomtale handtering av overskotsmasser på gravplassen

Gravplassarbeidarane kjenner dei praktiske utfordringane ved drift av gravplassen best og det er positivt at dei setter ord på problemstillingar og dokumenterer desse.

Nokre av dei nemnte problemstillingane er lettare å finne løysingar på enn andre.

Administrasjonen har ikkje funna ferdige løysingar, men nokre løysingsforslag som til drøfting i fellesrådet.

1. Parkeringsutfordringar:

Utfordringa er virkelig til stades på fine sommandagar, men har dukket opp andre årstider også.

Eit forslag som har vore drøfta tidlegare er å setje opp skilt som regulerer parkeringen. Her treng ein å sjekke regelverket som regulerer faste eller midlertidig bruk av trafikkskilt. Spørsmålet knytt til dette er også korleis brot mot parkeringsbegrensingar vil bli handheva for at dette fungerer i praksis. Eit anna forslag er å setje opp fysiske sperringar tidleg på dagen. Men desse vil også hindre besøkjande på gravplassen, som ikkje skal delta i gravlegginga å parkere nær kyrkjegarden.

2. Flytting av klokkehuset:

Utfordringa med klokkeringinga er tilstades og krev ekstra personell for å overvinne distansen mellom grav og klokketårn.

Flytting av klokkehuset er eit ganske stort tiltak som krev eit eige prosjekt med byggesøknad og større ombygging av gravplassen. Graver som er i bruk vil kunne vere påverka av ei slik flytting og dette vil også økonomisk vere eit ganske stort løft. Eit forslag kan vere å setje opp eit klokkestøpul på ein plass nærare dei nye gravfelt. Også dette vil vere ei relativ krevjande løysing.

Forslaget frå kyrkjevevja er å anskaffe eit signalanlegg som gir tydelege signal over større distanser, eller ein enda betre løysing vil vere ei automatisk ringeanlegg som lar seg styre via fjernstyring på litt lengre avstand.

3. Handtering av overskotsmasser på gravplassen

Denne problemstillinga krev ei framtidsretta løysing som tek høgde for at det er stadig mindre område på gravplassen til å kunne lagre overskotsmasser midlartidig. I og med at gravene må etterfylles etter ei stund når jorda har sunka over graven, er det eit behov å ha eit område på gravplassen der slike masser kan lagrast midlertidig. Men noko av jord vil vere til overs og treng å bli handtert.

Forslaget om å innhente informasjon og forslag frå statsforvaltar eller gravplassmynde i andre kommuner er ein god start for å starte ein god prosess.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber administrasjonen om å gå i dialog med Ulstein kommune for å finne tenlege løysingar for parkeringsutfordringane.

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber administrasjonen om å hente inn tilbod for eit automatisk ringeanlegg på kyrkjegarden eller alternativt finne ei teknisk løysing for signalgjeving som klarer distansen.

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber administrasjonen om å hente inn ekspertise for handtering av overskotsmasser på gravplassen og deretter utarbeide eit løysingsforslag handtering av overskotsmasser på Osnes kyrkjegard.

Til Christfried

Søknad om vurdering av flytting av klokkehus ved gravplassen

Vi ønsker å rette oppmerksomheten mot utfordringer knyttet til plasseringen av klokkehuset på gravplassen. Klokkehuset står i dag i nordenden, og dette medfører praktiske og seremonielle vansker under gravferder.

Når gravfølget beveger seg inn på gravplassen, mister den som klemter med klokken oversikten etter kort tid. Dette skyldes både avstand og trær med tett bladverk som hindrer sikt. Samtidig blir det vanskelig å høre prestens ord under ritualet dersom det blåser eller når avstanden til klokkehuset blir for stor.

For å få best mulig gjennomføring kreves det derfor ofte to gravplassarbeidere til stede – én til å følge gravfølget og én til å betjene klokken. Dette er ikke alltid mulig i praksis. Vi har forsøkt med ringeklokke som signalhjelp, men den mister funksjon når avstanden blir for stor.

En flytting av klokkehuset til en mer sentral plassering på gravplassen vil kunne løse disse utfordringene, sikre bedre kommunikasjon, og samtidig bidra til en mer verdig og helhetlig gjennomføring av gravferdene.

Vi ber derfor om at kirkevergen vurderer en slik flytting som et forbedringstiltak for gravplassen.

Med vennlig hilsen

Jan Erling Falk Davidsen

Marius Erstad Schjelderup

Gravplassarbeider / Kirketjener

Til Christfried

Ved gravplassen har vi en utfordring med parkeringsplassen, spesielt om sommeren. Parkeringsplassen er liten, og den blir delt mellom gravfølger og badegjester. Vi har forsøkt å henge opp skilt (selvlagde) for å informere om at parkeringsplassen må holdes av til gravfølge etter seremonien i kirken, men dette blir i liten grad respektert. Mange parkerer der de vil uansett.

Dette er ikke bare et praktisk problem for oss som drifter gravplassen, men også for de sørgende, som i noen tilfeller ikke får parkert når de kommer for å ta sitt siste farvel. Vi prøver etter beste evne å regulere trafikken, men dette har liten effekt i praksis.

Gravplassen er åpen for alle trosretninger, men det er kirken som har fått oppgaven av kommunen å ivareta driften. Parkeringsplassen hører til gravplassen, mens stranden er allemannseie, og det oppstår derfor interessekonflikt i bruk av plassen.

Jeg ønsker å løfte dette frem som et problem vi bør se nærmere på sammen. Kanskje finnes det løsninger som kan sikre at parkeringsplassen i større grad er tilgjengelig for gravfølger når det er seremonier.

Med vennlig hilsen

Jan Erling Falk Davidsen

Marius Erstad Schjelderup

Håndtering av overskuddsmasser fra graver – problemstilling og lovgrunnlag

På gravplassen har vi en økende mengde overskuddsmasser fra både gjenbrukte og nye graver. Massene samler seg i enden av området, hvor det snart skal etableres en urnelund.

Utfordringene er særlig knyttet til gjenbrukte graver:

Jorda kan inneholde kisterester og beinfragmenter.

For å kunne legge massene tilbake på gravplassen, må de bearbeides slik at de ikke fremstår med synlige rester.

Dette er et omfattende arbeid som ikke lar seg utføre effektivt med det utstyret og bemanningen vi har tilgjengelig.

Dersom massene skal kjøres vekk, må vi være sikre på at dette skjer i tråd med lovverket.

Lovgrunnlag

Gravplassloven § 1 – Lovens formål

Loven skal sikre at gravlegging skjer med respekt for avdøde og pårørende, og at gravplasser forvaltes på en verdig og forsvarlig måte.

→ Dette innebærer at også overskuddsmasser med gravrester må behandles med verdighet og respekt.

Gravplassforskriften § 14 – Graving på gravplass

Ved graving på gravplass skal det tas hensyn til eksisterende graver og gravminner. Eventuelle funn av menneskelige levninger skal håndteres med respekt og omhu.

→ Bein og andre levninger skal normalt gjenbegraves på samme gravplass.

Gravplassforskriften § 35 – Håndtering av overskuddsmasser

Overskuddsmasser fra graving skal fortrinnsvis benyttes innenfor gravplassens område. Dersom dette ikke er mulig, skal massene håndteres i samsvar med gjeldende regelverk for avfallshåndtering.

→ Det betyr at vi i utgangspunktet skal forsøke å bruke massene på gravplassen, men dersom dette ikke lar seg gjøre, må de behandles som avfall etter gjeldende regelverk. Dette kan innebære behov for særskilt avtale med renovasjon eller andre myndigheter.

Konklusjon / behov

Vi kan ikke fortsette å lagre massene der urnelunden skal etableres.

Bearbeiding av massene for hånd/med dagens utstyr er urealistisk å få til med eksisterende bemanning.

Loven pålegger oss å håndtere massene på en verdig og forsvarlig måte.

Dersom massene skal kjøres vekk, må vi avklare med kommunen/renovasjonsmyndighet hvordan dette skal skje i henhold til avfallslovgivningen.

Forslag:

Innhente avklaring fra gravplassmyndighet/fylkesmannen eller kommunen om korrekt prosedyre for bortkjøring.

Vurdere innleie av maskiner/eksterne entreprenører til bearbeiding eller bortkjøring.

Utarbeide rutine for fremtidig håndtering av overskuddsmasser, slik at problemet ikke bygger seg opp igjen.

Med vennlig hilsen

Jan Erling Falk Davidsen

Marius Erstad Schjelderup

F-SAK 2026/04 Val av kyrkjeverjer til digitaliseringsutval

UTGREIING

Vedlegg:

*Informasjon om val
kandidatliste*

Digitaliseringsutvalget i Den norske kyrkja vil erstatte dagens digitaliseringsstyre, og skal organisere og samordne digitaliseringsarbeidet i Den norske kirke. Digitaliseringsutvalget beslutter hvilke løsninger som er fellesløsninger og skal sikre effekt av arbeidet i tråd med kirkens behov.

Digitaliseringsarbeidet skal bidra til å gjøre kirken mer tilgjengelig for alle som bruker kirken, og gjøre medarbeidernes hverdag enklere.

Alle fellesråd og menighetsråd med fellesrådsfunksjoner (heretter fellesråd) er bedt om å avgi stemme i valget av fem faste kirkeverger som medlemmer av digitaliseringsutvalget og seks varamedlemmer. Valgperioden er på 3 år.

Kandidatane frå store fellesråd: Mette Svanes (Bergen), Kjell Inge Nordgård (Trondheim), Bård Andreas Bårdsen (Moss), Andreas Andersen (Kristiansand)

Kandidatane frå mellomstore fellesråd: Line Langsethy Bakkum (Gjøvik), Gunnar Bjorland Stone (Sola), Børge Lund (Sør-Innhgerad), Øystein Ramstad (Lindesnes), Amund Gillebø Nannestad), Håvard Russnes (Notodden), Jan Einar Bjerke Hals (Larvik), Petter Vesterås (Inderøy), Stein Robert Osdal (Haugesund), Vegar Godø Slørdal (Melhus)

Kandidatane på lite fellesråd: Monica Finden (Aurland), Arild Hammeren (Berlevåg), Tore Ellefsen (Grue) Jostein Bildøy (Hareid)

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd gjennomfører skriftleg val i sitt møte 11. februar 2026



Kirkeverger og kirkelige fellesråd

Dato: 02.02.2026

Vår ref: 25/03779-9 BAE

Deres ref:

Valg av kirkeverger til digitaliseringsutvalget

Digitaliseringsutvalget vil erstatte dagens digitaliseringsstyre, og skal organisere og samordne digitaliseringsarbeidet i Den norske kirke. Digitaliseringsutvalget beslutter hvilke løsninger som er fellesløsninger og skal sikre effekt av arbeidet i tråd med kirkens behov. Digitaliseringsarbeidet skal bidra til å gjøre kirken mer tilgjengelig for alle som bruker kirken, og gjøre medarbeidernes hverdag enklere.

Alle fellesråd og menighetsråd med fellesrådsfunksjoner (heretter fellesråd) er bedt om å avgi stemme i valget av fem faste kirkeverger som medlemmer av digitaliseringsutvalget og seks varamedlemmer. Valgperioden er på 3 år.

I kategoriene store og mellomstore fellesråd velges to faste medlemmer og to vara. I kategorien små fellesråd velges et fast medlem og to vara. Den/de med flest stemmer får fast plass i utvalget. De to neste på lista blir vara. Dersom flere kandidater får likt stemmetall vil nominasjonskomiteens prioritering bli avgjørende.

Slik avgir fellesrådet sine fem stemmer

Valget gjennomføres digitalt her: [Valg av kirkeverger til digitaliseringsutvalget](#). Alle fellesråd bes om å avgi stemme innen alle tre kategoriene. **Frist for å stemme er 5. april 2026.**

Alle fellesråd har fem stemmer. Fellesrådet stemmer på to kandidater fra store fellesråd, to fra mellomstore og en fra små fellesråd. Det er mulig for fellesrådet å stemme på andre kandidater enn nominasjonskomiteens innstilling.

Fellesrådet kan gi arbeidsutvalget i fellesrådet eller fellesrådets leder fullmakt til å foreta valget på vegne av fellesrådet. I valgskjema må innsender oppgi dato og saksnummer for fellesrådets vedtak.

Resultatet av valget kunngjøres på ressursbanken.no/digi innen 10. april.

Nominasjonskomité

Nominasjonskomiteen som består av arbeidsutvalgene for Nettverk for fellesrådsledere (Nettverket) og styret i Norges kirkevergelag (NKVL) fikk inn 18 kandidatforslag. Komiteens innstilling ivaretar bredde innen geografi, kjønn og fellesrådets størrelse.

Nominasjonskomiteen har prioritert og nummerert like mange kandidater som det skal velges faste medlemmer + vara i hver kategori. Øvrige kandidater er presentert uten bilde i alfabetisk rekkefølge.

Spørsmål?

Digitaliseringsavdelingen i Kirkerådet er sekretariat for nominasjonskomiteen. Kontaktpersoner er Guro Margrethe Mollnes (gm998@kirken.no) og Magnus Hvalvik (mh322@kirken.no).

Med vennlig hilsen

Nominasjonskomiteen

Arbeidsutvalgene (AU) for styret i Norges kirkevergelag (NKVL) og Nettverk for fellesrådsledere (Nettverket)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:
Nominasjonskomiteens innstilling


,

Nominasjonskomiteens innstilling: Kirkeverge fra **stort** fellesråd

Hvert fellesråd kan avgi **to** stemmer.

Faste medlemmer

1. **Mette Svanes, kirkeverge Bergen.** Jeg har 20-års ledererfaring fra kommune, i tillegg til 4,5 år som kirkeverge. jeg er opptatt av forenkling og forbedring, og mener at vi i kirke-Norge har mye å gå på når det gjelder standardisering, effektivisering og profesjonalisering. jeg opplever at Kirkerådet lytter til fellesrådenes behov, og har gjennom arbeidet i digitaliseringsstyret fått være med å påvirke.
2. **Kjell Inge Nordgård, kirkeverge Trondheim.** Kirkeverge i Trondheim i 20 år. Ledererfaring fra etablerings- og utviklingsprosesser i helsevesenet, trygdeetaten og kirkelig fellesråd. Deltatt i flere arbeidsgrupper i forarbeidene til dagens samstyringsmodell. Sitter pr. dag i digitaliseringsstyret. Har vært styreleder i Kirkepartner AS i 6 år fra opprettelsen. Styremedlem i Norges kirkevergelag i 2 år. Utdanning som fysioterapeut, cand Mag innen samfunnsfag og sosiologi, bedriftsøkonom og Master i kunnskapsledelse ved CBS.



Varamedlemmer

3. **Bård Andreas Bårdsen, kirkeverge Moss.** Aktiv i kirkevergelags- og utviklingsarbeid regionalt og nasjonalt siden 2005. Vil videreføre engasjementet for omstillings- og digitaliseringsarbeidet vi som kirke må styrke i organisasjonsutviklingen fremover. Arbeide for at Dnk klarer å ha to strategiske siktemål samtidig: Vi trenger gode digitale samhandlingsplattformer og rasjonelle løsninger internt. Parallelt med et målrettet blikk for hvordan vi når ut til våre medlemmer og oppleves tilgjengelig og relevant gjennom gode digitale løsninger.
4. **Andreas Andersen, kirkeverge Kristiansand.** Jeg er opptatt av at kirkens fellesløsninger skal være gode og riktige. Digitalisering er et strategisk satsingsområde. Opptatt av kvalitet, helhet og kostnader på et fornuftig nivå. Har vært kirkeverge i Kristiansand siden 2022 og ledet flere digitaliserings- og omstillingsprosesser, bl.a overgang fra tjenestyringsavtale med kommunen til Kirkepartner, innføring av digitalt arkiv og ny ERP-avtale med Aider. Har vært generalsekretær i Misjonsalliansen og CEO i mikrofinans. Bilde: Ganesh foto.



Nominasjonskomiteens innstilling: Kirkeverge fra mellomstort fellesråd

Hvert fellesråd kan avgi **to** stemmer.

Faste medlemmer

1. **Line Langseth Bakkum, kirkeverge Gjøvik.** 64 år. Utdannet sykepleier og vært med i IT-utvikling innen dette område fra 90 tallet. Vært med å innføre ny programvare innen Helse i Sykehuset Innlandet. Etter hvert startet å jobbe i kirka i Gjøvik kirkelige fellesråd. Vi var de første på Kirkepartner-løsningen og har fulgt den hele vegen. Var med i prosjektgruppa da Public 360 ble laget for å fungere i kirka. Var prosjektleder for å etablere integrasjonen mellom de to fagsystemene innen gravplass og arkivsystemet P360.
2. **Gunnar Bjorland Stone, kirkeverge Sola.** Jeg ser på meg selv som en fremoverlent og handlekraftig leder, god til å samarbeide og evner å se flere sider av en sak. Jeg var med å lede arbeidet med å lande fellesløsninger for 6 fellesråd tilbake i 2019, deriblant Time og Sola, og er over snittet interessert i gode digitale system og løsninger. Etter at jeg begynte i Sola har vi gått over til Kirkepartner og jeg er motivert til å bidra inn i det videre arbeidet med å utvikle gode fellesløsninger for Den norske kirke.



Varamedlemmer

3. **Børge Lund, kirkeverge Sør-Innherad.** Utdannet innen øk/adm. Stort sett jobbet med regnskap og lønn innen privat og offentlig sektor. Har i flere jobber hatt lokalt IKT ansvar. Har også jobbet en periode som konsulent i selskap som leverte programvare til regnskapskontorer m.m. Sitter for tiden i Norges kirkevergelag, og har fått et godt nettverk innen Dnk i løpet av litt over 5 år.
4. **Øystein Ramstad, kirkeverge Lindesnes.** Jeg har jobbet med de fleste ulike datasystemer for kirkelig bruk siden 2012. Dette innebærer også flere skifte av systemer, og overganger til nye programmer. Har innført Kirkepartner sine systemer etter overgang til større stab i forbindelse med kommunesammenslåing. Jeg er svært opptatt av at de digitale verktøyene vi bruker skal være gode, og at de ikke blir opplevd som ekstra arbeidsoppgaver for de ansatte, men som et hjelpemiddel som gjør arbeidsdagene lettere.



Øvrige kandidater fra mellomstort fellesråd (i alfabetisk rekkefølge)

Amund Gillebo, kirkeverge Nannestad. Jeg har stor tro på digitaliseringsarbeidet i Dnk, for det gjør oss bedre rustet til å være kirke og tilby gode tjenester. I mine to kirkeverge-jobber har jeg fokusert på digitalisering/omstilling av administrasjon, kirkebygg og gravplassforvaltning, for å jobbe mer effektivt, med høyere kvalitet og økt sikkerhet. Jeg er opptatt av at digitaliseringsutvalget tar på alvor den store bredden i Dnk, med mange små fellesråd og utfordrende økonomi.

Håvard Russnes, kirkeverge Notodden. Kirkeverge og gravplassmyndighet i Bø i Telemark fra 1997 til 2010 og fra 2010 kirkeverge og gravplassmyndighet på Notodden. Ivrer for å få til felles programvare og felles ikt løsninger for kirkenorge.

Jan Einar Bjerke Hals, kirkeverge Larvik. Jeg er kirkeverge i Larvik og har nylig vært gjennom prosessen med bytte fra kommunal plattform til Kirkepartner. Samtidig byttet Larvik fagsystemer, fra Kirke-data til Agrando og Ecclesia. Som assisterende kirkeverge i Skien ledet jeg prosess med å legge om regnskap for menighetene til Aider og xLedger. Der innførte jeg også TID som et av de første fellesrådene i Norge. Jeg var daglig leder i Nordstrand da menigheten var pilotmenighet for Vipps. Har lang erfaring med bruk av kirkas IT-verktøy.

Petter Vesterås, kirkeverge Inderøy. 48 år, gift og to barn. Har gjennom mitt arbeidsliv hatt fokus på å søke løsninger for å jobbe mer effektivt for å kunne sørge for bedre driftsrammer og mulighet til å levere bedre kvalitet på tjenester og opplevelser. Målet har alltid vært å legge til rette for at alle skal få kunne jobbe mest med det de liker å jobbe med, uten at de "grå" og rutinemessige oppgavene stjeler for mye tid.

Stein Robert Osdal, kirkeverge Haugesund. Eg jobbar som kyrkjevevje i Haugesund og har gjort det sidan 2024. Var tidlegare kyrkjevevje frå 1998 til 2013. Har vert politisk aktiv frå 2011 til 2019. Satt som ordførar frå 2015 til 2019. Som politisk aktiv jobba vi kontinuerleg med omstillingsarbeid. Var og same periode sentral i arbeidet med samanslåingsprosess av kommunar. Eg meiner at kyrkja må ha eit sterkt fokus på digitalisering- og omstillingsarbeidet samtidig som ein jobbar kontinuerleg med å forankre prosessane godt internt.

Vegar Godø Slørdal, kirkeverge Melhus. Jeg er interessert i å være med i prosessen med å øke både effektivitet og kvalitet, og finner glede i å sette meg inn i nye digitale løsninger og bruken av disse. I Melhus har vi vært gjennom en ganske omfattende omstillingsprosess, og jeg mener jeg har god erfaring med hvilke utfordringer vi kan møte, mtp variasjon i mennesketyper og arbeidsoppgaver. Jeg mener jeg kan bidra med kunnskap fra "gulvet" om behov og utfordringer vi har i den daglige driften av et fellesråd.

Nominasjonskomiteens innstilling: Kirkeverge fra **lite** fellesråd

Hvert fellesråd kan avgi **én** stemme.

Fast medlem

1. **Monica Finden, kirkeverge Aurland.** Som kyrkjeverje i 18 år i liten kommune, ser eg at mykje vert betre med digitalisering og omstilling, men langt frå alt. Felles digitale plattformer må vere lett og intuitivt å bruke og lett å logge inn på (færre pål.metodar uavh. av krk. lok. skrivebord). Satsingar som har vore lite brukarvennlege har ført til at ein del vel å ikkje bruke dei. Det som vert utvikla må vere valfritt å bruke og fleksibelt der det er nødvendig, men om det er gode løysingar til ok pris, so vil dei fleste bruke dei.



Varamedlemmer

2. **Arild Hammeren, kirkeverge Berlevåg.** Jeg er Arild Hammeren og har vært kirkeverge siden mars 2022, med ledererfaring i offentlig sektor siden 2001. Jeg er opptatt av at Den norske kirke skal ha digitale løsninger som er enkle å bruke, trygge og effektive. Jeg har erfaring med omstilling, forbedring av rutiner og innføring av digitale arbeidsverktøy. Jeg ønsker å bidra til bedre samhandling, mindre administrasjon og mer tid til kjerneoppgavene.
3. **Tore Ellefsen, kirkeverge Grue.** Jeg stiller fordi vi trenger digitale løsninger som både fungerer i praksis og støtter organisasjonen som helhet. Som kirkeverge, vara i digitaliserings styret, mangeårig medlem i NKVL og med 15 års erfaring fra ledelse i programvarehus har jeg innsikt i både behov og muligheter. Jeg vil bidra til trygge, realistiske og brukervennlige fellesløsninger for hele organisasjonen.



Øvrige kandidater fra små fellesråd

Jostein Bildøy, kirkeverge Hareid. Eg har dei siste 25 år delteke i utvikling av digitale løysingar i kristenliv og helse. Søndagsskolen: Som krinssekretær bidro til utvikling av medlemsregister og løysingar for gåver med skattefrådrag. I Dnk gjennom planverktøy for trusopplæring, Kirkedata, Agrando, Kirkepartner som mentor, kyrkjelydspedagog og kyrkjeverje. 8 år i Regionalt brukarutval under styret i Helse Vest. Som foredragshaldar i Barnevakten med 400 møtepunkt med barn og ungdom, vaksne, offentleg og privat næringsliv.

S-SAK 2026/05 Årsmelding Ulstein sokn 2025

UTGREIING

Vedlegg: *utkast til årsmelding 2025*

Staben i Ulstein har oppsummert året 2025 i soknet si årsmelding og legger den fram for soknerådet til godkjenning. Rekneskapen er ikkje avslutta per 04.02. 2026, og kapittelet om økonomi treng å bli oppdatert etter det.

Både årsmelding og rekneskapen skal godkjennast av Ulstein sokneråd, og etter det blir sendt til revisor. Etter at revisjonsmeldinga ligg føre kan årsmeldinga publiserast, og det kan kallast inn til årsmøtet.

Mindre redaksjonelle endringar og designjusteringar kan bli gjort fram mot publiseringa.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak



DEN NORSKE KYRKJA
Ulstein sokn



ÅRSMELDING 2025

Godkjent av Ulstein sokneråd i sak

Meir himmel på jorda

FORORD

Helsing og takk frå soknerådsleiaren



Den Norske Kyrkje
Ulstein sokn
Kyrjekontoret
Sjøgata 61 (Pb. 143)
6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 17 680

E-post:	post.ulstein@kyrkja.no
Facebook:	Ulstein kyrkje
Nettside:	www.ulsteinkyrkje.no
Ulstein nye kyrkje:	www.ulsteinnyekyrkje.no

INNHALD



GLIMT FRÅ 2025

Vintertreff 2025

Fem år hadde gått sidan førre vintertreff i Ulsteinvik. Ulstein kyrkje, i samarbeid med KFUK-KFUM Møre og Romsdal, samla 120 unge menneske til fellesskap, aktivitetar og kjekt program. Denne gongen hadde arrangementet base på Fredheim og Sjøborg kulturhus. Temaet GUD TIMES la fokus på å ha det kjekt i lag med kvarandre, men også å bruke tid med Gud. Eit stort frivillig apparat og engasjert ungdom var oppskrift på suksess.



Foto: Maria Saxegaard.

Advents-kickoff

Første helga i advent opplevde vi noko vi så å seie aldri opplever: Vi vart nøyddde til å avlyse eit undervisningstiltak, nærare bestemt Adventsnatt i kyrkja. Borna som deltek på adventsnatt brukar også vere sentrale i guds-tenesta 1. søndag i advent, så kva gjer ein då? Svaret vart at undervisningsavdelinga kasta seg rundt, og laga advent-kickoff med juleverkstad. Etter familiegudstenesta var det peparkaker, gløgg og julemusikk på Fredheim. Dei vaksne måtte finne seg i å sitje langs veggane, sidan alle borda var fulle av limpistolar, englar av salmebokpapir, glitter og konglar.



Takk til Margit

Etter 14 år som sokneprest i Ulstein gjekk Margit Lovise Holte over i ei ny stilling som sjømannsprest i Los Angeles, USA.

Som første kvinnelege prest og eldsjel for arbeid med ungdom og fornying av gudstenesteliv har Margit satt mange gode spor i kyrkjelyden. Mange frivillige lot seg smitte av hennar engasjement og bidrag til at kyrkja i Ulstein er ein aktiv og verdsett samfunnsaktør. Kyrkjelyden feira avskjed med henne 23.april med gudsteneste og kyrkjekaffi og mange gode takkeord.



Foto: Maria Saxegaard.



Vigsling av Tone-Cecilie Carlsten

Tone Cecilie Carlsten vart tilsett som vikar i Mirjam sin permisjonstid frå januar 2025. Som ferdig utdanna prest valde ho å ha gudsteneste med vigsling til prestetenesta si i Ulstein kyrkje. Det vart ein stor dag i hennar liv og for kyrkjelyden i Ulstein. Takka hennar stort engasjement rakk mange i Ulsteinvik å bli kjent med Tone Cecilie.

Samarbeid med KFUK-KFUM Møre og Romsdal

Samarbeid mellom Ulstein sokn og Møre og Romsdal KFUK-KFUM styrkar kyrkja sitt ungdomsarbeid i regionen. TenSing-kora blir følgt opp, med Gospelnight og konsert, og med felles leiartrening blir det godt lagt til rette for møteplassar i området. Samarbeidet påverkar også arbeid med konfirmantar i Herøy positivt.



Stabstur

“Team building” er viktig for alle stabar, i alle fall i vår, som til tider arbeider med både høgt stress og sterke kjensler. I september hadde vi ein to-dagars stabstur til Kristiansund, med besøk og treff med staben i Kirkelandet kyrkje og på kyrjekontoret, sightseeing med Sund-båten, omvisning på krematoriet og den rundtliggende Kirkelandet gravlund, og omvisning på nybygde Campus Kristiansund. Vi var ute og åt ein nydeleg felles middag, og avslutta kvelden med brettspel og sosialt samvær. På veg heim køyrde vi om Atlanterhavsvegen. Det gjer samarbeidet på kyrjekontoret betre og tettare når vi lærer kvarandre å kjenne også utanfor kontoret sine veggar, og i ein meir avslappa og sosial setting.



Ledig plass

Oremos eatinia dolor rem volor alita dolorehent de officillect labo. Agni ra conse nectem dolor ad quiam reperum soles nient.

Evendebit qui tenemol oruntota quo mil ilitiss ectorem ipsaperum sit acepelique pa seditiunt miliber cipsus, simagna tustet delitatum, nos-sit aceat doloris aut aliti cum doluptae sanda volore voloes coreici moluptatem aut que perestr umquis enihitiam qui commodicab ium fugit,





Foto: Andreas Bjerknes/Vikebladet Vestposten.

Takk til Jan og Øyvin

Det er over 20 år sidan julenattene gjekk føre seg utan at Jan Thormodsæter og Øyvin Sønnesyn har hatt fingrar med i spelinga. Dei to har gjennom alle desse åra hatt leiaransvar for julenattene i Ulstein kyrkje. Ulstein sokn er svært takksame for det store engasjementet og innsatsen som har blitt lagt ned over så lang tid. Under julenattene 2025 vart dei henta fram til scena begge to for å bli takka av - omkransa av songarar frå korklubben og Ulstein Tween Sing, og med ståande applaus frå ei fullsett Ulstein kyrkje.

Ledig plass

Biti quam fugia dolore nobitatas quunt evenit quas voluptata numet lautae ommod eserumquidi adi officiuntent dolesecero bea dis doluptiam doloris sitinus, ex et fugia santibu sdaere ditio velectin eaquias eum eate maxim di ne re, occatquam ent vollaudant, corem que nonsed quatem eri bla aut maximus et erum eum etum eatur sequid quiatiunt ate in etur, nat ma etusci dolorestia explautem nonsequis dis qui qui cus as et ut omnis autecat empori ommos estis mostium nimagnis voluptis repre, si veritatur, exerum nonsequi quam



KYRKJELEG UNDERVISNING, LÆRING OG UNGDOM

Ulstein kyrkje ønskjer å stå saman med familiare i løftet om å la borna få vekse opp i den kristne trua. Vi legg vekt på å lage gode arrangement der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.



Gudsteneste med utdeling av fireårsbok. Foto: Ruben Voldsund

Trusopplæring i Ulstein sokn

2025 handla mest om å fortsette det gode arbeidet. I motsetning til 2024 introduserte vi ingen nye undervisningstiltak, men utvikla tiltak starta i 2023 og 2024. I tillegg har fokuset vært på å fornye innhaldet i nokre av dei godt etablerte tiltaka, til dømes Tårnagent.

4-årsbok

Eitt av dei undervisningstilboda Ulstein sokn har drive med lengst er utdeling av 4-årsbok. Dette er eit kjærte og kjent tiltak som mange vaksne har minner om. Ulstein sokn opplever jamn høg oppslutning om dette over fleire år, og er glade for å fortsette tradisjonen. Boka blir delt ut i ei søndagsgudsteneste som er godt lagt til rette for fireåringar og barnefamiljar. Kanskje kan du hugse korleis di 4-årsbok såg ut, og kanskje har du den framleis?



Tilbod på ulike alderstrinn

- 0 år: Dåpssamtale
Byggekllossen
Babysong
- 2 år: Samling med song, utdeling av spisebrikke og lunsj.
- 4 år: Gudsteneste med utdeling av "Mi kyrkjebok"
- 5 år: "Sauen som blei borte"
- 6 år: Dåpsskulen
- 1. kl.: Skapt (ute i krinsane)
- 3. kl.: Tårnagent i kyrkja
- 4. kl.: Mot målet
- 5. kl.: Bibelutdeling / Kode B
- 6. kl.: Adventsnatt i kyrkja
- 7. kl.: Aktivitetskveld med KRIK og Ten Sing
- 9. kl.: Konfirmantundervisning

- 15-18 år:
 - DRYPP-ungdomsgudsteneste
 - MILK-kurs
 - Ungdomsleiarhelg
 - Leiartrening på leir
 - Alive-festival

Undervisning i Herøy og Sande

Nytt i 2025 var at Ulstein sokn leverte undervisningstenester også til Herøy kyrkjelege fellesråd og Sande kyrkjelege fellesråd. Dette var ei hjelp for nabo-sokna våre som då mangla tilsette i kyrkjeleg undervisning. I tillegg var det med å finansiere undervisningsstillingar i Ulstein sokn.

Leiarkurset for ungdommar var ein del av dette, med deltakarar både frå Ulstein og Herøy. Herøy fekk også hjelp til å utvikle og gjennomføre nytt opplegg for konfirmantundervisning.

I Sande hadde vi ansvar for fleire tiltak. I februar vidareutvikla og gjennomførte vi Tårnagentsamling og tårnagentgudsteneste i Gursken kyrkje. I tillegg vart påskevandringar gjennomført for barnehagar og skular i Gursken kyrkje, Larsnes kyrkje og Sande kyrkje.

Bilete frå tårnagentsamling, hausten 2025.
Nedste biletet er frå utdeling av fireårsbok.
Alle foto: Ruben Voldsund

Konfirmasjon

Konfirmanttida i Ulstein byr på leir, gudstenste, diskusjon, bibel, undervisning, bøn, lystenning, lek, fellesskap, gode opplevingar - og mykje meir.

Andre helga i september 2025 var det til saman fire festgudstenester i Ulstein kyrkje, der i alt 86 ungdommar vart konfirmerte. Ulstein sokn har eit stabilt deltakartal på konfirmasjon over mange år, og ligg markant høgare enn landsgjennomsnittet for Den norske kyrkja.

Å reise på konfirmantleir er eit høgdepunkt i konfirmantåret. Konfirmantane deltek på leir i fem dagar, og mykje av undervisninga går føre seg der.

Leiarkurs for ungdom

Ulstein sokn treng å kurse ungdommar til å bli leiarar på konfirmantleir og i anna ungdomsarbeid. Dette er utviklande for ungdomane og nyttig for kyrkjelyden. I så måte er leiarkurs for 10.-klassekullet viktig.

Også i 2025 samarbeidde Ulstein sokn med kyrkja i Herøy om leiarkurs. Ungdommane blir viktige leiarar i konfirmantarbeidet og ungdomsarbeidet i åra framover.

Kontakt med barnehagar og skular

I 2025 vart vi kontrakt av Ulsteinvik barneskule og Ulsteinungdomsskule med spørsmål om å utvikle og gjennomføre undervisningstimar for 7. og 8. trinn, tilpassa læringsmål i KRLE. Sjuandetrinnet fekk ein undervisningstime om historia til Ulstein kyrkje, samanhengen med Ulstein gamle kyrkjestad, og symbol i kyrkja. Åttandetrinnet jobba med heilage bygg i ulike religionar, og fekk undervisning om kyrkja som heilagt hus i kristendommen. Vi er glade for at skulane i området nyttar kyrkja og dei ressursane som finst her, både i form av bygg og kunnskapen fagpersonar sitt inne med, og ynskjer meir av dette velkomen.

Andreklassingane frå skulane og barnehagane kom til kyrkja for å lære om påska gjennom å delta i påskevandring. Vi gjennomførte som vanleg skulegudstenester og barnehagegudstenester i desember.



Bilete frå konfirmantleir. Foto: Ingrid M. Sæter



Fagleg fornying er viktig. Hausten 2025 deltok kyrkjelyds-pedagog og kateket på Nordisk konfirmantlederkonferanse i Åbo, Finland.



Juleverkstad for store og små på Fredheim. Foto: Ruben Voldsund



Toårssamling. Foto: Ruben Voldsund

SAMARBEID MED BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONAR

Ulstein sokn har regelmessig samarbeid med

KFUK-KFUM Ulstein

Leiar: Arnt Ole Grimstad

Ulstein Ten Sing

Leiar: Ruben Voldsund

Ulstein KFUK-KFUM speidarar

Leiar: Elisabeth Kirkengen Hovlid og Hanne Marte Grimstad

KRIK Ulstein

Leiar: Erlend Førre

Ulsteinvik søndagsskule

Leiar: Mari Haugen Lunde

Hasund søndagsskule

Leiar: Andrea Viseth

NMSU region Møre

Hilde Lervik Langås

Ulstein KFUK-KFUM-speidarar

I Ulsteinspeidarane er det følgjande grupper: stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrargutar (5.-10. klasse), vandrargutar (5.-10. klasse) og roverar (1 vgs - 25 år). Ved utgangen av året hadde vi 234 betalende medlemmar inkl. leiarar. Dei 13 patruljene har møte om lag annankvar veke. Møta foregår for det meste ute, og mange patruljer har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og naturkunnskap, men også personleg utvikling og samarbeid i gruppe. Det er framleis mange stifinnarar og her trengs det litt foreldrehjelp slik at ein kan dele dei opp i mindre grupper under patruljesamlingar. Høgdepunkt i 2025 var når Ulsteinspeidarane deltok på Landsleir med 98 speidarar. Dei lokale overnattingsturane til Hatløya, Nassetelva og andre plassar er også populære. Speidarane rydda også Haddalsvika for plast. Rovargruppa har blitt ei stor og aktiv gruppe.

Søndagsskule i Hasund og Ulsteinvik

Søndagsskulen i Hasund hadde 5 samlingar på våren og 8 samlingar på hausten med god oppslutnad om tilbodet.

Søndagsskulen i Ulsteinvik hadde ikkje regelmessig tilbod på søndagsskule i 2025, men har bidrege med søndagsskulesamling under 3 gudstenester. Styret ønskjer å finne fleire barnefamiliar som vil engasjere seg for eit meir regelmessig tilbod.

KRIK Ulsteinvik

KRIK Ulsteinvik er eit aktivt miljø med to ulike aktivitetsgrupper: Gruppa for ungdomsskule- og/VGS-alder møtast kvar fredag, med om lag 30 frammøtte i gjennomsnitt pr. samling. Mini-KRIK er ei gruppe for born i alderen 2 til 6 år, med samlingar kvar måndag, med gjennomsnitt på omlag 45 frammøtte. Mini-KRIK er i tillegg ein kjekk sosial møtestad for småbørnsforeldre.

ALIVE-festivalen

Den tverrkyrkjelege festivalen siste helg i oktober har blitt ein tradisjon i Ulsteinvik og er eit viktig møtepunkt for ungdom i regionen. Mange ungdomar frå Ulsteinvik tek del, og soknet samarbeider om programmet med festival- leiinga.



Ulstein Ten Sing

Ulstein Ten Sing hatt samling på Fredheim kvar onsdag kveld, med leik, øving i kor og band, mat-pause og eit ord for kvelden. Ein gong i månaden har vi gruppeøving der ein kan velje fritt mellom dans, film, drama eller leik. Frå hausten 2025 har gruppa valt å avslutte med dramagruppe grunna låg interesse, og i staden tilbydd Drypp-gruppe som mellom anna skal arbeide med å legge til rette for deltaking gjennom musikk, preike og bønnevandring på ungdomsgudstenester.

Ten Sing har delteke på fleire gudstenester og konsertar, dømesvis i lag med med studentkoret Yadah Gospel og EVEN. Fredheimbasaren, Hjartevvarmeaksjonen, Lucia på sjukeheimen, og vår årlege Gospel Night var nokre høgdepunkt. Årets største høgdepunkt var utan tvil vintertreff på heimebane, som Ulstein Ten Sing arrangerte i februar i samarbeid med KFUK-KFUM Møre og Romsdal. Over 120 ungdommar frå regionen deltok.

Til tross for lågare medlemstal enn frå førre åra har vi framleis ei stabil masse med deltakarar som alle set sitt gode preg på miljøet. Vi er stolte av å ha ei ressurssterk gruppe med unge leiarar som tek ansvar. Med nærare 40 oppmøtte i gjennomsnitt syner det at dette er ein god stad å vere.



Vintertreff 2025 i Ulsteinvik. Solist Malin B. Kristensen, gitarist Sveinung B. Snipsøy, og møteleiar Louise Kaul. Foto: Maria Saxegaard.

Temakveld på Fredheim

Temakveldane hadde ei pause våren 2025, men med ein ny komité på plass vart det fire fine kveldar på hausten. Komiteen for temakveldar i 2025 er samansett av Kari-Janne Ljones Kulø (KFUK-KFUM), Inge Kaldhol (NMS) og Janne Fylsvik Rønningen (Ulstein sokn). Temakveldane var som følgjer:

23. januar: Frå misjonsarbeid i Mali. Foredrag: Nils Endre Eikeland

4. september: "KROPP – fortellingen om deg og hva den har med Gud å gjøre".
Foredrag: Erik Andreassen

18. september: Musikk som ressurs for barn i risiko - med utgangspunkt i musikkskolen i slummen i Bangkok. Foredrag: Ragnhild Danbolt Øygard

16. oktober: 100 år med nynorsk salmebok. Foredrag: Marit Kaldhol, musikk: Michelle Öhman. Samarbeid med Mållaget.

20. november: Min salme. Ein kveld rundt songar som har satt spor.

DIAKONI

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og skal uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Diakoni er lettare sagt enn gjort, og det er gjennom «å gjere og vere» for våre medmenneske at ein kan nå inn til hjartet. Diakoni er både det som gjerast av diakon/diakoni-arbeidarar, men også ein dimensjon ved det å vere kyrkje.

Seniortreff for ukrainske flyktningar

Ein onsdag i månaden frå kl. 12-14 inviterer vi til samling for ukrainske seniorar. Vi har anten samlingar på Fredheim med lunsj, eller er på diverse utflukter. I 2025 har vi mellom anna hatt tur til Hakallegarden, og ei mindre gruppe reiste med Hurtigruta ein nydeleg haustdag til Geiranger – ein uforgløyemeleg tur for oss som var med. Vi inviterer inn til ulike temalunsjar, og har hatt besøk av både banktenesta og helsestasjonen. Det er dei eldre sjølve som vel tema dei ønskjer skal belyst. Av og til er det nok å samlast, prate og ete ilag. Dette er eit tilbod til den gruppa som ikkje er under opplæringsprogrammet til UDI, og vi gjer det for å skape ein fellesskap dei i mellom, og til lokale. Vi har hatt god hjelp frå frivillige både til turane og til samlingane på Fredheim.



Tur til Geiranger og Hakallegarden. Alle foto: Mari-Ann Vattøy.

Internasjonal kvinnegruppe

Vi har samlingar éin gong i månaden, oftast siste onsdag i kvar måned. Frå å ha møter i heimane, har vi frå hausten 2023 flytta samlingane til kyrkja. Vi har halde fram med same forma på møta; med song, andakt, matøkt, lystenning og bøn. Erfaringa med å flytte samlingane til kyrkja er gode. Vi får med oss ein ekstra dimensjon ved å ha det akkurat her, og det er fint å kunne bruke kyrkjebygget også utanom gudstenestene. Alle er hjarteleg velkomne!

Strikkekafé

Kvar måndag kveld møtest vi for sosialt samvær med og utan strikkeset. Dette har blitt veldig populært, og i 2025 har interessa auka. Vi er 25-30 personar på det jamne, nokre lokale og nokre nye tilflyttarar. Dette kom i utgangspunktet i gong etter utbrotet av krigen i Ukraina, med eit ønske om å hjelpe til med å strikke varme klede til både soldatar og sivile. Vi har sendt kassevis med strikk. Det kjennest godt å kunne bidra med det vi kan. Det er så lett å bli mismodige når vi ser alt det vonde som skjer rundt oss, men det å føle på ei uro som fører til handling til å gjere godt er ein veldig bra ting. Om vi ikkje får hjelpe alle, så kan vi i alle fall hjelpe nokre. Mange bidreg med tråd og litt å bite i. Dette er diakoni i praksis. I tillegg får vi ei stund med prat, latter og norsktrening. Det er ei god pause frå alt anna for veldig mange.



Høvesvis strikkekveld, juleverkstad og kveldsmat på Fredheim. Alle foto: Mari-Ann Vattøy

Andakter på institusjonane

Vi har andakter på Alvehaugen, Bygdestova og på Holsekerdalen kvar veke. I tillegg til andakt har vi song, bøn og velsigning. Prestar og diakonar byter på kven som er der i tillegg til organist. Det betyr mykje for bebuarane at vi kjem, og at vi er der kvar veke. To gongar i året feirar vi nattverdsgudsteneste på institusjonane.

Kyrkjelydsfest på Kjeldsund 25.mai

Festen blei i år arrangert av søndagsskulen og diakoniutvalet. Det vart ein fin dag for store og små. Vi feira gudsteneste først, etterfølgt av leik, mat og kake. Det var aktivitetar som lykkehjul, skattejakt, kanopadling, tarebåt, tombola og hoppeslott. Fleire konfirmentar var med og hjelpte til på dei ulike postane, som eit ledd i si tenesteoppgåve i konfirmenttida.

Opa julefeiring på Kjeldsund

I år var det fyrste gong at frivillige leia julefeiringa og laga maten på Kjeldsund på julaften. Kjeldsund leirstad, Herøy sokn og Ulstein sokn samarbeider om dette gratisarrangementet for dei som ønskjer å ha nokon å feire julaften med. På programmet var det julemiddag og kaker, gang rundt juletreet, og gåver og aktivitetar for borna. I 2025 var det 58 deltakarar som var samla på Kjeldsund. Takk til alle som har vore involverte med store og mindre oppgåver. Takk også til Sparebank 1 for raus gåve!

Ulstein kyrkje sitt misjonsprosjekt gjennom NMS

Ulstein sokn har misjonsavtale med NMS. Fokusområdet vårt er Midtausten, og vi har kollekt fleire gongar i året til prosjekta. Her er det særskilt arbeidet med TV-stasjonen SAT7 som sender kristne program for born og vaksne. Prosjektet støttar også kurs- og kompetansesenteret Anafora, og ein kristen bokhandel i Kairo. Den Norske Kyrkja og misjonsorganisasjonane har ei aksjonsperiode frå Kristi Himmelfart til St.Hans - "Saman som kyrkje i heile verda". Vi har NMS-gudstenester både på vår og haust med fokus på dette arbeidet. Også på kyrkjelydsfesten på Kjeldsund samlar vi inn og har fokus på misjonsprosjektet vårt.

Sommar og adventssonggudsteneste med Fjøresteinane

I juni og november vart det gjennomført gudsteneste på kveldstid leia av Oddgeir Nygjerde og Fjøresteinane. Sidan to av dei som er med i Fjøresteinane var elevar ved Sunnmøre Folkehøgskule hadde vi stort frammøte av skulen. Sjølv om vi føler at vi annonserer godt skulle vi ønskje at fleire fekk med seg desse kveldane. Dei omlag 120 frammøtte hadde herlege stunder med song og musikkglede med Fjøresteinane i front som leia både allsong og hadde eigne innslag.



Foto: ???????

Allehelgen

Også i 2025 laga vi til minne- og håpsvandring på kyrkjegarden utanfor kyrkja. Nytt av året var at vi laga til også på Osnes kyrkjegard. Lokale kunstnarar med støtte frå Ringstad blomster hjalp til med å utsmykke kyrkja også denne gongen, så kyrkja vatr pynta ekstra vakkert med blomar og levande lys.




Foto: Mari-Ann Vattøy

Ved «minnetre» kunne ein henge opp raude hjarte med namna til dei ein ville minnast. Lystenning var fint å ha med. Minnesamlinga var også denne gongen sett til laurdag kl. 17. Tilbakemeldingane som kom etter denne helga viser at minnesamlinga er særst viktig for dei sørgjande - eit trygt rom der ein kan vere saman med andre i sorga.

Ettermiddagskaffi med song og gode ord

Dette tilbodet starta opp i 2021 med Ingrid Nerhoel og Mari Ann Vattøy, først og fremst som eit tilbod til dei som bur i omsorgsbustadar på Sjøside. Dette vart starta med ei oppmoding frå omsorgstaten i kommunen. No har vi fått fleire som kjem og underhald på Sjøside slik at dei har litt meir som skjer gjennom heile året. Vi hadde 3 samlingar på vår/sommar, og éin på hausten. Det er svært kjærkome for dei som bur der.



Sjøside. Foto: Mari-Ann Vattøy

Besøksteneste

Heimebesøk, sjelesorgssamtalar og vandresamtalar er ein viktig del av jobben. Det kan bety mykje å ha ein å prate med. I 2025 hadde diakonane og prestane 320 slike samtalar.

Etter eit dødsfall får alle pårørande tilbod om heimebesøk eller samtale på telefon. I enkelte tilfelle har samtalanane gått over heile året. Det er eit tilbod mange set pris på. Nokre av tilbakemeldingane vi har fått er at det er godt å bli hugsa på.



Foto: Mari-Ann Vattøy

Hjartevarmeaksjonen (må ha meir info om kva som kom inn)

I 2025 vart det gitt ut ca 230 matkasser til 538 personar, derav 411 vaksne og 127 born. Dette er ei auke på 100 personar frå året før. Det har vore ei stram tid for mange, som også visast på at det var lagt mindre varer i handlevognene på butikkane enn før. Det kan og skuldast at vi har informert at vi heller ønskjer at folk gir pengar, sidan vi ville prøve med gavekort på daglegvarebutikkane i tillegg til ei mindre matkasse utan middagsmat. Dette for at folk skal kunne kjøpe inn det dei spis, og å unngå matsvinn. Det er mange å takke, både lokale sanitetsforeiningar og småbedrifter, i tillegg til dei lokale bankane. Det var gledeleg at Sparebanken Norge gav pengar til aktivitetskort til born til ein verdi av omlag kr. 70.000. Takk også til Sparebankstiftinga. Stor takk til Mattias Grimstad som sprang inn 116.000 netto på sin spleis i 2025!

Hjartevarmeaksjonen er eit samarbeid mellom Frivillig-sentralen, nykyrkjekarane og Ulstein Sokn. Mari Ann Vattøy er representant frå soknet. Takk til all hjelp vi har fått frå lokale butikkar, frivillige organisasjonar og frivillige til pakking og anna hjelp! Utan desse hadde vi ikkje klart å gjennomføre ein slik aksjon.

Kyrkjekaffi

Dette har vi prøvd så langt som råd å ha etter kvar gudsteneste. Vi har sett at å ha variasjon med kyrkjekaffi på Fredheim og ein enklare kyrkjekaffi i kyrkja har fungert veldig fint. Vi har også sett kor viktig kyrkjekaffien er for integrering og som ein sosial møteplass. Det har vore god oppslutnad. Vi har sett at flyktningar har søkt hit og funne sin plass i fellesskapen. Det å spørje om hjelp til å fylle frysaren med kaffimat har vore ein veldig fin og god ting. Det både avlastar dei som tek på seg å hjelpe til med kyrkjekaffien, og ein får fleire med seg på lag.

Nytt diakonalt tiltak - Ball og bingo

Ball & Bingo, ein ide som kom av at ein lokal kjøpmann donerte ei mengd med pinnekjøtt til kyrkja. Dette var både for at vi skulle gi til trengande, men også til fri bruk i kyrkjelydsarrangement. Vi ønskte å skape eit tilbod til heile familien, både unge og gamle, servere rimeleg middag, slik at dei fleste kunne ha råd til å ta del, samtidig som vi ville ha det litt moro. Vi la oss på ein låg pris inkl. eit bingobrett i prisen. Eit eventuelt overskot skulle gå til diakoniarbeidet i kyrkja. Vi gjennomførte 2 samlingar med til saman 170 fram møtte. Vi vil seie dette var eit sær sars vellukka arrangement. Framover vil vi satse på éi samling pr. semester.



Mykje mat skal pakkast på kort tid. Foto: Mari-Ann Vattøy



230 slike matkasser, eller matposar vart gitt ut i 2025. Foto: Mari-Ann Vattøy



Stinn brakke på Ball & Bingo. Foto: Mari-Ann Vattøy.

BYGGEKLOSSEN OPEN BARNEHAGE

Ein samlingsstad ope for alle

Byggekllossen er ope på tysdagar frå kl. 09.00-15.00. Det er eit tilbod for foreldre som er heime med born under skulealder. Vi har rom for prat, leik, hobbyaktivitetar, og kaffi og te til dei vaksne. Kvar veke er det babysong kl. 11.00, under leiing av Kari Aske Osnes. Karine Sæter er ansvarleg for Byggekllossen open barnehage.

Det er godt å møte andre vaksne når ein er heime med små born, og det er også bra for borna å møte kvarandre. Det kan også vere ein god måte å starte barnehagetilvenninga på. Det er ofte eit par born frå mottaket som ikkje har barnehageplass innom, og det gjer fellesskapet rikare.

Våren 2025 var det i gjennomsnitt 10 born og tilsvarande tal for vaksne kvar gong. På hausten var talet 5. Det har vore 84 born innom Byggekllossen i 2025. Vi har plass til endå fleire, så vi ber deg hjelpe oss med å spreie ordet.



Alle foto: Karine Sæter



KYRKJEMUSIKK

Kyrkjemusikken er ein viktig formidlar av trua og blir uttrykt i ulike samanhengar, på gudsteneste, i korverksemd, i kyrkjelege handlingar, i andakter på sjukeheimen, i musikkundervisning og på konsertar. I 2024 har det blitt lagt fokus på å bygge relasjonar og få eit variasjonsrikt og involverande musikkmiljø i kyrkja vår, med samarbeid i kulturlivet i Ulstein og dei lokale frivillige kreftene.



Foto: Fantastiske Osberget

Orgelskule

Det er tre elevar i alderen 12-18 år som tek orgeltimar kvar veke. Dei har fått prøva seg både på å spela salmar, bønner og postludium på gudsteneste og deltatt med eigne stykke på konsertar. Dei har medverka på Adventkonsert med kulturskulen i desember og fått visa seg mellom anna på Adventsong med Fjøresteinane og på Julenattineen.

Orgel

Når orgelet i Ulstein kyrkje fekk sin regelmessige service i år, vart det oppdaga at det treng ein større reparasjon. Skinnbelgane har blitt for gamle og sprekkjer slik at det dannast hol der lufta kjem ut og lagar støy. Det har blitt gjort eit forsøk på å lage ei løysing med lim og skinn for å tette dei mest kritiske hola. Ein større reparasjon trengs, og er planlagt til 2026.

Konsertar

Til årets første konsert vart vi gjesta av Yadah Gospel den 29. mars der òg Ten Sing fekk delta. Under Smak av Ulstein heldt Ulstein Mannskor konsert i kyrkja. Dessverre vart det ikkje «Tonar i fastetid»-konsert dette året, som mellom anna bidrog til eit litt lågare tal på konsertar i løpet av våren.

Under haustsemesteret hadde vi ein samarbeidskonsert med kulturskulen i starten av desember. Even Sævik heldt konsert i Ulstein kyrkje i samband med sin juleturné den 10. desember. Der deltok òg Ulstein Ten Sing. På hausten blei Jazz & Koral flytta til våren 2026 og det har vore sparsamt med konsertar fram til desember.

«Vi syng jula inn» vart ein fin og viktig tradisjon i år òg. Vi er takksame for at Svein Eiksund har teke på seg ansvaret for å arrangere konserten i 2023 og 2024. No i 2025 har ansvaret for konsertarrangementet gått tilbake til kantor.

Etter ein lang og mangeårig innsats i arbeidet med Julenattineen har Jan Thormodsæter og Øyvin Sønnesyn valt å overlate arrangørrolla til nye krefter. Det vart Magne Grimstad jr. som tok på seg ansvaret.

Konsertar gjennom året

29.3 – Yadah Gospel

11.6 – Ulstein mannskor
(Smak av Ulstein)

28.11 – Gospel Night med Ten Sing

04.12 – Adventskonsert med
Kulturskulen

10.12 – «Ei sunnmørsk jul» med Even A.
Sævik og Ulstein Ten Sing

14.12 – Vi syng jula inn

22.12 - Julenattiné

Musikkandakt/gudsteneste

Bøne- og lovsongskveld
27.1 / 24.3 / 28.4 / 22.9 / 27.10 / 17.11

Kveldsmøte:
9.2 / 30.3 / 4.5 / 14.9 / 23.11

Spor av Gud:
2.3 / 28.9

29.5 - Folketonemesse
1.11 - Minnessamling
27.11 - Adventssong med Fjøresteinane



Folketonemesse. Foto: ????????



Even A. Sævik.
Foto: Ruben Voldsund



Solist (og dirigent) i Ulstein Ten Sing,
Sofie Aksnes. Foto: Ruben Voldsund

Julenattine

Underskrivne fekk tidleg i september 2025 ein førespurnad frå Kyrkjemusikkutvalet i Ulstein sokn om å ta det overordna ansvaret for gjennomføringa av Julenattinéen 2025. Oppdraget vart teke imot med stor entusiasme, og planlegginga kom raskt i gang i tett dialog med utvalet.

Peter Demirov stod for arrangementa og bidrog til eit heilskapleg og profesjonelt musikalsk uttrykk. I bandet elles deltok Rune Ertesvåg (gitar), Kristian Steinsvik (bass), Peter Nygjerde (trommer) og Magne Grimstad jr. (bass/gitar). I tillegg medverka Kirsti Nygjerde, Maria Nygjerde og Arnt Ole Grimstad som koristar. Desse bidrog vesentleg til å løfte fleire av solistinnsлага.

Tomine Sævik Voldsund og Kamilla Grimstad Hagen frå kyrkjemusikkutvalet fekk, i samarbeid med Magne Grimstad jr., ansvar for å kontakte og invitere aktuelle solistar. Om lag 30 ulike solistar blei spurde, og 16 takka ja til å delta. I tillegg takka Beate Mjøen Berg ja til å framføre juleevangeliet, noko som gav konserten ei tydeleg forankring i julebodskapen.

Samla sett framstår Julenattinéen 2025 som eit vellukka arrangement, samstundes som det finst eit tydeleg utviklingspotensial vidare – både kunstnarisk og organisatorisk. Julenattinéen 2025 utgjør eit solid fundament for framtidige gjennomføringar. - Magne Grimstad Junior.



Bilete frå øving og førebuing til julenattine. Alle foto: Fantastiske Osberget

Korarbeid for vaksne

Vi held fram med tradisjonen og inviterte til prosjektkor for vaksne til påskehelga og til fyrste juledag. Påskekoret deltok på tre gudstenester i påskehelga; langfredag, påskenatta og fyrste påskedag under leiing av Lill-Marte Apelseth Solbakken og Michelle Öhman. Til fyrste juledag stilte ein gjeng opp med fin stemmesong på fellessongane og eit eige korinnslag av «Når juldagsmorgon glimmar» i arrangement av Henry Nordin.

Musikalske krefter på gudsteneste

På fleire av våre gudstenester har vi gleda av å ha ei gruppe frivillige som stiller opp med sine musikalske krefter, som forsongarar, band, solistar, kor eller instrumentalistar. Eit musikalsk høgdepunkt frå året er påskehelga med innslag av prosjektkor, songsolistar, bass, ein saksofonist frå kulturskulen og ein profesjonell saksofonist.

Vi har ved fleire høve fått med instrumentalistar på tangentar, slagverk, bass, gitar, fiolin, fløyte, treblås og messing. I tillegg har vi mange korinnslag, mellom andre frå ulike mannskor, det ukrainske damoret i Ulsteinvik, og våre eigne barne- og ungdomskor.

Barnekor

Korklubben har øving annankvar tysdag og er for målgruppa 5 år-3-klasse. Tween Sing har øving motsett tysdag og er for 4.-7.klasse.

Kora har teke del ved desse arrangementa i 2025:

Korklubben

- 5. januar: Synge på julefest på Kjeldsund
- 2. februar: Synge på gudsteneste
- 17. mai: Synge på gudsteneste
- 1. juni: Tur og minikonsert på Hakallegarden
- 15. november: Synge på Fredheimbasar
- 22. desember: Synge på Julenattiné
- 24. desember: Synge på gudsteneste

Tweensing

- 16. mars: Familiegudsteneste
- 7. mai: Song på sjukeheimsforeininga
- 25. mai: Familiegudsteneste på Kjeldsund
- 19. oktober: Gudsteneste for store og små
- 30. november: "Adventsnatt"-gudsteneste
- 22. desember: Julenattiné
- 24. desember Julaftengudsteneste



Korklubben under musikkvideoproduksjon. Foto: Ole-Terje Sukka

Betalande medlemmer i 2025

18 stk i Korklubben og
18 stk i Tweensing.

Det er ein fin gjeng som er med i Korklubben, men utfordringa er heile vegen å nå ut til nye som vil vere med, særleg gitar.

Vi ser at det er eit stadig minkande tal med songarar på Tweensing. Vi har merka nedgang etter at vi bytta øvingsdag frå torsdag til tysdag. Vi har prøvd å gjere nokon grep for å få fleire songarar til, med mellom anna med å prøve å lære inn ein dans. Vi opplevde også at det var fleire av songarane som vart motivert av å skulle opptre på Julenattiné. Vi håpar at fleire songarar finn vegen til Tweensing og at vi kan få ein oppsving.

Styret for Tweensing og Korklubben har vore samansett slik: Oda Jonette Røyset – leiar, Janne

Aschehoug – styremedlem, Tone-Lise Osnes – styremedlem, Birgitte Vikanes – styremedlem, Kamilla Grimstad Hagen – styremedlem, representant for Ulstein KM, Pianist: Michelle Öhman. Dirigent: Kamilla Grimstad Hagen og Line Aksnes



Ulstein Tween Sing. Foto: Ruben Voldsund

PRESTETENESTE OG GUDSTENESTELIV

Ulstein kyrkje er ei folkekyrkje der alle er velkomne. Det er mange innom kyrkja i løpet av året, i gravferd, dåp, vigsler, gudstenester, konsertar og arrangement. Vi trur mange kjenner seg heime og er stolte av kyrkja si. Ulstein har over fleire år arbeidd med visjonen "Saman på ferda". Saman skapar vi ei truverdig folkekyrkje og eit levande trusfelleskap. Vi vil la ulike fellesskap finne si form, tene lokalsamfunnet, og gjere gode kyrkjelege handlingar frå livet si byrjing til livet sin slutt.



Prest Anton Heggvik "kranglar" med kateket Bjørn Losvik og kyrkjelydspedagog Ingrid M. Sæter om kven som er størst i Guds rike i gudsteneste med utdeling av fireårsbok. Bjørn er kanskje sterkast, men framfor Gud er alle like vart dei einige i. Foto: Ruben Voldsund

Prestar

Dette året har vi hatt fleire prestar innom i Ulstein. Margit Lovise Holte var i arbeid fram til 30.april, og vi takka henne for lang teneste her på avskjedgudsteneste den 23.mars. Tone Cecilie Carlsten var her frå januar til juli, først som vikar for kapellan, og etterkvart fungerande sokneprest. Leidulv Grimstad var fungerande sokneprest frå august til november. Mirjam Håland Igland har vore ute i omsorgspermisjon, og takka ja til soknepreststillinga i Ulstein som ho byrja i 1.desember.

På grunn av økonomi i Den Norske Kyrkja er prestestillingar i Ulstein redusert. Mirjam har 100 % soknepreststilling, og Anton Heggvik, som er sokneprest i Vanylven, jobbar i Ulstein inntil 50 %. Mirjam, Anton og Lars Hartig-Tangedal (sokneprest på Hareid), delar på gravferd og vigsler i Hareid og Ulstein. Vi håpar på fleire presteressursar ein gong i framtida, men vi finn løysingar også slik det er no.

Gudstenesteliv

I Ulstein kyrkje har vi eit variert gudstenesteliv. Guds-tenesta er kyrkjelyden sitt samlingspunkt, og kan gi oss eit møte med den treeinige Gud og gjev oss vekst og kraft i trua vår. Det er mange frivillige som er involvert i gudsteneste, som medhjelparar, kyrkjevertar, musikar, medliturg, kyrjekaffi-ansvarleg, skjermstyrar eller med andre bidrag. Takk til alle som vil bidra. Det er meningsfullt å skape noko ilag.

Vi har både ordinære gudstenester med dåp og nattverd, og gudstenester spesielt tilrettelagt for ulike målgrupper. Det er gledeleg å sjå at antal deltakarar på gudsteneste framleis er høgt, mellom anna var det 908 personar i kyrkja på julaftan i år! Talet på dei som har mottatt nattverd i 2025 har også gått opp.

Vi ønskjer også å ha nokre gudstenester ute i løpet av året, men i 2025 blei to av dei planlagde friluftsgudstenestene flytta inn grunna vår. For å spare litt på presteressursane var det 8 færre gudstenester i 2025 enn i 2024.

Gudstenester tilrettelagt for born

Vi er svært takksame for godt samarbeid med dei lokale organisasjonane her i Ulstein. Det er blitt tradisjon med speidargudsteneste, NMS-familiegudsteneste og samarbeid med Ulstein KFUK-KFUM til dømes på første gudsteneste etter sommaren. I 2025 har vi også hatt to gudstenester som vi kallar «Gudsteneste for alle», der alle aldersgrupper går kvar til sitt for forkynning og evt. leik, og så samlast vi igjen til nattverd. Dette er ei gudstenesteform som vi vil satse på å ha éin til to gongar i året. Gjennom året har vi fleire familiegudstenester knytt til eit trusopplæringstiltak, til dømes utdeling av 4-årsbok, bibelutdeling for femteklassingar og Adventsnatt.

Gudstenester tilrettelagt for ungdom

Vi prøvar også å leggje til rette for gudstenestefellesskap for ungdom. Vi ønskjer å halde fram med DRYPP ungdomsgudstenester, men i 2025 har det vore vanskeleg med tanke på presterressursar. Vi hadde ein DRYPP ungdomsgudsteneste i januar der ungdomsleiarar i konfirmentarbeidet vårt var med å førebu gudstenesta. DRYPP ungdomsgudsteneste er eit godt samlingspunkt for ungdom, og det er også ein del konfirmentar som kjem på desse. Konfirmasjonstida har også hos oss fått sine faste gudstenester tilrettelagt for konfirmentar med familie: presentasjonsgudsteneste, lysmesse, fasteaksjonsgudsteneste og samtalegudsteneste.

Kvart år deltek vi på ALIVE ungdomsfestival i oktober. Det er mange ungdomar frå kyrkjelyden som både deltek på festivalen og har ulike oppgåver. Det er tradisjon med nattverd i kyrkja på laurdagskvelden, og kyrkjelyden blei invitert til tverrkyrkjeleg møte på Sjøborg den helga.



Foto: Ole-Terje Sukka



Foto: Ruben Voldsund

Rom for livet og trua

For å skape rom så kyrkja kan famne liv og tru, har det vorte tatt initiativ til andre former for kristent fellesskap. Spor av Gud er ei kveldsmesse med musikk og samtale/ intervju som vi har hatt nokre gongar i 2025. Magne Grimstad jr. og Mari Ann Vattøy har valt gjestar og musikk, og Holy Ghost Band har spelt kvar gong og stilt med musikalsk kvalitet og variert musikk med glede!

Kveldsmøte har blitt eit fint møtepunkt for unge vaksne i alderen 25-45 år i kyrkjelyden vår. Det har vore 5 kveldsmøte i løpet av året. Før møtet er det ein uformell kveldsmat bakarst i kyrkja, og sjølv møtet består av lovsong, andakt og bøn. Komiteen som planlegg kveldsmøta består av frivillige og ein tilsett.

Ei bønegruppe i Ulstein sokn har i mange år arrangert Bøne- og lovsongskveld ein måndag i månaden. Dette er ope for alle, og er arrangert av Susan Kaul, Ingrid Nerhoel, Mali Åm og Karianne Orvik.

Takk til dei som legg til rette for trusfellesskap på ulike måtar. Det blir eit supplerande tilbod til gudstenestelivet og gjer kyrkja meir tilgjengeleg for fleire.



Foto: Silje Kiperberg Aksnes



Foto: Ruben Voldsund

Kyrkjelege handlingar

Det er mange som vil døype borna sine, gifte seg og ta farvel med sine kjære i kyrkja. Prestane møter mange i ulike livssituasjonar gjennom veka, i sorgsamtale, på dåpssamling, for å førebu ei vigsle eller når nokon treng ein å prate med. Kyrkjelege handlingar (gravferd, dåp, vigsle, konfirmasjon) har i si helheit hatt stigande tal dei siste åra.

Vi har mange vigsler gjennom året, særleg i sommarmånadene. Vi har også hatt god erfaring med valentinsdagsvigsler dei siste åra. Ved å stille prest, kyrkjetenar, organist, fotograf og solist til rådighet i ei fint pynta kyrkje, har vi opplevd eit ras av folk som vil gifte seg. I 2025 var det 10 par som gifta seg i Ulstein kyrkje på valentinsdagen!




Leidulv Øyvind Grimstad. Foto: Ruben Voldsund

Tabell 1: Oppslutnad DNK i Ulstein	2021	2022	2023	2024	2025
Befolkning	8539	8770	8872	8862	8890
Medlemar og tilhøyrande i DNK	6616	6629	6623	6546	6544
% medlemar i Den norske kyrkja	77,5 %	75,6 %	74,7 %	73,9 %	73,6%
Innmelde i DNK	11	9	7	3	3
Utmelde frå DNK	24	19	23	16	13
Fødde i Ulstein kommune	109	92	82	95	95
Døypte nyfødde, medlem Ulstein*	88	71	57	61	61
% døypte av fødde folkeregistrert i Ulstein	80,7 %	77,2 %	69,5 %	64,2 %	64,2%
15-åringar (døypte)	85	85	89	104	104
Konfirmerte medlemar i Ulstein	81	80	78	96	96
% konfirmerte av 15-åringar (døypte)	95,3 %	94,1 %	87,6 %	92,3 %	92,3%

*ikkje alle born blir døypte same året dei er fødde. Mange som blir fødde dei tre siste månadane i kalenderåret blir først døypte i løpet av dei første tre månadane i det nye kalenderåret. Difor varierer også tala litt frå år til år dersom ein ynskjer å dokumentere kor mange av dei som blir fødde også blir døypte.

Tabell 2: Kyrkjelege handlingar	2021	2022	2023	2024	2025
Dåpshandlingar i soknet	74	66	82	57	82
Konfirmerte i kyrkja	81	80	78	96	86
Gravferder	53	50	49	65	60
Kyrkjelege vigslar	14	12	17	20	22



Tabell 3: Gudstenester og andakter	2021	2022	2023	2024	2025
Antal gudstenester totalt	80	89	87	88	80
Deltakarar, gudstenester totalt	6423	12745	14248	14192	12826
Gjennomsnitt pr. gudsteneste	80	143	164	161	160
Antal gudstenester, søn- og heilagdagar	58	54	60	58	60
Deltakarar, gudst. søn- og heilagdagar	5276	7826	9643	9655	10384
Gjennomsnitt pr. gudsteneste søn- og heilagdagar	91	145	161	166	173
Gudstenester utanom søn- og heilagdagar	22	35	27	30	20
Deltakarar, gudst. utanom søn- og heilagdagar	1147	4909	4605	4537	2442
Gjennomsnitt pr. gudsteneste utanom søn- og heilagdagar	52	140	171	151	122
Antal gudstenester med nattverd	34	54	47	46	45
Deltakarar, gudstenester med nattverd	1782	3636	3515	3298	3635
Antal gudstenester med skriftemål	1	1	1	0	0
Antal gudstenester for barnehagar	1	3	3	3	3
Deltakarar, gudstenester for barnehagane	150	245	211	236	223
Antal gudstenester for skuleelevar	0	4	4	5	4
Deltakarar, gudstenester for skulane	0	1102	1251	1383	1103
Antal gudstenester særleg tilrettelagt for barn og ungdom	5	10	18	20	15
Deltakar gudstenester barn og ungdom	335	1946	3958	3921	3193
Antal gudstenester med dåp	33	34	35	24	33
Deltakarar, gudstenester med dåp	2723	4510	5444	3885	4698
Antal konfirmasjonsgudstenester	6	4	4	4	5
Deltakarar, konfirmasjonsgudstenester	817	1443	1432	1642	1651
Antal julaftangudstenester	2	3	2	2	2
Deltakarar, julaftangudstenester	125	796	872	890	908
Antal gudstenester i påska	4	6	6	5	5
Deltakarar, gudstenester i påska	21	574	663	559	647
Antal gudstenester i soknets kyrkje	57	78	78	78	77
Antal gudstenester på institusjon i soknet	4	3	5	4	2
Antal gudstenester på annan stad i soknet	19	8	8	6	1
Andakter på institusjon eller aldersheim	113	101	109	105	105

Tabell 4: Kyrkjeleg undervisning i %							
Alder	Trusopplæringstilbod	2021	2022	2023	2024	2025	Snitt i % 2020-2025
0	Babysong	41	51	76	58	74	60
0	Dåpssamtale	93	116	91	105	75	96
2	Samling i kyrkja. Song, lunsj og utdeling av spisebrikke*	32	28	34	33	31	31,6
4	Undretur i kyrkja og gudsteneste/utdeling av bok*	95	66	71	76	63	74,2
5	Sauen som vart attfunnen - Leik og forteljing	0	38	43	51	39	34,2
6	Dåpsskule. 5 samlingar, 2 gudstenester	0	42	42	37	46	33,4
7	1. klasse: Skapt.	70	63	0	61	72	53,2
7	2. klasse: Nytt liv + Hausttakkefest i kyrkja	61	50	0	0	68	65,4
9	3. klasse: Tårnagent + gudsteneste	71	75	49	64	40	13,4
10	5. klasse: Kode B	49	50	38	0	51	37,6
11	6. klasse: LysVaken + gudsteneste	40	48	31	44	0	32,6
13	Aktivitetsskveld m/TenSing/KRIK	0	0	20	24	26	14
15	Konfirmasjon	96	92	88	91	93	92
	Total oppslutnad i %	48,9	55,8	48,6	53,7	53,2	52

* blei delt ut i postkasser under Corona-pandemien (tal i raud farge)

Tabell 5: Musikk/kultur, leiartrening	2021	2022	2023	2024	2025
Deltakarar, leiarkurs for unge 13-30 år	26	21	23	36	25
Antal kor for vaksne / familiekor	1	3	0	3	2
Antal kor for barn og unge	3	3	3	3	3
Antal konserter og kulturarrangement	25	17	22	23	16
Deltakarar på konsertar og kulturarrangement	1007	1200	1802	1410	1825
Antal konsertar og kulturarr. i regi av andre	4	6	7	4	4
Deltakarar på kons. og kulturarr. i regi av andre	998	978	1084	737	458

ULSTEIN SOKNERÅD 2023-2027

Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Rådet vert valt på nytt kvart fjerde år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrkjelege fellesråd, som har ansvaret for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Ulstein kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.

Medlemmar

Odd Arne Vikebakk (leiar)
Silje Kiperberg Aksnes (nestleiar)
Øyvind Grimstad Hagen
Linda Hasund
Cecilie Frantsen Skeide
Ingrid Redse Mjaaseth
Berge Myrene
Gunn-Marte Veddegjere Pieroth
Geistleg representant:
Margit Lovise Holte
Tone Cecilie Carlsten
Leidulv Grimstad
Mirjam Håland Igland

Varamedlemmar

Beate Hopland
Monica Leine Tokheim
Janne Fylsvik Rønningen
Marianne Follesøy Kaldhol
Mali Åm
Anton Heggvik (geistleg vara)

Sekretær: Christfried Kaul

Ulstein kommune sin repr. i kyrkjeleg fellesråd:

Ordførar Stian Skorgen Scheide

Vararepresentant: Varaordførar Lisa Mari B. Anderson



Odd Arne Vikebakk
Leiar



Silje Kiperberg Aksnes
Nestleiar



Øyvind Grimstad Hagen
Medlem



Linda Hasund
Medlem



Cecilie Frantsen Skeide
Medlem



Ingrid Redse Mjaaseth
Medlem



Berge Myrene
Medlem



Gunn-Marte
Veddegjere Pieroth
Medlem



Beate Hopland
Langnes
1.vara



Monica Leine
Tokheim
2.vara



Janne Fylsvik
Rønningen
3.vara



Marianne Follesøy
Kaldhol
4.vara



Mali Åm
5.vara

Utval og kontaktpersonar

Arbeidsutval

Odd Arne Vikebakk, Silje Kiperberg Aksnes, Berge Myrene, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær)

Administrasjonsutval

Odd Arne Vikebakk, Silje Kiperberg Aksnes, Berge Myrene, Ingrid Madli Sæter (tillitsvalt), Lill-Marte Apelseth Solbakken (Verneombod), Christfried Kaul

Gudstenesteutval

Øyvind Grimstad Hagen, Mali Åm, Karianne Sveen Orvik, Margit Lovise Holte, Mirjam Håland Igland, Michelle Öhman

Diakoniutval

Monica Leine Tokheim, Cecilie Frantsen Skeide, Mari Ann Vattøy, Karine Sæter

Vedlikehaldsutval

Linda Hasund, Beate Hopland Langnes, Marius Schjelderup, Christfried Kaul

Mangfald

Soknerådet representerer kyrkjelyden med ei god breidde når det gjeld alder, type engasjement, geografi og nettverk.

Saker som soknerådet har arbeidd med i 2025

- Budsjett 2025 og rekneskap 2024
- Økonomiplan 2025-2028
- Økonomirapportar
- Omprioriteringar av investeringsmidlar
- Årsmelding og gjennomføring av årsmøtet
- Justering betalingsregulativ
- Fornyng audiovisuelt utstyr til Ulstein kyrkje
- Høyring tilskotsforvaltning i Dnk
- Presteressursar i Ulstein og Hareid
- Planer for namna minnelund på Osnes kyrkjegard
- Samarbeid med andre fellesråd
- Beredskapsplan Drift i krisesituasjonar
- Planverktøy Kirka vår
- Felles møte sokneråd og stab
- tildeling av kyrkjeoffer
- Søknad om redusert leigekostnad Ulstein kyrkje
- Gudstenesteliste
- Fornyng av misjonsavtalen
- Bruk av papir vs. skjerm papir i gudsteneste
- Frivilligfest
- Liturgi for dei hellige tre dagar
- Kontakt med Evangelical Lutheran Church in Jordan and the Holy Land

Kyrkjemusikkutval

Gunn-Marte Veddegjerde Pieroth, Andreas Lunde, Kamilla Grimstad Hagen, Jette Hougaard Holstad, Tomine Sævik Voldsund, Michelle Öhman

Undervisningsutval

Janne Fylsvik Rønningen, Ingrid Redse Mjaaseth, Håkon Igland, Ingrid Madli Sæter, Bjørn Losvik

Utval for lys- og lydteknikk i Ulstein kyrkje

Berge Myrene, Øyvind Hagen, Andreas Halle, Lill-Marte Apelseth Solbakken, Marius Schjelderup, Christfried Kaul

Økonomiutval

Marianne Follesøy Kaldhol, Annelise Kleven Godø, Christfried Kaul

Kontaktperson Kirkens SOS

Mali Åm



Kyrkjetårnet mellom Fredheim og Fannemelbygget.
Foto: Ruben Voldsund

FRIVILLIGHET

Mange seier det slikt om sitt frivillige bidrag til arbeid i kyrkja. Frivillig engasjement skapar verdiar for fellesskapen, knyt oss saman, og samlar oss rundt saker vi brenn for. Dermed gjev innsatsen mykje tilbake til den som vel å bruke si tid på frivillig engasjement.

Hjarteengasjement

Som kyrkjelyd ønskjer vi velkomen til ditt hjarteengasjement. På denne måten har vi kunne skape gode tilbod dei siste åra som ikkje er avhengig av at tilsette har regien. Samlingar som kveldsmøte, bønne- og lovsongskveld, Hjartevarmeaksjonen, eller initiativ for ein ny miksepult i kyrkja hadde ikkje blitt til utan at nokon som brenn for noko tok initiativet og samla ein gjeng eldsjeler. Slik lukkast vi med å vere ei kyrkje for alle våre 6700 medlemmar.

Frivillige skapar musikken som berører

Det hadde vore umogleg å betale honorar til alle som bidreg til musikken i kyrkja. Det er til Guds ære og til glede for menneske at vi har eit rikt musikkliv knytt til Ulstein kyrkje. Det ligg mange øvingstimar bak når musikken i kyrkjeromet formidlar det orda ikkje kan romme. Mangfaldet er gledeleg stort.

Omsorg er nestekjærleik

Å sjå kvarandre, bry seg om kvarandre, gi praktisk hjelp, ha tid for ein prat og omsorg for kvarandre er den nestekjærleiken Jesus gav oss i oppdrag å vidarformidle. I kyrkja kallar vi dette omsorgsarbeidet for diakoni. Mange frivillige er involverte i dette arbeidet og bidreg til eit varmare samfunn.

Gåver er ein viktig del av frivillig engasjement

Å gi ei gåve i kollekt på gudsteneste, gjennom ei gjevarteneste eller som enkeltgåver, er eit viktig frivillig bidrag til å kunne tilby eit mangfaldig arbeid leia av kompetente og engasjerte tilsette. Mange av oppgåvene våre - særleg innan diakoni og arbeid med barn og ungdom, treng økonomisk støtte langt utover det vi får av offentlege tilskot.

Særleg bidrag i 2025 - Ingrid Nerhoel

Eit ja-menneske som stiller opp på så mykje. Ho er ein fest å vere rundt og spreier lys og hjartevarme kvar enn ho er. Ho er fast pianist på bønne- og lovsongskveld, ho spelar ofte til andakter på sjukeheimen, og fast på ettermiddagstreff på Sjøsidea. Det er lett å spørje Ingrid. Difor er det ekstra viktig å vise at vi set pris på henne. Takk, Ingrid!



Foto: Fantastiske Osberget
Ruben Voldsund
Berge Myrene
Maria Saxegaard
Mari-Ann Vattøy

TILSETTE

Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100% (til 30.04.2025)
Sokneprest	Mirjam Håland Igland	100% (frå 01.12.2025)
Kapellan	Mirjam Håland Igland	100% (perm. frå 20.01.2025)
Prest	Anton Heggvik	50% (frå 01.05.2025)
Vikarprest	Tone Cecilie Carlsten	100% (01.01. - 31.07.2025)
Vikarprest	Leidulv Grimstad	100% (15.08. - 30.11.2025)
Vikarprest	Finn Ove Kaldhol	50% (15.06. - 14.07.2025)

Fast tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverje	Christfried Kaul	100%
Sekretær	Lill-Marte Apelseth Solbakken	100% (20% perm. i 2025)
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar:	Jan Erling Davidsen	100% (73% perm. frå 15.08)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:	Marius Erstad Schjelderup	70%
Kantor	Michelle Öhman	100%
Diakon	Karine Sæter	50%
Ped. Leiar barnehage	Karine Sæter	20%
Diakoniarbeider	Mari Ann Vattøy	50%
Kateket	Bjørn Losvik	100%
Kyrkjelydspedagog	Ingrid Madli Sæter	100%
Reinhaldar	Sellathamby Vamathevan	27%
Klokkarar timebasert		ca. 13%

Mari Ann Vattøy, Inge Kaldhol, Sama Haify, Runar Langnes,
Mali Åm, Karianne Sveen Orvik, Annelise Kleven Godø

Vikarar

Gravplassarbeidar	Marius Erstad Schjelderup	30% (frå 15.08.2025)
Gravplassarbeidar	Kasimu Tiriwa	20% (frå 01.11.2025)

Prosjektstillingar

Kyrkjelydspedagog	Ruben Voldsund	90% (samarbeidsprosjekt)
Diakoniarbeidar	Mari Ann Vattøy	30% (integrasjonsprosjekt)



Mirjam H. Igland
Kapellan/Sokneprest



Margit L. Holte
Sokneprest



Tone-Cecilie Carlsten
Vikarprest



Leidulv Ø. Grimstad
Vikarprest



Anton Heggvik
Vikarprest



Finn-Ove Kaldhol
Vikarprest



Christfried Kaul
Kyrkjeverje



Lill-Marte A. Solbakken
Kyrkjelydssekretær



Karine Sæter
Diakon



Mari-Ann Vattøy
Diakoniarbeidar



Michelle Öhman
Kantor



Ruben Voldsund
Ungdomsarbeidar



Ingrid M. Sæter
Kyrkjelydspedagog



Bjørn Losvik
Kateket



Jan-Erling Davidsen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar



Marius E. Schjelderup
Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar



Vamathevan Sellathamby
Reinhaldar



Kasimu Tiriwa
Gravplassarbeidar

Vurdering

Ulstein kyrkjelege fellesråd har ein engasjert stab som samarbeider godt tverrfagleg og med frivillige medarbeidarar for å oppnå gode resultat i samsvar med mål satt av sokneråd og Kirkerådet. Det er svært god fagkompetanse i staben, som også blir etterspurt frå andre kyrkjelydar rundt oss. Det er eit godt samarbeidsklima som har vore ei viktig støtte for dei mange prestevikarane som har vore innom i løpet av 2025.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har bedriftshelseteneste. Lill-Marte Apelsest Solbakken er verneombod, og Ingrid Madli Sæter tilsettere representant for dei fellesrådstilsette.

Likestilling, integrasjon og mangfald

Det er 9,6 årsverk i dei faste stillingane inkl. prestar. Ved utgangen av 2025 var det 11 faste tilsette, 6 kvinner og 5 menn. 2 kvinner jobbar deltid i faste stillingar. 2 menn jobbar deltid i faste stillingar. 2 prosjektmedarbeidar har eit deltidsengasjement. 3 av dei 4 deltidstilsette jobbar ufrivillig deltid.

9 av dei fast tilsette har Ulstein kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, 2 faste tilsette har Møre bispedømeråd som arbeidsgjevar. Det er 3 faste tilsette med innvandrarbakgrunn. Det er ingen tilsette med nedsatt funksjonsevne. 7 av dei fast tilsette har fullført utdanning ved høgskule eller universitet, 4 år eller meir.

Arbeidstilhøve

Arbeidet Ulstein sokn driv har mange utfordringar knytt til lokala som arbeidet drivast i. Den største utfordringa er eit kyrkjebygg som er for lite, gir dårlege fysiske arbeidstilhøve, og lite og vanskeleg tilgjengeleg lagringsplass. Kyrkjebygget er særdeles vanskeleg å bruke som undervisnings- og forsamlingslokale utover kyrkjelege handlingar.

Soknet må leige andre lokale for å drive sitt arbeid. Fredheim har også plassmessige og funksjonsmessige begrensningar som heller ikkje gjer dette til ei god og framtidsretta løysing.

Kontorlokalet fungerer bra etter ei rekke oppgraderingar som er gjort dei siste åra, men er framleis ikkje lett tilgjengeleg for rullestolbrukarar og/eller barnevogner. Det er også mangel på kontorplass for prosjektarbeidarar. Samtalerom er ikkje godt nok lydisolert.

Det må jobbast med å få bygd ei kyrkje som kan løyse desse utfordringane.

Psykososialt arbeidsmiljø

Arbeidet i kyrkja er ofte prega av å møte folk i både djup sorg og stor glede ved livet sine høgtider. Dei tilsette kjenner eit ansvar og omsorg i slike situasjonar og er godt trent i å handtere dette med hjartevarme og profesjonalitet. I møte med folk i slike situasjonar, og for mange i ein eksponert arbeidssituasjon med høge forventningar frå deltakarar, må dei tilsette prestere godt og kan kjenne ei tomheit etterpå.

På kyrkjegarden kan graving i graver til gjenbruk skape nokre psykiske belastningar.

Her opplever dei tilsette god støtte frå kollegaer i slike situasjonar, og tillita som staben har utvikla mot kvarandre i sitt arbeid skaper trygge rammer. Det er rom for og låg terskel for å dele opplevingar i jobben med kvarandre, der det er godt å ha nokon å snakke med.

Staben har vore på ein 2-dagars stabstur til Kristiansund for å styrke den gode kollegaskapen.

Staben har fått oppfrisking i livreddande førstehjelp og bruk av hjartestartaren som er plassert i kyrkja.

BYGG OG ANLEGG

Ulstein kyrkje

Kyrkjerommet har ei varm og inviterande atmosfære som mange set stor pris på. Det er ei stor glede å sjå at mange brukar kyrkja si til å markere høgtidene i livet, til å oppleve fellesskap med Gud og kvarandre. Kyrkja er også eit ettertrakta konsertlokale.

Kyrkja vart i si tid bygd for eit folketal på 1100 personar. I dag soknar det ca. 6700 medlemar til denne kyrkja. Det er dessverre fleire situasjonar per år der ein opplever at kyrkja er for lita og folk må snu i døra, eller lét vere å kome grunna den kjende kapasitetsutfordringa.

Ulstein kyrkje er listeført og krev omsyn og oppfølging av vedlikehald. Medan ytterskalet framleis gir bra vern, er interiøret nedslite gjennom hyppig bruk og mangel på andre forsamlings- og undervisningslokale. Tørkeskadane i treverket i kyrkja er synlege mange plassar og kjem som følgje av hyppig oppvarming til dei mange arrangementa kyrkjebygget blir brukt til.



Ulstein kyrkje. Foto: Ruben Voldsund

Med både kommunale investeringsmidlar og støtte frå Sparebanken Møre fekk vi installert nye projektorar og ny miksepult med tilhøyrande infrastruktur i 2025. Også ny belysningsløyising er finansiert av dette og vil bli installert tidleg i 2026. Dette har forbetra lyd- og lysforhold i kyrkja vesentleg, og har gjort kyrkja betre universelt utforma. Det vil også gi mindre slitasje på interiøret når ein langt sjeldnare treng å frakte teknisk utstyr inn og ut. Ein har ikkje kome vidare med prosjektering for ombygging av våpenhuset i 2025.

Ulstein nye kyrkje

Dei politiske signala er framleis slik at det er intensjon om at Ulstein nye kyrkje skal byggjast. I 2025 har ikkje bygging av ny kyrkje vore ei sak til politisk handsaming. Kommunestyret i Ulstein har handsama planane om Ulstein nye kyrkje ved fleire høve tidlegare og gitt soknet fleire oppdrag i prosessen vidare med planane. Med utgangspunkt i dette har det vore to runder med grundig gjennomgang og tilpassing av prosjektet. Både Snøhetta og Sporstøl arkitekter og Conplan AS, to lokale arkitekt- og byggeingeniørfirma, har vore involvert i ein prosess med omprosjektering i 2020. Det omprosjekterte skisseprosjektet blei kostnadsberekna til kr. 89,5 millionar norske kroner basert på prisnivå frå 2017. Dette er ei innsparing på 13,5 millionar norske eller 13,1 % av opphøveleg prosjekt.

Soknerådet har sitt engasjementet retta mest mot kommuneadministrasjonen og det politiske miljøet for å plassere bygging av Ulstein nye kyrkje i kommunen sin langtidsplan for investeringar. Ulstein kyrkje ligg framleis i langtidsplanane for Ulstein kommune, men ikkje som ei investering med prioritet 1. Det er semje om at Ulstein treng ei ny kyrkje i det politiske miljøet, men den økonomiske situasjonen i kommunen for tida gir ikkje rom for eit så stort investeringsprosjekt.

Fondet med innsamla gåver til nytt kyrkjebygg har passert 10 millionar kroner (**Kjersti?**). Dette fondet er ein viktig del av eigenkapitalen vi treng for å få realisert Ulstein nye kyrkje. Vi treng framleis at det veks for å kome nærare bygging av Ulstein nye kyrkje.


Osnes kyrkjegard

I 2025 fekk vi isolert taket på driftsbygget på Osnes som betrar arbeidsforhold på innsida av bygget i den kalde årstida. Det er framleis utfordringar med plass knytt til bygget, som må fungere som både lager, garasje og verkstad. Grunna plassmangel står både traktor og gravemaskin ute. Dette reduserer levetida på desse køyretøya.

Det er jobba med prosjektering og sikring av økonomi til namna minnelund og eit urnegravfelt som skal etablerast på eksisterande Osnes kyrkjegard. Det er inngått kontrakt, og godkjenning frå Statsforvaltaren er venta januar 2026.

Mange graver på Osneset blir gjenbrukt. Dette skapar ein god del meirarbeid og er også ei psykisk påkjenning for dei som jobbar med graving. Gjennom tenesteytingsavtalen bistår teknisk etat i Ulstein kommune ofte ved graving. Det er krav om at det alltid skal vere to arbeidarar saman på gravingsarbeid. Feriearbeidarane hjalp også i 2025 til med stell av gravplassen, i tillegg til **Claire Elodie Mapil og dottera, begge flyktningar frå Kamerun**. Ulstein kyrkjelege fellesråd har også eit godt samarbeid med Friomsorgstenesta om arbeidsoppgåver.

Ved stormen i oktober var det fleire greiner som knakk frå dei store trea på kyrkjegarden, og dette berre stadfestar behovet for at fleire tre bør fjernast frå Osneset kyrkjegard og ein bør lage ein plan for ny beplantning.



Osnes kyrkjegard. Foto: Jan-Erling Davidsen.

Kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje

Vik kyrkjegard rundt Ulstein kyrkje har status som nedlagd. Å kunne ta delar av denne i bruk igjen som namna minnelund vil gi dette området eit løft og ein bruksfunksjon igjen. Arbeid med dette må skje i dialog med vurderingar i forhold til kulturminnelova og i samband med bygging av Ulstein nye kyrkje.

Ulstein gamle kyrkjestad

Den første kyrkjeplassen i Ulstein kommune var plassert ved den siste hamna før kryssing av Breisundet vidare til Giske og Borgund. Etter at kyrkja vart flytta til Ulsteinvik sentrum står det nokre gravminne att, den mest verdifulle er etter Christoffer Rønneberg. Støttemuren for Ulstein gamle kyrkjestad har tatt skade over tid, der mange steinar har rasa ut på nordsida. Det er framleis eit ønske om å legge betre til rette for markering av staden som eit ledd i Kystpilgrimsleia.

Kyrkjekontoret

Ulstein sokn eig andre etasje i Sjøgata 61 og bruker det som kontorlokale for dei tilsette, med møterom og kjøkken. Som kontorarbeidsplassar fungerer kyrkje-kontoret bra, men det bør vere betre fasilitetar for å ta i mot besøkjande til samtalar og andre føremål. Her er spesielt lydisolasjonen ei utfordring. Møteromet er i minste laget for møte i Ulstein sokneråd. Tilkomsten til kontoret er ikkje universelt utforma og byr på utfordringar for brukarar. Heller ikkje toaletta på kyrkjekontoret er tilrettelagt for folk i rullestol. Bygget er dårleg isolert og ikkje alle kontora har tilstrekkeleg med oppvarming og solskjerming. Ved regnvêr og storm frå sydvest er det vatninntrenging gjennom overgangen mellom vindauge og fasade i eitt kontor.

Ulstein sokn har ein rammeavtale med Ulstein kommune som sikrar Ulstein sokn føreseielege økonomiske rammer for ei fireårsperiode. Avtalen gjeld for 2024 – 2027 og gir grunnlag for dei kyrkjelege tenestene Ulstein kommune skal finansiere gjennom tilskot. Ulstein kyrkjelege fellesråd er også gravplassmynde på vegne av Ulstein kommune for alle innbyggjarar. Tilskot til dette inngår også i den kommunale tildelinga soknet får. Som ein del av tenesteytingsavtalen med Ulstein kommune fører Ulstein kommune rekneskapen for Ulstein sokn.

Ulstein sokn får også tilskot frå Den norske kyrkja sentralt til diakon- og kateketstillingar og til arbeid med kyrkjeleg undervisning. Ulstein kommune finansierer 50% av kateket, og 50% av diakonstilling. Ulstein kommune kjøper også nokre tenester hjå soknet for inkluderingsarbeid blant flyktningar.

Gjennom samarbeid med fellesråda i Herøy og Sande kjøper fellesråda tenester for kyrkjeleg undervisning og barne- og ungdomsarbeid av Ulstein sokn tilsvarende ca. 30% stilling. Ulstein sokn har også ein samarbeidsavtale med Møre og Romsdal KFUK-KFUM om å styrke og utvikle ungdomsarbeid i regionen med ressursane i Ulstein som utgangspunkt. Samarbeidet sikrar 40% av ungdomsarbeidarstillinga.

I 2025 har kyrkjelyden i Ulstein samla inn kr. 928.690 i gåver og kollekt, delvis til eige arbeid, til nytt kyrkjebygg, men også til misjonsprosjektet i NMS, Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kristent barne- og ungdomsarbeid, og andre føremål soknerådet har vedtatt gjennom kollekten i kyrkja under gudstenestene. Ulstein sokn har også fått gåvemidlar til diakonalt arbeid og til barne- og ungdomsarbeid på kr. 229.500.

Driftsrekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk på kr. 311.802. Meirforbruket frå reknskapsåret 2022 [redacted] årsåret 2023 på kr. 160.291 blir inndeckt av mindreforbruket i 2024.

Gåveinntekter til Ulstein nye kyrkje på kr. 342.000 og renteinntektene for innsamla midlar til Ulstein nye kyrkje på kr. 416.400 var det heller ikkje budsjettert med.




Bilete frå påskennatt. Du tenkte kanskje dette ikkje hadde noko med økonomi å gjere? Vel - Jesus tok rekninga... Foto: ???????

Gåver og innsamling	2021	2022	2023	2024	2025
Offer/kollekt I kyrkja	239 497	345 831	380 587	405 702	456 293
Kollekt til eiga verksemd	102 555	156 493	195 717	127 453	204 818
Offer til andre	136 942	189 338	184 870	278 249	251 475
Gjevarteneste Ulstein nye kyrkje	622 500	621 297	463 542	427 200	342 250
Tilskot/gåver frå andre	43 500	42 189	58 400	91 500	229 500
Fasteaksjonen – samla sum for innsamling	87 061	161 090	143 495	134 234	130 147
Kollekt, gåver og innsamlingar totalt	992 558	1 188 767	1 046 024	1 058 636	1 158 190



Gåver og innsamlingar Ulstein sokn



Driftsrekneskap	Rekneskap 2024	Rev.budsjett 2024	Rekneskap 2023
INNETEKTER			
1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leieinntekter			
2 Sal av driftsmidler/fast eiendom			
3 Refusjonar/overføringer			
4 Kalk. inntekt ved komm.avtale			
5 Statlege tilskot			
6 Tilskot frå rettssubjektet DNK			
7 Rammeoverføring/tilskot frå eig. kommune			
8 Tilskot frå soknet sine organ			
9 Andre tilskot, gaver, innsamla m			
10 Sum driftsinntekter			
UTGIFTER			
11 Løn og sosiale utgifter			
12 Kjøp av varer og tenestar			
13 Refusjonar/overføringer			
14 Kalk. utg. ved komm.ytingsavta			
15 Tilskot og gaver			
16 Sum driftsutgifter:			
17 Brutto driftsresultat:			
18 Renteinntekter og utbyte			
19 Mottekne avdrag på utlån			
20 Renteutgifter og låneomkostn.			
21 Avdrag på lån			
22 Utlån, kjøp av aksje, andelar o.l			
23 Netto finansinntekter/-utgift			
24 Avskrivningar			
25 Motpost avskrivningar			
26 Netto driftsresultat			
Interne finansieringstransaksjonar			
27 Bruk av udisponert frå tidl. år			
28 Bruk av disposisjonsfond			
29 Bruk av bundne fond			

Driftsrekneskap	Rekneskap 2024	Rev.budsjett 2024	Rekneskap 2023
30 Sum bruk av avsetningar	54 250	220 052	707 706
31 Avsett til dekning frå tidlegare år			
32 Avsett til disposisjonsfond			
33 Avsett til bundne fond			
34 Overført til investeringsregnskap			
35 Sum avsetningar			
36 MEIRFORBRUK (-) / MINDREFORBRUK (+)			
Balansar			
EIGEDELAR A-Anleggsmidlar			
Faste eigedomar og anlegg			
Utstyr, maskinar og transportmidla			
Utlån			
Aksjar og andelar			
B - Omløpsmidlar Kortsiktige fordr			
Obligasjonar			
Kasse, bankinnskot			
C - SUM EIGEDELAR			
D - EIGENKAPITAL			
Disposisjonsfond			
Bundne driftsfond			
Ubundne investeringsfond			
Bundne investeringsfond			
Reknskapsmessig mindreforbruk			
Reknskapsmessig merforbruk			
Udekka i investeringsregnskapet			
Kapitalkonto			
E - GJELD: Ihendehaverobligasj			
Sertifikatlån			
Andre lån			
F - Korsiktig gjeld Kassekredittlånt			
Anna kortsiktig gjeld			
G: SUM EIGENKAPITAL OG GJELD			
Memoriakonti: Ubrukte lånemidlar			
Motkonto for memoriakonti			

INFORMASJON OG KONTAKT

Opa kyrkje

Ulstein kyrkje er opa for besøk tysdag til fredag mellom kl 08.00 og 16.00. Plassert midt i sentrum av Ulsteinvik er kyrkja eit godt besøkt lokale også utanom arrangement.

Publisering

Å ha gode kanalar for å nå ut til mange er viktig for ei folkekyrkje med 6700 medlemmar. Med kyrkjesida i Vi-kebladet Vestposten når vi fram til mange husstandar gjennom papiravisa. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar, veke i samarbeid med Hareid kyrkje, der vi informerer om aktivitetane våre. Glastavla ved inngongen til kyrkja syner aktuelle plakatar, og ein finn brosjyre materiell både i våpenhuset og ved turistinformasjonen på Ulstein Arena.

Heimesida til Ulstein sokn og portalen www.skjerikirken.no er ei viktig kjelde for informasjon om kyrkjelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid. Mange melder til dåp, konfirmasjonsundervisning eller trusopplæringstiltak gjennom www.ulsteinkyrkje.no

For promotering av arrangement nyttar vi Facebook og andre sosiale media. Gudstenester vert overført via ei lukka linje til TV-apparat i institusjonane for dei eldre.

Kontakt med Ulstein kommune


Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunal representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd, og gir oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Det er eit godt samarbeidsklima med kommunadministrasjonen. Gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert tenester for rekneskap og løn, levering av telefonsystem og internettlinja, men også praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden


Kontakten med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leier prestetenesta i prostiet. Saman med kyrkjeveverjene inviterer prosten til ein årleg prostidag for alle tilsette i prostiet, og prosten deltek på samlingar med stab og sokneråd.

Kontakt med Møre Bispedømeråd

Dei fagtilsette tek del på årlege samlingar med biskopen og rådgjevarane frå bispekontoret. Biskopen godkjenner endringar i kyrkjebygget og har tilsyn med soknerådet sine planar for kyrkjeleg arbeid. På vegne av Kirkerådet tildeler og administrerer Møre bispedøme tilskot for diakonar, kateketar og kyrkjeleg undervisning, Tilskotet er ein føresetnad for å kunne drive eit mangfaldig og kompetent arbeid i diakoni og kyrkjeleg undervisning.





Den Norske Kyrkje
Ulstein sokn
Kyrjekontoret
Sjøgata 61 (Pb. 143)
6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 17 680

E-post:
Facebook:
Nettside:
Ulstein nye kyrkje:



DEN NORSKE KYRKJA
Ulstein sokn

SAMAN PÅ FERDA...

post.ulstein@kyrkja.no
Ulstein kyrkje
www.ulsteinkyrkje.no
www.ulsteinnyekyrkje.no

S-SAK 2026/06 Endring møtedatoar for Ulstein sokneråd våren 2026

UTGREIING

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd har i sitt møte 26.11.2025 i sak S-2025/36 vedtatt følgjande møteplan:

07. januar, saman med stab
11. februar
11. mars
25.mars (årsmøte – alternativ dato: 12. april)
29. april
27. mai

På grunn av avtaler i semesterplan og arbeidsplan til enkelte sentrale tilsette har AU drøfta endring av to datoar og ønskjer også å sette inn den første datoen etter sommarferien. AU foreslår følgjande møteplan

07. januar, saman med stab
11. februar
11. mars
24.mars (torsdag) årsmøte – alternativ dato: 12. april
29. april
04. juni
02. september

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak